



# Høgskulen på Vestlandet

## MBUL550: Masteroppgave

MBUL550

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	02-05-2018 10:38	<b>Termin:</b>	2018 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	15-05-2018 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave	<b>Studiepoeng:</b>	60
<b>SIS-kode:</b>	203 MBUL550 1 MA 2018 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	Nina Goga		

### Deltaker

**Kandidatnr.:** 307

### Informasjon fra deltaker

**Tro- og loverklæring \*:** Ja

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

# MASTEROPPGÅVE

Mellom Grandis og granola. Mat som sosial markør i litterære framstillingar av familie – eit djupdykk i fire skandinaviske barnebøker

Between Frozen Pizza and Granola. Food as a Social Signifier in Literary Family Portraits – A Close Reading of Four Scandinavian Children's Books

**Ragnhild Rieber-Mohn**

Master i barne- og ungdomslitteratur  
Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking  
Rettleiar: Kristel Zilmer  
Innleveringsdato: 15.05.2018

## **Føreord**

Tusen takk til Kristel Zilmer for nøyaktig, tolmodig og klok rettleiing. Takk til medstudentar, kollegaar, vener og familie for engasjement for prosjektet, oppmuntring og gode råd undervegs i skriveprosessen.

## **Abstract**

This thesis explores different motifs and interpretations of food as a social signifier in literary family portraits. The research material consists of four contemporary Scandinavian novels for children, all published between 2015 and 2017. Despite food studies being an emerging field of research, both within literary studies and in the humanities in general, there seems to be agreement amongst researchers and critics that food plays an important part in the arts as well as in society. I apply an intersectional approach consisting of social theories concerned with food and eating, gender and masculinity theory and literary theory. Together with previous research on food and family in children's literature, I use this approach to argue that conservative structures and a moralistic tone are still apparent in realistic children's literature of today. Within the literary universe in each book, alternate solutions to what is constructed as the norm are explored to a certain extent, but the main structure is that this ends up strengthening the norm, rather than expanding or subverting it. I draw upon masculinity schema theory to suggest that details connected to food and eating work as a form of metonymic configurations or intertextuality between the literary constructions of characters and settings and broader cultural images of social groups, gender norms and bodies. This highlights the contact surfaces and complex relationship between literature and society. I argue that literary representations are part of broader cultural representations, while at the same time drawing attention to the constructed nature of such images.

## **Samandrag**

Masteroppgåva undersøker forskjellige motiv og tolkingar knytt til mat som sosial markør i litterære framstillingar av familie. Materialet består av fire skandinaviske samtidsromanar for born, alle utgitt mellom 2015 og 2017. Trass i at matstudiar er eit forskingsområde i emning, både innan litteraturstudiar og i humaniora generelt, er det brei semje blant forskarar og kritikarar som har engasjert seg i temaet om at mat spelar ei viktig rolle i kunst og litteratur. Eg les materialet i lys av eit knippe teoriar frå samfunnsvitskap og humaniora som dreier seg om smak som sosial markør, kjønnsnormer og maskulinitetsideal. I tillegg støttar eg meg på teoretiske refleksjonar om forholdet mellom litteratur og samfunn og tidlegare forskning på mat og familie i barnelitteraturen. Til saman dannar desse teoriane eit interseksjonelt perspektiv, med bakgrunn i det samansette fokusområdet for analysen og den tverrfaglege karakteren til forskingsfeltet eg bevegar meg opp mot. Gjennom å undersøkje kva som vert framstilt som markert og umarkert på kosthalds- og måltidsområdet, argumenterer eg for at konservative strukturar framleis er aktive i moderne, realistisk barnelitteratur når det gjeld

normer og ideal for familien. Dei litterære framstillingane er prega av ein viss grad av mangfald og refleksjon, men hovudtendensen peikar mot at ”det markerte” stadfestar ein normal, heller enn å utvide han. Detaljar knytt til mat og eting ser ut til å fungere som ei form for metonym for større bilete av sosiale grupper, kjønnsroller og omsorgsevne, og dei litterære framstillingane inngår slik i intertekstuelle samband med kulturelle førestillingar og konstruksjonar i samfunnet utanfor litteraturen. Dette set søkjelys på det komplekse samspelet mellom litteratur og samfunn og nokre av kontaktflatene dei imellom.

# Innhold

A. Innleiing.....	3
Bakgrunn for problemstilling.....	3
Avgrensing, presentasjon av problemstilling og sentrale omgrep .....	5
Fokusområde og forskings spørsmål.....	7
Val av teori med grunngjeving.....	8
Val av materiale med grunngjeving .....	10
B. Teoretiske perspektiv.....	13
Innleiing .....	13
Litteratur og samfunn .....	14
Smak som sosial markør .....	18
Mat som barnelitterært motiv .....	20
Kjønnsperformativitet og maskulinitetsideal .....	23
Framgangsmåte: nærlesing og litterær analyse .....	26
C. Presentasjon av materialet .....	29
<i>Anton og andre uhell</i> (Skretting, 2016).....	29
<i>Billie: Avgång 9.42 till nya livet</i> (Kadefors, 2016).....	30
<i>Hest, hest, tiger, tiger</i> (Neerlin, 2015) .....	32
<i>Ollis</i> (Thon, 2017) .....	33
D. Analyse.....	35
1. Kosthald og sosioøkonomisk status .....	35
Ferdigpizza og brus hjå pappa og far .....	36
Enkel kvardagskost og danske bakarvarer .....	38
Take-away som uttrykk for kulturell openheit og overvekt som klasse markør.....	40
Nødvendig sunnheitsideal .....	43
<i>Ollis</i> .....	45
2. Forsørgjarrolla og maskulinitetsideal.....	46
<i>Anton og andre uhell</i> – Åleinefar på skeiva.....	46
<i>Billie</i> – ”The bad mother” og den heteronormative kjernefamilien .....	53
<i>Hest, hest, tiger, tiger</i> – Bøllete helgepappa og arbeidarmor.....	58
<i>Ollis</i> – Postkortpappa versus mjuk stefar .....	64

3. Måltidsfellesskapen .....	73
Forsoning og samhold i <i>Ollis</i> .....	73
Anton og draumen om kanelbollar .....	76
Frå fri oppseding til strenge rutinar – kontrast og tvisyn i <i>Billie</i> .....	79
<i>Hest, hest, tiger, tiger</i> – Lolita-motiv og styrkte familieband .....	83
4. Implisitt forfattar og tekstens norm .....	87
”Er man ikke litt feil når man er annerledes?” .....	90
E. Oppsummering og drøfting av funn .....	93
F. Litteratur .....	99
Vedlegg 1 .....	102

”Da jeg kom hjem ved halvfemtiden, sad mor og Mikala i sofaen og så Matador med hovederne lænet op ad hinanden. Mor havde taget fri i anledning af Mikalas årsdag. De havde sandsynligvis siddet der hele dagen. Der lå i hvert fald fire tomme poser kanelgifler foran dem på bordet, og luften var tyk av røg.”

*Hest, hest, tiger, tiger, s. 125.*

## A. Innleiing

### Bakgrunn for problemstilling

Til forskjell frå menneske av kjøt og blod treng ikkje litterære karakterar mat for å overleve. Likevel er skildringar av mat og måltid eit vanleg innslag i skjønnlitteratur både for vaksne, ungdommar og born. Det kan naturlegvis hengje saman med eit ønske om å skape realistiske karakterar og miljø. Vanlege oppfatningar og generelle tendensar knytt til matvanar i samfunnet vil kunne vere sentrale ingrediensar i samband med dette. Den norske handlingsplanen for betre kosthald i perioden 2017-2021 gjev oss eit godt oversyn over aktuelle samfunnsforhold. Det overordna målet synleggjer ei rekkje variablar som ein går ut frå verkar inn på matvanane: ”Et sunt og variert kosthold i hele befolkningen uavhengig av *kjønn, alder, geografi, sosioøkonomisk status, kulturell bakgrunn, funksjonsevne, religion og livssyn*” (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 8, mi utheving). Ein går også ut frå ei oppfatning av at fellesskap rundt måltidet er viktig for trivsel, meistring og tilhørsle (s. 18).

Handlingsplanen understrekar at det er store sosiale forskjellar i kosthaldet i Noreg. Kvinner har for eksempel eit sunnare kosthald enn menn. Vidare har innbyggjarar med høg utdanning sunnare matvanar enn innbyggjarar med låg utdanning. At det ikkje berre dreier seg om nasjonale utfordringar vert tydeleg gjennom den fellesnordiske handlingsplanen ”Et bedre liv gjennom kost og motion” (Nordisk ministerråd, 2012). Også her er dei sosiale forskjellane framheva, mellom anna som eitt av fire hovudproblemområde (s. 7), og gjennom følgjande formulering:

I bestræbelserne for at skabe et miljø, der understøtter individets valg af sund livsstil vil de nordiske lande i særlig grad være opmærksomme på de socialt udsatte grupper i samfundet, der har de dårligste forudsætninger for at træffe sunde valg. (S. 14.)



Samtidig som ein individuell valfridom på kosthaldsområdet vert skissert, viser sitatet at det finst ei norm – ein skal velje det sunne. Sosialt utsette grupper vert slik definerte som normbrytarar.

Vi treng ikkje lese lenge før vi møter noko som kan minne om ekko av dei ovannemnde samfunnstendensane i ny, skandinavisk barnelitteratur. Eit eksempel er når mor til Honey, hovudpersonen i *Hest, hest, tiger, tiger* (Neerlin, 2015), får telefon frå skulen etter at dottera for femte dag på rad har hatt med kanelgiflar i matpakken. At familien bur på Nørrebro, eit område i København med ei samansett befolkning og høg fattigdom samanlikna med andre bydelar, passar også inn i mønsteret. Både i *Anton* (Skretting, 2016) og *Ollis* (Thon, 2017) ser bollar derimot ut til å vere eit teikn på ein familie eller forsørgjarperson med god omsorgsevne. Det er verdt å merke seg at det i desse tilfella handlar om heimebaka bollar, i motsetnad til kjøpebollane frå det første eksempelet. I *Billie: Avgång 9.42 till nya livet* (Kadefors, 2016) er kosthald og måltidsrutinar eit hovudelement i kontrasten som vert teikna opp mellom det gamle livet med ei fysisk og psykisk sjuk og dessutan overvektig mor på trygd i ei blokkleilegheit i Stockholm, og den nye kvardagen hjå ein tilsynelatande velfungerande og sunn familie på ein liten stad eit godt stykke utanfor byen. Dette er berre nokre få eksempel.

Matmotivet kan også sende andre signal enn sosial bakgrunn. Situasjonar med mat og eting kan for eksempel ha seksuelle undertonar, som i *Hest, hest, tiger, tiger* (Neerlin, 2015), der Honey i hemmelegheit kjøper krembolle på konditori som ho tar med seg på besøk til ein ukjent, eldre mann. Assosiasjonane til seksualitet vert tydelegare når han kallar henne for ”my candy girl”. Den gamle mannen er ingen overgripar, men vi kan seie at forfattaren leikar med frykta vår gjennom å presentere oss for denne situasjonen. I *Ollis* (Thon, 2017) finn vi ein intertekstuell referanse til eventyret om Hans og Grethe, noko som kan få oss til å tenkje på både den vonde stemora og heksa, som høvesvis held tilbake og lokkar med mat. I begge desse situasjonane handlar borna på eiga hand. Ollis bryt medvite grensene som mor hennar har sett når ho oppdagar huset i skogen, og Honey tar bussen til ein ukjent stad utan at nokon veit om det. Vel framme tar dei imot mat frå framande vaksenpersonar. Å dele mat er ei sosial handling, som signaliserer ein fellesskap. Trass i at dette ordet oftast har positive konnotasjonar, kan fellesskapar også vere farlege.

Når ein les desse fire barneromanane, er det dessutan påfallande korleis særleg fedrane vert framstilt som nærast hjelpelause og i stor grad inkompetente når det gjeld å ta vare på ungane sine, for eksempel gjennom å vaske klede og lage mat. Dette er likevel ikkje heile biletet, for vi finn også eksempel på farskarakterar som stiller opp på andre måtar, og vi finn mødrer som av forskjellige grunnar heller ikkje yter den omsorga som vert forventa av dei. I alle dei nemnde eksempela ligg det i tillegg ein maktdimensjon. Det kan handle om ujamn fordeling av makt, som i relasjonen mellom den vaksne forsørgjaren og barnet. Barnet har på si side høve til å nekte å ta imot maten – eller dei kan leggje ut på farefulle oppdagingsferder og dele mat med framande. Når skildringar av kosthald vert kopla til sosioøkonomiske hierarki, eller sett i samanheng med fysisk og mental helse og omsorgsevne, dreier makta seg om det å framstille ulike grupper av menneske og til ein viss grad styre lesaren si oppfatning av og innstilling til karakterane.

### **Avgrensing, presentasjon av problemstilling og sentrale omgrep**

Som vi no har sett er mat som barnelitterært motiv eit mangfaldig område som opnar for ulike innfallsvinklar og analyseperspektiv. Både konflikten mellom norma om sunnheit og fridom til å velje og sosiale forskjellar i kosthald er interessante moment å undersøkje i litterære framstillingar av mat. Det geld også for skildringa av måltidsfellesskapen. Kva tyder det når karakterar et saman, eller når dei ikkje gjer det? Er det ein samanheng mellom omsorgsevne og matvanar i dei litterære framstillingane? Kva rolle har sosioøkonomisk status i dette biletet? Det er nødvendig å avgrense fokuset for oppgåva, og eg ønskjer å konsentrere meg om mat som sosial markør i framstillinga av familie. Både sosial og kulturell bakgrunn, kjønnsroller, seksualitet og forholdet mellom born og vaksne kjem til uttrykk på ulike måtar i familien – og alt dette ser ut til å kunne koplast til matmotivet.

At det er mykje som spelar inn og samtidig mykje som står på spel gjer temaet både interessant og viktig. Det er dessutan ikkje så mange som har retta merksemda mot mat i barnelitteraturen tidlegare, følgeleg heller ikkje kva matmotivet kan vise seg å signalisere i samband med skildringar av barnelitterære familiar. Igjen er det behov for avgrensing. Eg vil her bruke omgrepet *sosial markør* som ei samlenemning for forhold som handlar om fellesskap, kjønnsroller og sosioøkonomisk status. Dette går inn under den første delen av omgrepet. Med markør siktar eg til at skildringar av matvanar og måltid ser ut til å uttrykkje noko om desse områda og slik kan tenkjast å fungere som ei markering av

kjønnsrollemønsteret til foreldrekarakterane og dei barnelitterære familiene sin status og tilstand.

Overflata av tekstane, kva detaljane fortel oss om karakterane og miljøet, er eitt nivå av temaet. Eit anna er kva verdiar og haldningar som vert formidla gjennom framstillinga, slik det kjem til syne gjennom relasjonane mellom karakterane og posisjonen deira i det litterære universet. Dette kan både knytast til den implisitte forfattaren (Wall, 1991) og til dei litterære framstillingane som delar av større, kulturelle representasjonar av karakterar og miljø. Då er vi inne på eit tredje, meir overordna nivå som handlar om forholdet mellom litteraturen og samfunnet. Dei to første vil verte direkte behandla i analysen, medan det siste nivået inngår i det litteraturteoretiske fundamentet for oppgåva og høyrer til det store biletet meir enn sjølve problemstillinga. At det er ein samheng mellom desse to områda er likevel ein viktig premis for prosjektet og vil verte trekt inn i den avsluttande drøftinga. Målet er ikkje å seie kva litteraturen skal eller bør gjere, eller kva som har vore forfattaren sin intensjon, men å forsøke å klargjere korleis samfunnet kan kome til uttrykk i litteraturen.

Eg har kome fram til følgjande problemstilling: *Kva kommuniserer skildringane av matvanar og måltid om familie, kjønnsroller og sosioøkonomisk status i fire skandinaviske barnebøker utgitt mellom 2015 og 2017? Med familie meiner eg her karakterar som har, har hatt eller er i ferd med å gå inn i ei form for familierelasjon med kvarandre, for eksempel gjennom slektsband, sambuarskap eller ekteskap med mine, dine og våre born, eller gjennom fosterheim, og tilhøyrande søskenforhold. Når det gjeld kjønnsroller, meiner eg ulike kvinne- og mansroller og sentrale forventningar og ideal som er knytt til dei to kjønna. Som det vert antyda av inkluderinga av kjønnsroller under omgrepet sosial markør i avsnittet over, forstår eg kjønnsroller som sosialt konstruerte og dermed foranderlege storleikar. I fleirtalsforma ”kvinne- og mansroller” ligg også ein kritikk av tanken om ein binær opposisjon mellom mannen på den eine sida og kvinna på den andre. Tvert i mot finst det fleire ulike måtar å vere menn og kvinner på, noko vi skal kome tilbake til i gjennomgangen av det teoretiske fundamentet for oppgåva. Fokuset vil her liggje på vaksenkarakterane som har eit forsørgjaransvar, men det er også relevant å trekkje inn korleis dei samhandlar med barnekarakterane og andre karakterar i dei litterære universa. Ingen eksisterer i eit vakuum, og forventningar og haldningar kjem gjerne først fram i samspel med andre. På bakgrunn av den tidlegare nemnde observasjonen knytt til farskarakterane, vil eg i analysen av kjønnsroller rette særleg merksemd mot dei.*

Omgrepet *sosioøkonomisk status* omfattar både sosiale og økonomiske forhold. Her vil eg nytte omgrepet i tydnaden klasse, og kople det til teori om smak og klassetilhøyrse. Det har lenge vore ei utbreidd oppfatning at dei skandinaviske landa er homogene og egalitære samfunn, men det er grunn til å nyansere og oppdatere dette biletet. Ein finn tydelege økonomiske og kulturelle forskjellar mellom grupper av menneske i både Noreg, Sverige og Danmark, og det er derfor relevant å inkludere sosial stilling i analysen av moderne barnelitteratur frå dei tre landa. Å slå fast kva dei ulike litterære familiane har i inntekt er verken mogleg eller føremålstenleg, men vi kan danne oss eit inntrykk av levestandard og livsstil gjennom å analysere detaljar knytt til ytre kjenneteikn som område, bustadforhold, yrke og eksplisitte kommentarar rundt økonomiske forhold. Som nemnt innleiingsvis kan sosiale forskjellar også kome til uttrykk gjennom kosthaldsmønsteret. For å unngå sirkelargumentasjon er det likevel viktig å ikkje bruke matvanar som den einaste indikatoren på den sosioøkonomiske statusen til ein familie. Denne forholdsregelen gjer det lettare å unngå å "låse" lesinga av karakterar og sosiale grupper. Vi kan anta at det til ein viss grad dreier seg om flytande overgangar meir enn tydelege kategoriseringar. Slik held ein også auga opne for moglege nyansar og variasjonar mellom generelle tendensar i samfunnet og dei litterære framstillingane av dei aktuelle familiane.

### **Fokusområde og forskingsspørsmål**

Fokuset vil vere noko ulikt i dei forskjellige delane av analysen, sjølv om dei også grip inn i kvarandre. I ein del vil eg rette særleg merksemd mot smak, matvanar og klasse, i ein annan mot forsørgjarrolla og ulike maskulinitetsideal, i ein tredje måltidsfellesskapen og i ein fjerde og siste mot plasseringa av familiane i det litterære universet. For å kunne svare på problemstillinga har eg formulert fem mindre omfattande forskingsspørsmål:

- 1) Kva bilete vert gitt av kosthaldet til familiane?
- 2) Korleis er samspelet mellom vaksenkarakterane når det gjeld matvanar og måltidsrutinar?
- 3) Kva maskulinitetsideal ligg farskarakterane nærast?
- 4) Korleis vert måltidsfellesskapen framstilt?
- 5) Kva posisjon har dei forskjellige familiane og familiemedlemmane i dei litterære universa?

Det siste spørsmålet krev eit meir overordna perspektiv enn dei andre, noko som får følgjer for framgangsmåten som vil vere ein kombinasjon av nærlesing av utvalde scener og litterær analyse. Dette vil verte kommentert meir utfyllande i teorikapittelet, saman med ein presentasjon av relevante omgrep knytt til smak, kjønnsnormer og maskulinitetsideal.

### **Val av teori med grunngjeving**

Mat og måltid er som nemnt eit område det ikkje har vore forska så mykje på i tilknytning til barnelitteratur, noko som også vert understreka i *Critical Approaches to Food in Children's Literature* (Keeling & Pollard, 2009). Redaktørane omtalar kombinasjonen mat og litteratur – særskilt barnelitteratur – som eit ungt forskingsområde kjenneteikna av spreidde artiklar meir enn eit stort, samlande steg i ei ny retning (s. 9). På 2000-talet har det også vorte publisert nokre lengre bøker der mat er ein del av fokusområdet, for eksempel *From Mythic to Linear: Time in Children's Literature* (Nikolajeva, 2000). Nikolajeva undersøker her funksjonen til mat i kombinasjon med ritual og mytar, medan det er realisme og familierelasjonar som er interessefeltet mitt. Eg har derfor valt å ta utgangspunkt i Ann Alston (2008) som har undersøkt framstillinga av familie i engelsk barnelitteratur i eit historisk perspektiv. Analysane og observasjonane hennar i *Family in English Children's Literature* vil danne utgangspunktet for framstillinga av mat som eit barnelitterært motiv i teorikapittelet og fungere som eit samanlikningsgrunnlag for mitt eige arbeid med tolking og analyse.

I tråd med fokusområda for analysen vil eg lese materialet i lys av samfunnsorientert teori knytt til smak, matvanar, klasse og kjønn. Matstudiar er eit tverrfagleg område, der både samfunnsvitskaplege perspektiv og kjønnsperspektiv er vanlege innfallsvinklar i samband med analysar av mat som litterært motiv og kulturelt fenomen (Keeling & Pollard, 2009, s. 14). To sentrale teoretikarar med relevans for matstudiar er Roland Barthes (2008) og Pierre Bourdieu (2010). Barthes argumenterer for at vi bør oppfatte mat som eit språk og dermed noko vi kan tolke på andre måtar enn gjennom å vise til prisen på ei matvare. Det tar også Bourdieu utgangspunkt i når han utarbeider teoriane sine om smak, inkludert matvanar, som uttrykk for klassesilhøyrse. Desse teoretikarane tilbyr interessante forklaringsmodellar for sosiale forskjellar i kosthaldsmønster, og dei kan bidra til å setje diskusjonen rundt mat som barnelitterært perspektiv inn i ein større kontekst (jf. Keeling & Pollard, 2009, s. 12).

Fordi fokusområda for analysen omfattar fleire faktorar og samspelet mellom dei, er det relevant å bruke eit interseksjonelt perspektiv. Det vil seie at ein kombinerer ulike innfallsvinklar for å få ei betre forståing av korleis fleire faktorar verkar saman, både på eit strukturelt nivå og på individnivå. I akademia er interseksjonalitet særleg brukt innanfor samfunnsforskning og kjønnsforskning, og det er hovudsakleg knytt til studium av maktrelasjonar i kryssingspunkt mellom kategoriar som kjønn, seksualitet, etnisk og kulturell bakgrunn og klasse (Gullikstad, 2013). Desse kategoriane kan også utgjere interessante analysekriterium knytt til litteratur, og det er ikkje uvanleg å gjere litterære analysar av barnelitterære tekstar i eit kjønns-, klasse- eller fleirkulturelt perspektiv. Det svenske tidsskriftet *Opsis Barnkultur* sitt temanummer frå 2015 om klasse, kjønn og etnisitet kan nemnast som eit eksempel. Her finn vi litteraturvitskaplege artiklar om sosiale forskjellar i barnelitteraturen (Warnquist, 2015) og intervju med forfattarar som skriv om både kjønn, etnisitet og klasse (Myrén, 2015). Ein annan aktuell artikkel, publisert i det norske tidsskriftet *Barn*, er Odenbring (2015) si analyse av konstruksjonar av kjønn, seksualitet og klasse i ei av Pija Lindenbaum sine biletbøker.

Samtidig som framstillingar av familie, kjønn og klasse kan vere fruktbare undersøkingsområde i litterære analysar, er det viktig å vere medviten om at dette ikkje er fast definerte storleikar. Både innhaldet og uttrykket i omgrepa vil kunne forandre seg med tida og innanfor ulike kulturar eller kontekstar. Det gjeld også for assosiasjonar og konnotasjonar knytt til ulike matvarer og matvanar. Dessutan dreier det seg her om litterære framstillingar, som av karakter er noko anna enn samfunnet utanfor bøkene. Ein må såleis alltid ta atterhald om at tolkingar og funn kan ha avgrensa aktualitet, slik at ein ikkje sjølv bidrar til å sementere stad-, situasjons- og tidbundne oppfatningar eller gjer forenklande koplingar mellom verda i og utanfor bøkene. Ein framgangsmåte som kan motverke eit slikt utfall er å samtidig rette merksemda mot strukturane som skaper og opprettheld ulike uttrykksformer og uttrykka i seg sjølve. Dette er ein vanleg tilnæringsmåte i samband med eit interseksjonelt perspektiv (Gullikstad, 2013, s. 73). Det er også tilfellet hjå kjønnsteoretikaren Judith Butler (2004).

Butler (2004) forstår kjønn som performativt, det vil seie at kjønn er ei handling, eller gjentatte handlingar, meir enn ein tilstand. At ein ikkje er fri til å ”gjere kjønn” slik ein vil vert illustrert gjennom den heteroseksuelle matrisen. Dette er ein modell som mellom anna viser korleis oppfatninga av heteroseksualiteten som den normative seksualiteten fører med seg haldningar og forventningar knytt til kvinne- og mansrolla og sanksjonar mot dei som

fell utanfor kategoriane, eller på andre måtar ikkje lever opp til forventningane. Forståinga av kjønn som handling gjer teoriane til Butler godt eigna til ein litterær analyse av kjønnsroller, både når det gjeld forventningar knytt til kvinne- og mansrolla og karakterane sine reaksjonar på eventuelle brot med desse forventningane. Trass i konformitetspresset som heteronormen fører med seg, er det ulike måtar å ”gjere” kvinne- og mansrolla på. For å få ei meir nyansert forståing av farskarakterane sitt forhold til kosthald og måltidsrutinar vil eg trekkje inn maskulinitetsteorien til Connell, slik han vert tilpassa og brukt til analysere ungdomslitteratur av Rolf Romøren og John Stephens (2002). I undersøkinga si av representasjonar av maskulinitet i norsk og australsk ungdomslitteratur listar dei opp ei rad karaktertrekk knytt til to ulike maskulinitetsideal, ”hegemonic masculinity schema” (HMS) og ”new sensitive man schema” (SNMS), som eg vil kople til farskarakterane i materialet mitt.

I tillegg til teoristoff og tidlegare forskning innanfor temaet familie, matvanar og måltid i barnelitteraturen, er det nødvendig med teoretisk innsikt i og refleksjon rundt det spesifikke litterære og forholdet mellom litteraturen og samfunnet. Sjølv om vi kan kjenne att trekk ved samfunnet i litteraturen, kan vi likevel ikkje anta at det er eit ein-til-ein-forhold mellom desse to storleikane. Dette forholdet har tvert i mot vore gjenstand for mykje litteraturteoretisk tenking. Før vi bruker teoriar utarbeida for å analysere trekk ved samfunnet til å tolke og forstå litteratur, må vi altså forsøke å sirkle inn noko av det litteraturteorien seier om samanhengen mellom litteraturen og samfunnet. Eit sentralt bidrag på dette området kjem frå Wolfgang Iser (2006). Han er kjent for å ha utvikla lesarorientert litteraturteori, men interesserte seg også for forholdet mellom litteraturen og samfunnet meir generelt. Ifølgje Iser er det slik at vi finn att former og brokkar av strukturar frå den verkelegheita vi kjenner i litteraturen, men desse er kople frå den samanhengen dei vanlegvis er ein del av. Dette gjer at dei vert meir synlege for oss. Skjønnlitteratur er kunstig på den måten at det han skildrar ikkje har skjedd, men han kan likevel fortelje oss noko om korleis vi organiserer og tolkar omverda vår.

### **Val av materiale med grunngjeving**

Som det går fram av eksempela eg nemnde innleiingsvis, har eg valt fire bøker eg vil sjå nærare på i analysen. I utgangspunktet ønskte eg å undersøkje framstillinga av familie, kjønn og klasse i ny, realistisk barnelitteratur for aldersgruppa 9-13 år. Bakgrunnen for dette ønsket

var ei interesse for temaet som på den eine sida spring ut frå arbeid med litteratur, born og unge i skulen, og på den andre sida frå fleire møte med kjønnteori og eit mangfald av familierelasjonar gjennom tidlegare studium, organisasjonsarbeid og samtalar med vener og kollegaar. Ideen om å fokusere på matvanar dukka opp då eg las *Family in English Children's Literature* (Alston, 2008), og då eg byrja å lese materialet og såg at bøkene inneheldt påfallande mange skildringar av mat og måltid. Dette var såleis ikkje eit utvalskriterium i førstninga, men utpeikte seg som eit relevant og interessant område gjennom førebuinga til og utforminga av prosjektet. Som nemnt er det også eit område som ikkje har vore forska særleg mykje på i samband med barne- og ungdomslitteratur tidlegare, noko som i seg sjølv gjer det til eit spennande felt å underøskje.

Følgjande utvalskriterium vart lagt til grunn i det innleiande litteratursøket: Bøkene skulle frå forlaget si side vere mynta på aldersgruppa 9-12 eller 9-13 år, ha ein eller fleire familiar i sentrum av handlinga, ha handling frå notida, vere utgitt mellom 2015 og 2017 og ha norsk, svensk eller dansk som originalspråk. Nokon vil kanskje innvende at det hadde vore meir interessant å undersøkje familierelasjonar i bøker der familie ikkje var peika på som ein tydeleg del av handlinga eller temaet, det vil seie at ein på denne måten ville kunne finne ei meir umarkert framstilling av familie. ”Familie” er likevel eit nokså vidt omgrep, og dei aller fleste bøker for born og ungdommar inneheld beskrivingar av ei form for familierelasjon. Eg vil såleis hevde at kriteriet i praksis fungerte meir som ei nødvendig avgrensing enn som ei tydeleg styring av søket i ei bestemt retning. Av praktiske årsaker valde eg også å sjå bort frå serielitteratur, men to av bøkene er likevel unntak fordi dei no har fått kvar sin oppfølgjar.

Det endelege materialet utgjer følgjande fire titlar, her i alfabetisk rekkefølge: *Anton og andre uhell* (Skretting, 2016), *Billie: Avgång 9.42 till nya livet* (Kadefors, 2016), *Hest, hest, tiger, tiger* (Neerlin, 2015) og *Ollis* (Thon, 2017). Den svenske og den danske boka er omsette til norsk og var blant dei nye utgivingane for den aktuelle aldersgruppa i 2016 og 2017. Eg har likevel valt å lese dei på originalspråket og vil sitere frå desse utgåvene i analysen.

Det var i utgangspunktet eit poeng at bøkene skulle kunne samanliknast med kvarandre, derfor ville eg at dei skulle liggje nært kvarandre i sjanger, tema, målgruppe og utgivingsår. Samtidig kan bøkene stå som representantar for tre ulike land med ein viss grad av kulturell variasjon seg i mellom. Ei eller to bøker utgjer likevel eit svært tynt grunnlag for å seie noko



om tilhøva i litteraturen for den aktuelle aldersgruppa i landet som heilskap. Den same innvendinga kan reisast mot heile prosjektet. Eit mangefasettert og samtidig spissa fokus retta mot fire bøker vil ikkje danne grunnlag for å peike på generelle tendensar. Det er likevel interessant å undersøkje enkeltrepresentasjonar av for eksempel ein aleinefar med låg sosioøkonomisk status, eller ein familie der begge foreldra er opptatt av å gjere karriere. Slik er det mogleg å identifisere nokre typar som det går an å undersøkje mot eit større materiale ved eit seinare høve. Som konsentrerte og tolmodige lesingar har litterære djupdykk i enkeltbøker også ein verdi i seg sjøl, mellom anna fordi dette kan gi rom for ein større kompleksitet i analysen og opne for eit blikk for det store i det vesle.

”Böcker ska blänka som solar,  
och gnistra som tomtébloss.  
Medan vi läser böckerna  
läser böckerna oss.  
Kan böcker läsa människor?  
Det kan de förstås!  
Hur skulle de annars kunna veta allting om oss.”

Lennart Hellsing

## B. Teoretiske perspektiv

### Innleiing

Å undersøkje kryssingspunkt mellom familie, kjønn og klasse i situasjonar knytt til mat i barnelitteraturen både opnar opp og legg føringar for val av teori. Eg ønskjer å nytte ei interseksjonell tilnærming, noko som krev ein kombinasjon av teoretiske innfallsvinklar, fordi ei slik tilnærming er spesielt eigna til å vise korleis ulike strukturar verkar saman.

Tverrfaglegheit er også eit kjennemerke ved fleire av forskingsfelta oppgåva krinsar rundt. I dette kapitlet vil derfor eit knippe ulike teoriar verte presenterte og forsøkt sett i samanheng. Å bruke teoriar som er utvikla for å forklare trekk ved samfunnet til å analysere litterære framstillingar er ikkje noko nytt, men i Skandinavia har forholdet mellom litteratur og samfunn historisk og generelt sett i større grad vore del av ein akademisk tradisjon i Sverige og Danmark enn i Noreg. I innleingsartikkelen til *Edda* sitt temanummer om litteratur og samfunn etterlyser redaktør og litteraturvitar Jahn Holljen Thon meir samfunnsmessig engasjement og høgare ambisjonar på dette området både frå litteraturvitskapen generelt og norske litteraturvitarar spesielt: ”Mange vil hevde at litteraturen ofte kan gi en vel så god forståelse av samfunnet som samfunnsvitenskapene. Spørsmålet er om litteraturvitenskapen har matchet litteraturen på dette området?” (2005, s. 207). Dette er eit godt argument for å rette merksemda mot samfunnet i litteraturen.

Kapitlet startar med nokre litteraturteoretiske refleksjonar rundt forholdet mellom litteraturen og samfunnet. I tråd med problemstillinga vil eg deretter leggje fram to teoriar om smak og matvanar, etterfølgt av eit avsnitt om mat som barnelitterært motiv. Til slutt i

teoridelen kjem kjønns- og maskulinitetsteori, der kjønn vert forklart som performativt og relasjonelt. Dette er relevant for å få ei djupare forståing av kjønnsrollemønsteret og samhandlinga mellom karakterane i situasjonane eg skal analysere. Heilt sist i kapittelet kjem eit avsnitt om framgangsmåte med bakgrunn i materialet, problemstillinga og teoriane som vil verte presenterte her.

## **Litteratur og samfunn**

Kva er forholdet mellom kunsten og verkelegheita, mellom litteraturen og samfunnet? Dette er eit spørsmål med røter heilt tilbake til gresk oldtidsfilosofi og som det naturlegvis ikkje går an å gje eit fullstendig svar på her. Diskusjonen om kunsten sin mimesisfunksjon, altså kunst som ei etterlikning eller avspegling av verda, er eit av estetikken sine grunnproblem (Kittang, Linneberg, Melberg & Skei, 1993). Vi kan dessutan rokke ved ”kunst” og ”verkelegheit” som klårt åtskilte kategoriar. Kunsten er ein del av verkelegheita, både som fysiske objekt og som uttrykk for tolkingar og førestillingar. Samtidig er kunst noko anna, med ein eigen teknikk og estetikk. Ifølgje Adorno er det nettopp ”differensen mellom empirisk tilvære og kunst”, den ”estetiske differensen” som gjer at kunsten kan føre til erkjenning (1992, i Kittang et al., 1993, s. 161). Innanfor litteaturteorien har mellom anna ideologikritikken, nyhistorismen og feministisk litteraturteori vore opptatt av samfunnet i litteraturen (Kittang et al., 1993).

Denne typen ”indre litteratursosiologi” har mellom anna retta merksemd mot skildringar av kjønns- og klasseforhold i litterære tekstar (Smidt, Vold & Oterholm, 2013, s. 10). Eit anna eksempel på eit område der samfunnsmessige innfallsvinklar kan gje eit nytt syn på litteraturen er barnelitterære matstudiar (Keeling & Pollard, 2009). Det er imidlertid viktig å hugse på at analysematerialet er litterære tilarbeidingar, og at vi ikkje kan trekkje direkte parallellar mellom verda innanfor og utanfor bøkene.

Iser (2006) meiner likevel at litteratur kan vere ein veg inn til å forstå samfunnet utanfor bokpermane: ”literature makes inroads into social and cultural systems. It disrupts their structure and semantics by transplanting dislocated social and cultural fragments into the text” (s. 60). Gjennom å gjere meiningsskapande strukturar og system til gjenstand for observasjon i teksten viser litteraturen oss korleis vi tenkjer, korleis vi organiserer omverda og korleis gjeldande normer regulerer åtferda til ulike menneske. Dette er informasjon vi ikkje har tilgang til i det umiddelbare tilværet (s. 61-63). Vi kan trekkje ein parallell til teoretiske

forklaringsmodellar for sosial samhandling og identitetsskaping. Gjennom å abstrahere handlingane og bevegelsane våre, peikar dei på mønster og strukturar som elles ikkje er synlege for oss. Både kunst, litteratur og abstrakte teoriar kan såleis ha ein avautomatiserande og underleggjerande funksjon, samtidig som dei er ein kime til samfunnskritikk og (sjølv)erkjening (jf. Skjlovskij, 2003).

Litteraturen er også ein arena for representasjon. Vi kan seie at litterære framstillingar er litterære representasjonar. Sjølv om den skjønnlitterære teksten er fiksjon, bidrar han til å (gjen)skape og (om)forme den større konteksten han er ein del av. Når ein skal analysere representasjonar av eit fenomen, undersøker ein nettopp korleis dette opptrer eller vert framstilt i ein bestemt kontekst. Vi kan seie at ein representasjon er eit slags bilete. Ei kvar avbilding inneber eit visst perspektiv og eit visst utsnitt av heilskapen, noko som mellom anna kan resultere i stereotypiske framstillingar, overrepresentasjon, marginalisering, eller i verste fall usynleggjering av enkeltkaraktarar, grupper og miljø. Det er derfor nødvendig å rette eit kritisk blick både mot kven som vert representerte og korleis. Kjønnsforskarar og queerteoretikarar har vore sentrale bidragsytarar i utviklinga av metodar og analyseperspektiv for å setje fokus på manglande, misvisande, eller på andre måtar urettvis representasjon, og på representasjon som eit uttrykk for eit større system. Dette vil eg komme tilbake til i avsnitta om kjønnsteori seinare i kapitlet.

For å halde fram med å undersøkje koplinga mellom litteratur og samfunn på eit meir overordna nivå skal vi her først rette merksemda mot det Iser (2006) kallar *negation*, og deretter mot teksten si eiga vurdering av det han handlar om, noko vi med Gaasland (1999) kan kalle *tekstens norm*. Som nemnt innleiingsvis er dette ein viktig premiss å klargjere før vi zoomar inn på fokusområda for analysen og deretter på skjønnlitteraturen. Iser (2006) trekkjer vekslar på oppfatninga av at alle system og forklaringsmodellar har ein eller fleire manglar fordi dei prøver på noko som ikkje går an, nemleg å gje ei fullstendig forklaring på noko. Negation er ei nemning for å peike på det som fell utanfor, anten på grunn av premissar som ligg til grunn i utforminga av systemet eller fordi det ikkje vert omfatta eller omtalt. ”It is as if what is present in the text must be judged in the light of what is absent”, skriv Iser (s. 61). Dette er, som vi har sett, også eit sentralt poeng når det gjeld å beskrive og tolke representasjonar.

Det er ikkje så enkelt å definere negation, men det handlar om noko meir eller anna enn såkalla ”gaps” eller ”blanks” (på norsk gjerne kalla tomrom og ubestemtheiter) som lesaren sjølv kan fylle inn. Som nemnt innleiingsvis vert Iser sine teoriar oftast trekte inn når lesaren si meiningsskaping er i fokus (jf. Kittang et al., 1993 og Thon, 2005, s. 208-209). Medan tomroma ifølgje Iser er tekstinterne, går negations ut over sjølve teksten: ”Blanks indicate connections to be established; negations indicate a motivation for what has been nullified” (2006, s. 66). Denne motivasjonen skal ikkje forståast som ei medviten utelating, noko som vert understreka med å beskrive negations som ”the nonformulation of the not-yet-comprehended” (s. 67). Det dreier seg altså om ein uuttalt, underliggjande struktur. Fordi den skjønnlitterære teksten er fiksjon, og fordi han for å framstille noko som ikkje har skjedd er ”nøydd til” å bruke kjente former og strukturar, får vi den effekten at element frå den verkelegheita vi kjenner vert plukka frå kvarandre, sett saman på nytt og ”stoppa ut” i litteraturen. Iser inkluderer både denne prosessen og resultatet av han i negation-omgrepet. Det sentrale i denne samanhengen er først og fremst støtta som teorien gjev til at litteraturen på sin særleine måte viser oss korleis vi tenkjer, og at det derfor er aktuelt å undersøkje litterære representasjonar som eit uttrykk for trekk ved samfunnet, samtidig som vi må ha eit blick for det som vert utelate.

For å knyte dette meir konkret til barnelitteraturen og til prosjektet mitt kan vi bruke mor til Billie (Kadefors, 2016) som eksempel. Fleire stader i boka vert det gjort eit poeng av overvekta hennar, medan dei andre karakterane ikkje vert utsette for det same kroppsfokuset. Ho er også den einaste sentrale karakteren vi ikkje får vite namnet til. Ho er ”berre” mamma, ei rolle ho ikkje greier å fylle. Den grenselaus kroppen hennar vert ikkje eit bilete på grenselaus omsorg, men på omsorgssvikt. Ho er ikkje i stand til å setje grenser, korkje for seg sjølv eller dottera. Gjennom å undersøkje kritisk kva fysiske karaktertrekk som vert framheva, kva som ikkje vert nemnt fordi det vert tatt for gitt og kva som ikkje vert nemnt fordi det ikkje er med, kan vi danne oss eit bilete av den ”normale” barnelitterære kroppen. Dette kan igjen seie oss noko om kva vi oppfattar som akseptabelt og normalt og kva vi oppfattar som utanfor norma i måten vi tenkjer om kroppar i samfunnet generelt.

Ein annan instans i det komplekse samspelet mellom litteraturen og samfunnet, og eit sentralt ledd i narrativ analyse, er teksten si innstilling til det han handlar om, til dei emna han eksplisitt eller implisitt tar opp. Gaasland (1999) kallar dette tekstens norm, ei nemning som igjen hjelper oss til å hugse på at det ikkje er nok å konsentrere seg om det som vert framstilt,

men også korleis. Barnelitteraturen er dessutan kjent for å ha ei didaktisk, oppdragande side (Mjør, 2012), noko som gjer det særleg interessant å undersøkje kven som har eller vert gitt definisjonsmakt, kven som er representerte og korleis og kva og kven sine normer og ideal som vert framheva. Dei ”oss” som bøkene kan ”veta allt” om i Hellsing-diktet som er sitert øvst i teorikapittelet, er i barnelitteraturen såleis like mykje den vaksne oppsendarstemma som lesaren.

Som eit ledd i diskusjonen om barnelitteraturens eigenart, om det finst noko spesifikt barnelitterært og kva dette i tilfelle går ut på, har Wall (1991) bidratt med å løfte fram omgrepsparet *implisitt forfattar* og *implisitt lesar*. Utgangspunktet til Wall er at vaksne uttrykkjer seg annleis når dei er klare over at dei snakkar til eit barn, også når mediet for kommunikasjonen er skjønnlitteratur (s. 2). Medan det innanfor litteraturviskapen generelt i seinare tid har vore vanleg å konsentrere seg om teksten i seg sjølv, uavhengig av forfattar og lesar, har forholdet mellom desse to instansane stadig vorte problematisert innanfor barnelitteraturforskinga (Bache-Wiig & Linhart, 2012, s. 194). I gjengivinga si av Wall kallar Bache-Wiig & Linhart den implisitte forfattaren for *implisitt forteljar* (202, s. 195). Det er først og fremst denne nyanseringa av forteljarinstansen, i tillegg til skiljet mellom den faktiske forfattaren og det eller dei perspektiva som kjem til uttrykk i den litterære framstillinga som er interessant i samanheng med prosjektet mitt.

Wall definerer den implisitte forfattaren på følgjande måte: ”the all-informing authorial presence, the ’face behind the page’, the idea of the author that is carried away by the real reader from his or her reading of the book” (1991, s. 6). Det er den implisitte forfattaren som styrer kva normer og verdiar boka uttrykkjer og som målber eventuelle tilpassingar til ein barnelesar. Den implisitte forfattaren er som nemnt ein annan instans enn forteljaren, men forteljaren si stemme er likevel farga og styrt av den implisitte forfattaren. Det er derfor nødvendig å ta i betraktning både forteljarperspektivet og posisjonen til den implisitte forfattaren i analysen. Forskingsspørsmålet som handlar om familiane sin sosiale posisjon i det litterære universet heng tett saman med den implisitte forfattaren sin posisjon. Korleis ein skildrar og vurderer andre vil vere avhengig av kva perspektiv ein sjølv har, og ståstaden til den implisitte forfattaren vil såleis prege heile framstillinga. Samtidig må vi ha i mente at ein skjønnlitterær forfattar har stor fridom, og det er ikkje gitt at forteljestrukturen i barnelitterære tekstar er enkel og gjennomsiiktig (Bache-Wiig & Linhart, 2012, s. 196). Også barnelitteratur kan vere ambivalent og tvtydig og nytte seg av litterære verkemiddel som ironi og

overdrivingar. Dette er også noko vi må ta med i betraktninga i analysen av litterære representasjonar.

Eit vidare særtrekk ved barnelitteratur er at mange av bøkene består av både tekst og bilete. Det gjeld også ei av bøkene i materialet mitt. *Ollis* (Thon, 2017) vert fortalt gjennom både illustrasjonar og tekst. Hallberg (1982) kallar heilskapen som bileta og teksten til saman uttrykkjer for *ikonoteksten*. Omgrepet er ifølgje Hallberg tenkt som ein teori og ein reiskap for å analysere og tolke biletbøker, men det kan også nyttast i samband med illustrerte bøker (s. 165). I denne samanhengen er omgrepet ei viktig påminning om at vi ikkje kan sjå bort frå anten illustrasjonane eller teksten, men må lese dei som den heilskapen dei er, og med eit medvit om at dei kan utfylle kvarandre, ha forskjellige konnotasjonar, motseie kvarandre eller verke saman på andre måtar. Også her ligg eit potensiale for tvitydigheit, ambivalens og leik med representasjonar.

Mot det litteraturvitskaplege bakteppet som er skissert i denne delen av kapittelet, vil dei meir emnespesifikke teoriane no verte presenterte og diskuterte.

### **Smak som sosial markør**

”[W]hat is food?”, spør Barthes (2008, s. 21). Han argumenterer for at vi bør utvide oppfatninga vår og sjå på mat som eit eige språk: ”a system of communication, a body of images, a protocol of usages, situations, and behaviour” (s. 21). Matvarer og matvanar er ikkje berre interessante som empiriske data til bruk i kosthaldsstatistikkar eller ernæringsprogram, dei har også ein semantisk funksjon. Kva vi et, kva vi likar og korleis vi lagar til maten seier noko om det sosiale miljøet vårt. Mat har såleis ein dobbel verdi, som både næring og sosial markør (s. 23-25). Barthes koplar mat, smak og matvanar til klasse, kjønn, tradisjon og makt og understrekar at det berre i svært få tilfelle handlar om prisen til ei matvare. Det sentrale er dei preferansane, vala og verdiane som vert knytt til ulike matvarer og måtar å lage mat på. Nettopp forståinga av mat som språk og som sosial markør gjer Barthes til ein relevant referanse i arbeidet med litterære analysar av mat.

Følgjande interessante observasjon tener som ei oppsummering av Barthes (2008) sitt essay og eit godt argument for eit interseksjonelt perspektiv: “[...] *food has a constant tendency to transform itself into situation*” (s. 26, forfattar si utheving). Vi har allereie sett fleire eksempel

på matskildringar i innleiingskapittelet, der det ser ut som matmotivet har ein tydnad utover å vere ein detalj i karakter- og miljøskildringa. At mat skaper situasjon er såleis ei treffande beskriving og eit kjenneteikn ved fleire av scenene frå materialet som vil verte trekte fram og undersøkte i analysedelen av oppgåva.

Bourdieu (2010) er også opptatt av koplinga mellom sosial klasse og smak. Som Barthes (2008) skriv han med utgangspunkt i det franske samfunnet på 60-talet, men fleire av teoriene og eksempela deira er framleis aktuelle. Bourdieu (2010) viser korleis økonomiske, sosiale og kulturelle klassesynamikkar verkar saman i moderne samfunn. Eit sentralt omgrep er *habitus*. Habitus står både for eit system på samfunnsnivå og for individuell smak, livsstil og livsvilkår som eit resultat, ei internalisering, av dette systemet. Korleis vi skil mellom pent og stygt, godt og dårleg, nødvendig og unødvendig er med på å markere tilhøyrse til ei klasse og avstand frå andre. Dette omfattar både kunst og kultur, utsjånad, antrekk, innreiing, språkbruk og matvanar osb. Sosial identitet vert definert og styrkt gjennom forskjell (s. 167-169). Både sosiale hierarki, reproduksjon av sosiale forskjellar og sosial mobilitet vert forstått og forklart ut frå habitus, kombinert med ulike former for kapital. Då det er smak og livsstil som er det mest sentrale i denne samanhengen, skal vi konsentrere oss om dette. Det kan likevel nemnast at Bourdieu, til liks med Barthes, held fast på at det i utgangspunktet ikkje er økonomi som er styrande for smaken vår (s. 171).

Det som gjev teoriene aktualitet i dag, er at det kan sjå ut som om prinsippa og systema for organisering av smak og livsstil er dei same, sjølv om innhald og uttrykk kan variere over tid og landegrensar (Bourdieu, 2010, Sato, Gittelsohn, Unsain, Roble & Scagliusi, 2015). Dette gjeld som nemnt habitus som overordna prinsipp, men også meir konkrete smaksuttrykk. Bourdieu (2010) skil mellom det han kallar ein *nødvendighetssmak* ("the taste of necessity"), som han koplar til arbeidarklassen, og ein *fridomssmak* ("the taste of liberty"), som han koplar til høgare sosiale klassar. Smak handlar her ikkje om den fysiske smaken av maten i munnen, men om form og substans, kvantitet og kvalitet. Ifølgje Bourdieu dreier det seg om klart åtskilte smakar. Nødvendighetssmaken er kjenneteikna av ei vektlegging av funksjon framfor form, og dei som høyrer til arbeidarklassen set såleis pris på "the most 'filling' and most economical foods" (s. xxix). Fridomssmaken er derimot kjenneteikna av ei vektlegging av form, av tillaging og presentasjon. Grunnfunksjonen til mat er sjølv sagt den same – å gjenæring til kroppen, men det er ikkje dette som vert framheva, tvert i mot: "the taste of liberty [...] tends to use stylized forms to deny function" (s. xxix).



Nyare undersøkingar basert på Bourdieu (2010) har vist at vi finn begge smakskategoriene han opererer med representert innanfor ulike sosiale klassar (Sato et al., 2015, s. 182).

Forskjellar i smak og matvanar innanfor ulike klassar vert dessutan framheva som eit tema det er aktuelt å sjå nærare på. Vi har også fått ein sunnheitsdiskurs, som ikkje var like utbreidd då teoriene til Bourdieu først vart publiserte og som det er interessant å undersøkje vidare, både i relasjon til klasse og kjønn (s. 185). Dette styrkar relevansen og aktualiteten til ein kombinasjon av teori om smak og kjønnsteori. I den litterære analysen vil ein slik kombinasjon kunne gi eit meir nyansert bilete av dei dei litteære framstillingane. Sjølv om teoriene til Bourdieu (2010) ikkje vart utarbeida for å tolke litteratur, kan både prinsippet om smak som uttrykk for sosial identitet og dei ulike smakskategoriene fungere som analyseverktøy i arbeidet med å utforske litterære konstruksjonar av mat sett i samanheng med sosioøkonomisk status og kjønn.

### **Mat som barnelitterært motiv**

I tillegg til å lese skjønnlitteraturen i lys av teoriene om smak og matvanar, må vi ta høgde for at mat kan ha andre og fleire funksjonar som litterært motiv. I undersøkinga si av familie i engelsk barnelitteratur rettar Alston (2008) også merksemda mot matvanar og måltid. Det ho skriv om mat som barnelitterært motiv kan tene som eit viktig supplement når det gjeld dei litterære funksjonane til mat og danne eit samanlikningsgrunnlag for eigne undersøkingar. I kapittelet "Edible Fictions" peikar ho på kjøkkenet og måltida som ein viktig arena for etablering av grenser både innover og utover, samspel mellom familiemedlemmane og forhandling om makt og identitet. Eit av hovudpoenga til Alston er at mangfaldet blant karakterane speglar samfunnsutviklinga til ein viss grad, medan normene og ideala for familielivet ikkje har gjennomgått ei tilsvarande endring: "Fictional families may have changed, but the all-important, two heterosexual parent ideal is still the ideological foundation of twenty-first-century children's literature" (s. 5). Avstanden mellom idealet, slik det vert teikna opp i litteraturen, og verkelegheita, slik ho er og har vore for mange familiar frå ulike samfunnslag, er ifølgje Alston minst like stor når det gjeld skildringar av matvanar og måltid.

Både kritikarar og merksame lesarar har notert seg at matrelaterte skildringar florerer i barnelitteraturen. Fleire kritikarar sluttar seg til Barthes (2008) sine innsikter om mat som eit teiknsystem og går ut frå at mat har ein semiotisk funksjon i barnelitteraturen (Alston, 2008, s.

109). Også her handlar det både om sjølve maten og om kor, når og av kven han vert laga og inntatt. Som ei grovinndeling skil Alston mellom god og dårleg mat, rutinar og matvanar. Det klassiske familiemåltidet med heimelaga mat inntatt i fellesskap rundt matbordet til faste tider vert trekt fram som eit eksempel på det første. I kontrast til dette står ferdigmat, gjerne kombinert med manglande rutinar for fellesmåltid. Denne oppstillinga kan verke noko overflatisk og forenkla, men observasjonane kan likevel vere gyldige og vil verte prøvde mot eksempel frå materialet mitt. I tillegg til å nyansere biletet er det nødvendig å undersøkje kven som bestemmer kva som er ”godt” og ”dårleg”. Med hjelp frå Bourdieu (2010) sine teoriar og analysar kan vi finne ut noko om korleis barnelitterære tekstar konstruerer og formidlar ulike normer og ideal, og korleis desse tekstane også i seg sjølve kan inngå i ulike konstruksjonar i samfunnet.

Eit poeng hjå Bourdieu (2010) er at skilnadane i smak er noko sjølvsgatt (det vi ikkje er medvitne om er strukturane som skaper og styrer desse skilnadane). Truleg er dette ein av grunnane til at skildringar av mat kan fungere som eit verkøy for å signalisere sosioøkonomisk status i barnelitteraturen, noko vi skal komme tilbake til i analysen. Eit verktøy kan samtidig verte til eit våpen. Det er ikkje nok å konstatere at mat fungerer slik eller slik som eit barnelitterært motiv, ein må også undersøkje kritisk kva som ligg bak og ”motiverer motivet” og kva konsekvensar dette kan få. Språk har ein maktdimensjon, og det same gjeld mat: ”Food can work as a weapon, because it is invested with power and control,” skriv Alston (2008, s. 118). Denne kontrollen handlar både om å tilby eller halde tilbake mat og å ta i mot eller nekte å ete. Han handlar også om kva bilete som vert gitt av karakterar og situasjonar der mat er involvert, kva som vert skissert som ideelt og ønskjeleg. Kva type mat som vert inntatt eller avstått frå sender dessutan signal om kulturell identitet, tilhøyrslø og lojalitet til familien og tradisjonen. Det er også ei kopling mellom mat og seksualitet. Stikkord er (kontrollering av) appetitt, begjær og freistingar (s. 118). Dette vitnar om at mat er eit spennande og mangfaldig område å undersøkje i samband med litterær analyse. Fokuset i denne oppgåva er i all hovudsak på familie, kjønn og klasse, men maktperspektivet er for eksempel også til stades innanfor desse områda.

Alston (2008) kommenterer at litteraturen har hatt ein tendens til å framstille tilhøva meir idelle og idylliske enn dei er. Det harmoniske familiemåltidet, som i eit historisk perspektiv har ein heilt sentral plass i barnelitteraturen, var alt på 1900-talet langt på veg ein illusjon for familiar frå ulike samfunnslag (s. 126). Ein kan tenkje seg at dette heng saman med ei ønske

om å oppdra lesarane av barnelitteraturen til å leve opp til idealet, at det derfor ikkje var nokon grunn til å forsøke å framstille verkelegheita slik ho var. Det er inga hemmelegheit at kvardagen for mange moderne familiar er prega av dårleg tid, noko som resulterer i at matlaginga helst skal gå raskt, at det er vanskeleg å samle familien til måltida og at det ofte kan oppstå krangling rundt frukost- og middagsbordet. Trass i at denne verkelegheita også har funne vegen inn i barnelitteraturen, meiner Alston at idealet om det harmoniske familiemåltidet framleis er tydeleg til stades:

[...] there is no room in children's literature for anything other than a traditional family meal. Children's literature is again, here with reference to food, confined and constructed by convention; it is unable, even in its most radical examples, to break entirely away from the ideology of the ideal family as it insists on the virtues of one sort of family to the detriment of all those families who happen to subvert the norm. (S. 133.)

Når idyllen vert broten i litteraturen, er dette eit teikn på djupare problem med familien. Alston oppfattar desse familiane som avvik som stadfestar idealet, og måltidet vert såleis ein indikator på familien sin tilstand.

Somme av påstandane og konklusjonane til Alston kan verke noko bastante, og det er viktig å vere klar over at dei kan ha ei avgrensa gyldigheit som følgje av rammene for undersøkinga. Materialet hennar spenner frå 1800-talet til 2000-talet, og det dreier seg om den historiske utviklinga (eller mangelen på utvikling) i framstillinga av familie i engelsk barnelitteratur. Med ein såpass stor tidsperiode som undersøkingsfelt seier det seg sjølv at talet på eksempel frå kvar "generasjon" må verte relativt få. Det kan tenkjast at ein analyse av litterære familiestrukturar i eit synkront perspektiv ville ha gitt eit meir nyansert bilete. Samtidig må ein ta høgde for moglege kulturelle forskjellar og litterære tradisjonar innanfor ulike område.

Materialet mitt er skandinavisk barne- og ungdomslitteratur, og det vil vere spennande å undersøkje om og i kva grad påstandane og funna til Alston også er representative for dei litterære eksempela eg skal sjå nærare på, med tilsvarande atterhald om rammene for prosjektet. Dei skandinaviske landa har eit internasjonalt ry som likestilte samfunn med ein inkluderande barne- og familiepolitikk. Skandinavisk barnelitteratur er kjent for å vere modig i val av tema, for å utfordre og utvide oppfattinga vår av born og barndom og for å gje kropp og stemme til kompetente, sjølvstendige og reflekterte barnekaraktarar (jf. Goga, 2013). Kva har dette å seie for dynamikken rundt matbordet og rollefordelinga knytt til matlaging? Er vi

så likestilte og moderne som vi likar å tru, eller spøkjer framleis konservative ideal i barnelitteraturen? Er det slik at matvanar og måltidsrutinar vert brukte til å vurdere familien sin tilstand også i dag, og at dette vert tematisert i barnelitteraturen? Som nemnt i innleiingskapitlet kan det verke som fleire av farskarakterane har ei særleg utfordring når det gjeld å yte omsorg for borna sine i form av eit sunt kosthald og faste rutinar. Før vi kan stifte nærare kjennskap med desse karakterane og resten av familiane i materialet står det att å presentere kjønns teori, som det siste teoriområdet som inngår i prosjektet sitt interseksjonelle perspektiv.

### **Kjønnsperformativitet og maskulinitetsideal**

Både Barthes (2008) si forståing av mat som situasjon og habitusmodellen til Bourdieu (2010) finn klangbotn i moderne kjønnsforskning. Det er ikkje snakk om direkte samanliknbare teoriar, men fellestrekk i forståingsmodellar for sosial samhandling og identitetsskaping. Vi kan kjenne igjen eit fokus på situasjon og handling hjå Butler (2004) og eit fokus på strukturerande skjema og relasjonar mellom grupper og individ hjå både Butler og Connell (i Stephens, 2002). Fokuset i den følgjande gjennomgangen vil vere på korleis kjønnsnormene fungerer og på maskulinitetsideal. Dette vil vere sentrale fokusområde i analysen av materialet, slik det går fram av to av forskingsspørsmåla (Korleis er samspelet mellom vaksenkarakterane når det gjeld måltidsrutinar og matvanar? Kva maskulinitetsideal ligg farskarakterane nærast?).

Butler (2004) ser kjønn som ein sosial prosess. Vi *gjer* kjønn, vi er det ikkje. Ho forklarar det slik i føreordet til ei nyutgiving av *Gender Trouble*:

The view that gender is performative sought to show that what we take to be an internal essence of gender is manufactured through a sustained set of acts, posited through the gendered stylization of the body. In this way, it showed that what we take to be an "internal" feature of ourselves is one that we anticipate and produce through certain bodily acts [...]. (I Salih, 2004, s. 94.)

Dette tyder likevel ikkje at ein sjølv er fri til å gjere kjønn akkurat slik ein vil, ein er derimot underlagt strenge sosiale normer og sanksjonar, "the normative violence implied by ideal morphologies of sex" (s. 98). Ein modell som illustrerer og forklarar desse normene er den heteroseksuelle matrisen, som styrer både kjønnsidentitetar, kjønnsroller, relasjonar og begjær. Han føreset ei binær inndeling av menn og kvinner og ei motsett tiltrekking mellom

kjønna og gjer slik heteroseksualiteten til den sosialt føretrekte seksualiteten og kjernefamilien til den føretrekte familieforma. Gjennom å fungere som eit avvik frå norma, er homoseksualitet med på å styrkje heteroseksualiteten sin posisjon som det normale. Det er den same dynamikken Alston (2008) viser til når ho peikar på at andre familieformer enn kjernefamilien og andre måltidsrutinar enn det tradisjonelle familiemåltidet fungerer som avvik som stadfestar ei norm, heller enn å utvide oppfatninga vår.

Vi kan utfordre kjønnsnormene gjennom å peike på at dei er der og såleis undergrave autoriteten deira (jf. ”performative subversions”), men ifølgje Butler går det ikkje an å lage ei oppskrift på korleis. Dette ville i så fall berre føre til nye normative, lite fleksible skildringar av kjønn: ”It is not possible to oppose the ”normative” forms of gender without at the same time subscribing to a certain normative view of how the gendered world ought to be” (i Salih, 2004, s. 99). Ei anna viktig innsikt frå Butler er korleis ulike kategoriar verkar saman i den diskursive produksjonen av identitet (Salih, 2004, s. 3). Ho nemner spesielt etnisitet og kjønn: ”My view is that no single account of construction will do, and that these categories [race and gender] always work as background for one another, and they often find their most powerful articulation through one another” (i Salih, 2004, s. 95). Vi kan anta at dette også gjeld klassar, slik at kjønnsnormene ikkje er dei same i alle sosiale lag av befolkninga, noko det vil vere interessant å undersøkje nærare i analysedelen, i lys av smak og matvanar.

Kjønn er relasjonelt, ifølgje sosiolog og maskulinitetsforskar Connell. Ho deler oppfatninga til Butler om kjønn og kjønnsroller som konstruksjonar og prosessar, ikkje noko essensielt eller statisk: ”Rather than attempting to define masculinity as an object (a natural character type, a behavioral average, a norm), we need to focus on the processes and relationships through which men and women conduct gendered lives” (1995, s. 71, i Stephens, 2002, s. 218). Dersom vi skal forsøke å definere maskulinitet, må vi ifølgje Connell ta med i betraktninga at det dreier seg om visse praksisar og samtidig effekten dei har på kroppane, personlegdomane og kulturen til dei involverte (s. 218). Dette komplekse samspelet av individuelle og kollektive faktorar minner om Bourdieu (2010) si forståing av habitus, og det kan vere nyttig å sjå teoriane i samband med kvarandre. Eit sentralt poeng hjå Connell er at det finst mange ulike maskulinitetar og at desse står i eit ujamnt maktforhold til kvarandre. ”Forhandlingane” utspeler seg ikkje berre på lokale eller nasjonale arenaar, vi må også ta i betraktning meir eller mindre globale strukturar som for eksempel populærkultur (s. 216-217).

Eit perspektiv som ikkje er tydeleg til stades hjå Bourdieu (2010), men som både Connell (i Stephens, 2002) og Butler (2004) legg vekt på, er kva som skjer med dei som ikkje ”passar inn” i dei kategoriane, stilane og kroppane som samfunnet rundt forventar at dei skal passe inn i – dei som strevar med å tilpasse seg eller motset seg tilpassing. I *Masculinities* (1995) har Connell mellom anna samla livshistoriene til ei rekkje menn frå ulike samfunnslag som alle har opplevt press i samband med etablering og utøving av maskuliniteten sin. Romøren og Stephens (2002) finn fleire skjeringpunkt mellom desse historiene (og kva Connell les ut av dei) og representasjonar av maskulinitet i moderne ungdomslitteratur, mellom anna viser begge fram ei iscenesetting av ”masculinity under pressure” (s. 219). Dei to litteraturforskarane er opptatt av at vi som menneske grip til narrativ for å forstå verda rundt oss. Meir spesifikt set dei seg føre å undersøkje ”the metanarratives which shape the performance of gender in the world as well as in fiction” (s. 217).

Med utgangspunkt i Connell identifiserer Romøren og Stephens to slike metaforteljingar om maskulinitet, ”hegemonic masculinity schema” (HMS) og ”new sensitive man schema” (NSMS). Desse opptrer som skjema, der berre nokre få element treng å vere til stades for at resten skal verte aktivert i medvitnet vårt (jf. Stephens, 2002, s. 220). For HMS nemner Romøren og Stephens følgjande generelle trekk: ”a masculinity grounded in domination, physical assertiveness, and egocentric individualism” (s. 217). Dei listar også opp ei rad meir spesifikke karaktertrekk som vi skal komme tilbake til i samband med konkrete eksempel frå det skjønnlitterære materialet mitt. Når det gjeld NSMS, er dette uttrykk for ein meir moderne, urban maskulinitet. Typiske karaktertrekk knytt til dette skjemaet er for eksempel: ”other-regarding in interpersonal relations”, ”well kempt, but unselfconscious about appearance”, ”careful” og ”attentive” (s. 225). Samtidig som desse ideala står i opposisjon til kvarandre, plasserer dei seg i opposisjon til eller går i dialog med ulike femininitetsideal. Gjennom lesingane til Romøren og Stephens vert nettopp relasjonen mellom det maskuline og feminine framheva som ein strategi forfattarane kan dra nytte av for å vise korleis maskulinitet vert konstruert og inngår i eit system. Ein karakter kan dessutan fungere som eit metonym for ein type maskulinitet gjennom at han vert gitt visse karaktertrekk som samsvarer med åtferd, utsjånad, tankemønster og haldningar for det overordna skjemaet.

Medan Romøren og Stephens hovudsakleg er opptatt av ungdomskaraktarar, vil eg først og fremst rette merksemda mot vaksenkaraktarane i materialet mitt. Barnekaraktarane i dei aktuelle romanane er etter samfunnet sin målestokk ikkje gamle nok til å greie seg sjølv, og

dei vaksne har eit særleg ansvar for ernæringa til familien. Med maskulinitetsideala HMS og NSMS som analysekriterium vil eg rette søkjelyset mot farskarakterane. Kva maskulinitetsideal ligg farskarakterane nærast? Korleis kjem desse ideala til uttrykk i situasjonar der mat og matvanar er sentralt? I tråd med forståinga av kjønn som relasjonelt omfattar dette fokuset også dei andre karakterane sine blikk på og vurderingar av den maskuliniteten som farskarakterane kroppsliggjer og den tilpassinga dette eventuelt fører til.

### **Framgangsmåte: nærlesing og litterær analyse**

Framgangsmåten vil vere å nærlese eit utval scener der matvanar og måltid innanfor familien er ein del av motivet. Følgjande kriterium vil verte lagde til grunn i analysen: Barthes (2008) si forståing av mat som situasjon og Bourdieu (2010) sine smakskategoriar, Butler (2004) si forståing av performativt kjønn og den heteroseksuelle matrisen og Romøren og Stephens (2002) sine tolkingar av Connell sine maskulinitetsideal. Når det gjeld mat og familie som barnelitterære motiv, vil eg lese materialet opp mot Alston (2008) si inndeling i god og dårleg mat og rutinar og gode og dårlege omsorgspersonar og familiar, med blikk for det som ligg i mellom desse motsetnadane. Eg vil rette mest merksemd mot scener som involverer hovudkarakterane i bøkene og familiane deira. Andre karakterar vil likevel verte trekte inn, for å undersøkje relasjonen deira til hovudkarakterane, eller i samband med å identifisere perspektivet til den implisitte forfattaren. Som nemnt krev dette eit meir overordna blikk på tekstane enn nærlesinga av dei enkelte scenene kvar for seg kan gi. Denne delen av analysen vil såleis verte ei form for syntese av scenene som har vorte omtalt tidlegare. I tillegg til omgrepet implisitt forfattar vil eg her nytte Gaasland (1999) si innføring i litterær analyse, særleg den delen som handlar om tekstens norm.

Nærlesing er ein vanleg framgangsmåte i litterære studiar og har lange røter innan denne disiplinen (Herrnstein Smith, 2016). Namnet står for både metoden og resultatet av han. I utgangspunktet går nærlesing tilbake til nykritisk litteraturteori og ei forståing av teksten som autonom (Kittang et al., 2013, s. 19). I prosjektet mitt har nærlesinga imidlertid fleire dimensjonar – i tråd med litteratursosiologiske perspektiv som også set teksten i sentrum, men som undersøker relasjonen mellom litteratur og samfunn og korleis ulike konstruksjonar kjem til uttrykk i litterære tekstar (Thon, 2005, s. 207, Smidt et al., 2013, s. 10). Ein fordel med nærlesing som metode er at ein lett får auge på detaljar og nyansar, anten det gjeld språk og skildringar, motiv eller handling. På denne måten er metoden nøyaktig. Sjølv om ei viss

avgrensing av fokuset er nødvendig uansett val av metode, kan ein risikere å verte for nærsynt, slik at ein mistar oversikta over heilskapen. Då kan ein ende opp med å leggje for stor vekt på enkeltelement og overtolke tydnaden og representativiteten deira, noko både Gaasland (1999) og kritikarar av nærlesing (jf. Herrnstein Smith, 2016) åtvarar mot.

I prosjektet mitt er både nøyaktigheit og eit blick for heilskapen forsøkt varetatt på fleire måtar: gjennom å undersøkje og samanlikne mat som motiv i fleire bøker, gjennom at dei same forskingsspørsmåla vert stilt til heile materialet og gjennom at eg også vil forsøkje å samanfatte nærlesinga av dei ulike scenene for å undersøkje kva dei kan fortelje oss om perspektivet og norma/normene i bøkene som heilskap. Dette vert såleis ei form for hermeneutisk tolkingsprosess, der samspelet mellom enkeltdelar og heilskap er sentralt. Denne kombinasjonen av det partikulære og meir abstrakte har eit grunnlag i hermeneutisk fortolkningsmetode i humaniora generelt og i dei kjønns- og samfunnsvitskaplege teoriene eg skal lese tekstane opp mot. Som nemnt i innleiinga er det eit fellestrekk mellom fleire av teoriene at dei er opptatt av både individuelle uttrykk og strukturar, av både mikronivå og makronivå.

I forlenginga av innvendingar knytt til eit nært fokus har nærlesing vorte kritisert for å leggje til rette for subjektive vurderingar, i motsetnad til meir allmenngyldige konklusjonar. Herrnstein Smith (2016) avviser kritikken og hevdar tvert i mot at ei nærlesing av ein tekst ofte opnar for både generelle observasjonar og refleksjonar. Mykje av verdien av det menneskelege perspektivet ligg nettopp i den gjenkjenninga og innlevinga ein kan oppleve gjennom nærlesing av tekstar, held ho fram (s. 69-70). Med dette bevegar vi oss mot lesarrolla, noko som ikkje er i fokus i oppgåva mi. Hjø Herrnstein Smith ligg det likevel også ei opning mot det eg tidlegare har definert som bakteppet til prosjektet mitt og ein del av det større biletet, at litteratur kan vise oss noko om korleis vi tenkjer om ulike emne og korleis vi organiserer omverda vår, og dessutan at litterære representasjonar er ein del av meir omfattande kulturelle representasjonar av fenomen og grupper av menneske.

Litteraturen sin ”tenkjemåte” (Gaasland, 1999, s. 117) er ein annan enn den teoretiske måten å tenkje på, som igjen er ein annan enn den daglegdagse tenkjemåten vår. Vi må såleis vere forsiktige med å vurdere litteratur ut frå andre premissar enn litterære, det vil seie at vi i tolkinga må ta høgd for, og ha eit blick for litteraturen sin eigenart. Samtidig er det ikkje noko nytt å lese skjønnlitteratur i lys av for eksempel samfunnsvitskaplege teoriar. Gaasland



framhevar også at litteratur kan seie oss noko som er relevant i ein større kontekst. Vi må lese litteratur med omsyn til ”verkets egenart”, likevel: ”Det betyr ikke at narrative tekster ikke formulerer utsagn om verden, eller utsagn som kan overføres til å gjelde den verden vi kjenner” (s. 117). I mitt prosjekt handlar desse utsegnene om normer og ideal knytt til familie, kjønn og sosial status – med utgangspunkt i matvanar.

## C. Presentasjon av materialet

I dette kapittelet vil eg gjere ein nærare presentasjon av dei fire bøkene i materialet med hovudfokus på familiane som har ei sentral rolle i handlinga, miljøet der handlinga går føre seg og inntrykket vi får av den sosioøkonomiske statusen til karakterane. På same måte som vi må sjå karakterane i relasjon til kvarandre, må vi sjå dei ulike familiane i relasjon til miljøet dei er ein del av. Dette vil gjere oss eit bilete av den sosiale posisjonen deira i det litterære universet, noko som vil liggje til grunn for analysen av korleis kosthaldet og måltidsrutinane fungerer som ein del av denne framstillinga. For å unngå sirkelargumentasjon vil ikkje kosthald og matvanar verte omtalt i denne delen, men informasjon om relasjonar, buforhold, yrke og økonomi vil verte vektlagt. Andre karakterar som av forskjellige grunnar kjem til å vere med i analysen, vil også verte presenterte her. Felles for alle bøkene er at dei har ein klok vaksenkarakter som ikkje er ein del av hovudpersonen sin familie. Denne karakteren har ein interessant posisjon i kraft av utanfråblikket han representerer og får ofte ei rådgjevarrolle. Slik vert karakteren ein autoritet både på handlingsplanet og som ein mogleg normberar i det litterære universet.

### *Anton og andre uhell (Skretting, 2016)*

I sentrum av handlinga står ”uhellet” Anton, som også er forteljaren i boka. Han bur åleine med far sin og har gjort det sidan mor hans vart påkøyrd og drepen av ein buss. Det verkar som det er fleire år sidan ulukka, men vi får ikkje vite nøyaktig når ho skjedde. Livet til Anton og pappaen Pål går i alle fall sin vande gang og prosjekt ”skaffe ny dame til pappa” er ein stor del av handlinga. Den vesle familien bur i ei treromsleilegheit i 1. etasje i ein blokk i noko som kan verke som ein tettstad eller småby. Pål er sjølvstendig næringsdrivande og livnærer seg med å selje hyttetoalett. Anton går på barneskulen.

I tillegg til Anton og far hans møter vi familiane til Ine, Ole og Kevin. Alle fire går i same klasse. Ine og Anton er bestevener. Medan han bur i blokkleilegheit i botnen av bakken, bur ho på toppen, i eit stort hus med statuar i hagen og garasje med plass til tre bilar. Ine er einebarn av to foreldre som begge er travelt opptatte med å gjere karriere. Mor hennar er advokat, og far hennar er butikkeigar. Naboen til Ine er Kevin, erkefienden til Anton og den mest populære guten i klassa. Han bur også med mor og far. Ole, som er ven med både Anton og Ine, har noko dei begge manglar: foreldre som er veldig glade i kvarandre og som har god

tid. Som Ine og Kevin bur også han i eit hus med mor si og far sin. Vi får ikkje vite noko om storleiken, anna enn at dei har kjellarstove. Kwart år tar Ole sin familie Anton og Ine med på ein dagstur, og det er far til Ole som er Anton sitt førebilete når det gjeld å lage bål og som lærer han å symje krål og lappe sykkeldekk. Noko av motivasjonen bak den svært inkluderande åtferda til foreldra til Ole er at sonen har sosiale vanskar og ikkje er heilt som alle andre.

Den kloke vaksne utanfor familien er representert ved Signe Salvesen, ei eldre dame i blokka til Anton som han og Ine hjelper med å handle. Utan å vite det vert ho ein sentral aktør i prosjekt ”finne dame til pappa”, fordi dei to ungdommane brukar vekeblada hennar som ei kjelde til kunnskap om kva menn og kvinner vil ha. Sjølv har ho vorte verande ugift etter at ho ein gong kom for seint til sitt eige bryllaup, noko ho til dags dato er veldig glad for. Signe er rik på livsvisdom og har ein eigen teft for kva som går føre seg i hovudet til Anton, for eksempel forstår ho at han er forelska i Ine før han veit det sjølv.

Tittelen på boka viser til ei oppdaging Anton gjer i starten av forteljinga: Far hans fortel han at han blei til ved eit uhell. Denne opplysninga set Anton ut av balanse og han bestemmer seg for å ”bli meningen” (s. 16). Å finne ei dame til pappaen er eit ledd i Anton sitt større prosjekt, som eigentleg handlar om å ”rette opp” både seg sjølv og far sin. To damer kjem heilt inn i leilegheita, Ulla og elektrikaren. Førstnemnde viser seg å vere eit nokså dominerande ”strikkande monster” som er i ferd med å sluke både far og son, i alle fall ser det slik ut for Anton etter at han har vorte åtvara av Signe Salvesen. Elektrikaren dukkar opp i leilegheita i embets medfør og startar å date Pål utan at Anton veit om det.

### ***Billie: Avgång 9.42 till nya livet (Kadefors, 2016)***

Når boka startar, møter vi Billie og Cecilia, ein kontaktperson frå barnevernet, på veg til ein fosterheim i Bokarp. Billie har til no budd saman med mor si i ei blokkleilegheit i Stockholm. Namnet har ho etter Billie Jean, fordi mammaen sin favorittartist er Michael Jackson. Mammaen har nedsett fysisk helse på grunn av MS, sit i rullestol, har dårleg syn og er avhengig av hjelp frå assistentar. Dessutan er ho sterkt overvektig. Den psykiske helsa er heller ikkje god. Ho er ikkje i stand til å ta vare på dottera eller seg sjølv. Lesarane får høyre om fleire teikn på omsorgssvikt, utan at ordet vert nemnd direkte. For eksempel har ikkje Billie eigd gummistøvlar eller sykkel sidan ho var lita, ho har heller aldri deltatt på ein

fritidsaktivitet. Ho har få eller ingen reglar å rette seg etter i kvardagen, og relasjonen til mora er meir eit venninneforhold enn eit mor-dotter-forhold. Billie, som er forteljaren, er klar over at ho ikkje har vakse opp under normale forhold, men understrekar at det er sosialkontoret som meiner at ho ikkje kan bu heime.

Både miljøforandringa frå by til tettstad, det nye huset, rutinane og utsjånaden og samansettinga til den nye familien står i sterk kontrast til det gamle livet med den biologiske mora og Billie sin veremåte og framtoning. Håret hennar er forma til dreads, og den dagen ho kjem til familien Persson går ho i knallgul hettegenser og svart bukse. Fosterfamilien består av presten Petra, gymlæraren Mange og dei to borna deira, Alvar og Tea. Dei bur i ein einebustad som utanpå er heilt lik dei andre husa i området, men inni er det påfallande kvitt, reint og ryddig. Dessutan er det kaldt, synest Billie. Ho og Alvar skal gå i saman i sjetten klasse. Han er stille og forsiktig, men gøymmer seg ofte vekk i ei lita bu i hagen for å lage små krigsfigurar. Veslesøstera Tea lagar sminkevideoar inne på det rosa romet sitt. Petra er leiar for eit gospelkor og går på yoga, medan Mange trenar ungdommane i bordtennis og driv med styrkjetrening for seg sjølv. Særleg Petra er veldig opptatt av å rydde og vaske og at alt skal vere ordentleg. Billie prøver å ha eit ope sinn, men strevar med å verte vant til det nye, kvite rommet og alle reglane. Ho rotar på rommet for å gjere det meir til sitt eige, ho vert kjent med dei andre i klassa, vert med i koret og byrjar på bordtennis. Om kvelden skypar ho med mor si og ser på film i smug.

Trass i alle dei like husa i nabolaget til familien Persson, vert miljøet i Bokarp skildra som ganske mangfaldig. Namna på klassekameratane, læraren Roya, ”byoriginalen” Finskan og området Solkullen er alle detaljar i dette biletet. Roya har raudt hår, ring i nasen og er sambuar med ei anna dame. Slik som Billie har ho gjort seg erfaringar med å ikkje passe inn, og dei to får etter kvart god kontakt. To av dei nye venene til Billie er Nadine og Evin. Nadine bur saman med mor si utanfor sentrum. Ho fortrur seg til Billie og fortel at far hennar er valdeleg og følgjer etter dei, og at dei derfor bur på hemmeleg adresse. Evin sine foreldre er innvandrarak og jobbar på fabrikk. Familien på fire bur i ei treromsleilegheit på Solkullen, saman med to kaninar.

Petra vil ikkje at borna hennar skal reise til denne delen av Bokarp. Dette er ikkje i samsvar med rolla hennar som prest og engasjert medlem av lokalsamfunnet. Vi får etter kvart vite at familien Persson har hatt ein son til, Caspar, som døydd i ei ulukke på Solkullen. Billie

hjelper familiemedlemmane til å snakke saman og verte noko meir enn alle reglane og rutinane sine og meir enn ein heteronormativ sjablong.

### ***Hest, hest, tiger, tiger (Neerlin, 2015)***

”Lad mig sige det, som det er. Min mor har ikke været spesielt heldig med sine børn” (s. 5). Slik introduserer Honey seg sjølv og familien i første kapittel. Ho bur med den nitten år gamle halvsøstera si, Mikala og mor deira i ei leilegheit på Nørrebro i København. Mikala har ei utviklingshemming, elsker søtsaker, spesielt kanelnurrar, og samlar på konvoluttar frå apoteket. Ho er veldig kreativ og jobbar på ein verkstad for psykisk utviklingshemma. Honey er fødd med leppeganespalte. Ho startar ved eit uhell på eit kinesiskkurs under falskt namn. Her lærer ho uttrykket ”mama huhu”, som omsett til dansk vert ”hest, hest, tiger, tiger”. Det tyder noko som ikkje er heilt bra, men som kunne ha vore verre og kan stå som ei skildring av familietilhøva til Honey.

Mora jobbar med å reparere sko på Harrys Hælbar, og har ofte lange dagar. Familien har trong økonomi. Dei må for eksempel vaske klede på vaskeri medan dei sparer for å kunne reparere vaskemaskina, og mora blokkar ut skoa til døtrene slik at dei skal vare lengst mogleg. Likevel har dei to døtrene kvart sitt rom, og dei går ikkje svoltne. Begge fedrane har flytt ut for lenge sidan, men far til Honey bur framleis i byen, berre nokre gater bortanfor dei. Annankvar helg overnattar ho hjå han, men ho møter han også av og til utanom. Då bed han henne ofte om pengar, med invitasjon til ein kopp kakao som dekkhistorie. Han er arbeidslaus og småkriminell, brukar dagane til å løfte vekter eller sjå på tv og tar seg av og til ei øl for mykje, for eksempel drikk han med begge hendene på skuleavslutninga til Honey. Han stel også ein kjole til henne når ho skal på bursdagsfest til ein i klassen.

Heilt frå den første setninga i forteljinga er Honey veldig medviten om at ho og dei andre familiemedlemmane bryt med samfunnet sine forventningar om å passe inn. Ho er også medviten om dei sosiale sanksjonane ein vert møtt med som normbrytar, for eksempel blikka til folk rundt når noko er ”alt for meget”, som ho kallar det. Sjølv om Honey meiner at ho er blant dei mest veltilpassa i familien, har ho det med å lyge på impuls. I utgangspunktet er dette ein slags sjølvutslettingsmekanisme, ein strategi for å ikkje vere til bry, ikkje bryte med forventningane i ein kvar situasjon. Eit eksempel er når ho kjøper ei stor blautkake på konditoriet i staden for dei frukostrundstykkane ho skal ha, fordi ho unnlèt å korrigere den

tilsette som misoppfattar bestillinga hennar. Samtidig kan det liggje noko grenseoverskridande og frigjerande i løgna.

Det er ei rad løgner og tilfeldigheiter som fører til at Honey møter Marcel, ein gammal, dødssjuk mann på eit hospice i ein annan del av byen. Dei to vert vener, og Marcel hjelper Honey med å løyse eit dilemma. Ho må bestemme seg for om ho skal vere til stades på ein stor dag for søstera, eller om ho skal gå på bursdagsfesten til Philip, ein i klassa som ho er interessert i. Marcel har roke uklar med sin eigen familie, og Honey vert ei han kan fortelje om dette til. Honey får også eit godt forhold til Thomas, ein av dei tilsette på hospicet. Både Marcel og Thomas viser omsorg for henne.

### ***Ollis (Thon, 2017)***

Hovudpersonen Ollis sitt fulle namn er Oda Lise Louise Inger Sonja Haalsen, ”oppkalla etter fem damer som av forskjellige grunnar har vore viktige i noregshistoria” (s. 6). Ho bur med mor si, Elisabeth, den nye kjærasten hennar, Einar, og den nye veslebroren, Ian. Dei to hundane Micro og Macro høyrer også med til familien. Den biologiske faren til Ollis heiter Borge, men Ollis kallar han Borgefar. Han takla ikkje ansvaret og stakk då Ollis var lita, men det veit ho ikkje når forteljinga startar. Ho har heller ikkje høyrte frå han, trur ho, men ho har eit bilete av far sin med henne som baby i armane og ein sekk som han hadde då han var i militæret. Inni loket står det ”Meinig Borge”.

Miljøet der handlinga utspeler seg er eit bygdesamfunn i Noreg, nokre mil frå fjorden og sentrumet, Hamna. I tillegg til familien Haalsen/Strøm møter vi venninna til Ollis, naboenta Gro Gran. Ollis er ti år og Gro er elleve. Ho er eineborn og bur med mor si og far sin i eit lafta hus bak eit kvitt stakittgjerde, ein asfaltveg og eit jorde unna Ollis. Huset vert skildra som rotete, men i positiv forstand. Ollis trivst godt på besøk hjå Gro og familien. Deira eige hus er også fullt av ting, blomar og bilete, til og med på badet. I garasjen får Ollis etter kvart sin eigen verkstad, for både ho og Gro er kreative oppfinnarar.

Dei to jentene går på oppdagingsferd i bjørkeskogen i nærleiken av der dei bur, og ein dag kjem dei over ei postkasse med eit postkort med namnet til Ollis på. Det er ei bursdagshelsing frå Borge. Ollis og Gro byrjar å følgje med på postkassa, og slik oppdagar dei Borgny Ur og det vesle huset hennar i skogen. Huset ligg akkurat utanfor trekilometergrensa som mor til

Ollis har sett. Borgny jobbar med å sortere og oppbevare post som ikkje kjem fram. Ho har ikkje hatt mykje kontakt med andre menneske og oppfører seg derfor ikkje etter dei same normene som andre. Ho slepper likevel dei to gjestene inn, og det viser seg etter ein del om og men at ho har ein heil perm med postkort frå Borge til Ollis. Han har berre gløymt å skrive på eitt av førenamna hennar, og derfor har dei ikkje kome fram.

Ollis har loge for Gro og sagt at ho av og til besøker Borge i feriane. No som han finst på ekte, risikerer ho venskapen med bestevenninna og legg ut på ei einsam reise for å finne far sin. Det verkar som han er sjømann, for korta har bilete frå heile verda. Likevel er alle poststempla i Hamna, og her finn ho han i båten sin. Borgefar er ikkje slik Ollis har sett han føre seg. Båten er full av oppvask, flasker og klede, og Borge er brysk og avvisande.

To trekk skil denne boka frå dei tre andre i materialet: Ho er illustrert og er fortalt frå ein tredjepersonssynsvinkel. Forteljaren har likevel tilgang til Ollis sine tankar og kjensler, og det er henne vi følgjer gjennom heile forteljinga. Når det gjeld illustrasjonane, vil eg trekkje inn detaljar frå somme av dei i analysen. Eg vil då leggje ved kopi av dei aktuelle illustrasjonane, på same måte som eg siterer frå tekstane.

## D. Analyse

Analysen vil ha fire underkapittel, kvar med sitt fokusområde. Det første kapittelet dreier seg om kosthald og sosioøkonomisk status, det andre kapittelet om framstillinga av mødre- og fedrerolla i lys av forsørgjaransvar og maskulinitetsideal. Måltidsfellesskapen er i fokus i kapittel tre, og det fjerde kapittelet undersøker normstrukturen i dei litterære framstillingane i bøkene som heilskap. Eit fellestrekk mellom dei teoretiske innfallsvinklane vi skal gå til materialet med er eit dobbelt fokus på overordna system og strukturar og effektane av dei på individ, ei slags pendling mellom makro- og mikronivå. Dette er forsøkt vidareført i analysen, både gjennom å undersøkje framstillinga av enkeltkarakterar, relasjonane mellom karakterane og struktureringa av dei litterære universa, og til slutt gjennom å lese litterære representasjonar av karakterar og miljø som ein del av større kulturelle representasjonar av ulike sosiale grupper.

### 1. Kosthald og sosioøkonomisk status

Den første delen av analysen vil ta føre seg framstillinga av kosthaldet til familiarne i dei fire bøkene i materialet, sett i samanheng med biletet vi har danna oss av den sosioøkonomiske statusen deira ut frå presentasjonen av sentrale karakterar og miljø. Smak er eit relevant omgrep i denne samanhengen, fordi det opnar for eit vidt perspektiv på kosthald og matvanar. Smaken følgjer sosiale skiljelinjer, og Bourdieu (2010, i Sato m.fl., 2015) opererer som nemnt med to smakskategoriar, ein nødvendighetssmak som han finn hjå arbeidarklassen, og ein fridoms- eller luksussmak som markerer høgare sosioøkonomisk status. Seinare forskning har vist at begge smakane kan kome til uttrykk innanfor ulike samfunnslag, men ta ulik form. Gjennom å klassifisere ulike ting og praksisar, inkludert matvarer og matvanar, klassifiserer vi samtidig oss sjølve og markerer oss som forskjellige frå andre. Uttrykket ”du vert det du et” kan illustrere dynamikken i identitetsskapinga: ”Taste classifies, and it classifies the classifier” (Bourdieu, 2010, s. xxix). Når materialet er litteratur, må vi leggje til eit nivå i denne prosessen – ”the classifier” vert i dette høvet både den implisitte forfattaren og dei ulike karakterane i bøkene.

Å hevde at ein ”du vert det du et-logikk” strukturerer framstillinga av karakterar og miljø vil vere å leggje for stor vekt på maten og leggje uheldige føringar for lesinga. Vi kan derimot ta utgangspunkt i andre markørar for sosioøkonomisk status, som vist i presentasjonen av



materialet, og undersøkje om det finst eit ”du et det du er-mønster”, eventuelt ”du et det du vil bli”. Fokuset i analysen vil vere på generelle tendensar og kontrastar i dei litterære framstillingane av kosthald og sosioøkonomisk status, mellom dei som har råd og dei som ikkje har det, dei som må finne seg i manglar av ulik sort og dei som har alt på stell. Slike koplingar og inndelingar inneber ei forståing av matmotivert som verdiladd, og det er relevant å undersøkje kva verdiar som kjem til uttrykk og vinn fram. Dette meir overordna fokuset vil vere til stades i heile analysen, men vil først og fremst verte behandla i kapittel 4.

Eg vil i dette kapittelet presentere og samanlikne kosthaldet til familiar som vert framstilte med tilnærma lik sosioøkonomisk status på tvers av dei ulike bøkene. Eg vil også samanlikne fedrar med fedrar og mødrer med mødrer der det er aktuelt. På denne måten vil det vere enklare å leggje merke til både likskapar og forskjellar i framstillinga av kosthaldet til karakterar med andre fellestrekk. Først skal vi sjå nærare på far til Anton frå *Anton og andre uhell* og far til Honey frå *Hest, hest, tiger, tiger*, deretter mor til Honey og mor til Billie frå *Billie*. Fosterfamilien til Billie vil verte samanlikna med familien til Ine frå *Anton og andre uhell*. Trass i at matmotivert er tydeleg til stades også i *Ollis*, spelar ikkje kosthaldet i seg sjølv ei rolle på same måte som i dei andre bøkene. Det vil verte omtalt kort til slutt her og utdjupa i neste del av analysen.

### **Ferdigpizza og brus hjå pappa og far**

Både Anton (*Anton og andre uhell*) og Honey (*Hest, hest, tiger, tiger*) vert framstilte med låg sosioøkonomisk status innanfor kvart sitt romanunivers. Medan vi får vite at både far og mor til Honey slit med å få endane til å møtast, er ikkje den daglege økonomien til pappaen og Anton eit tema på same måte. Butilhøva og faren sin arbeidssituasjon tilseier likevel at dei har ein lågare sosioøkonomisk status enn andre karakterar i boka. Sato m.fl. (2015, s. 183-184) peikar på at også utdanning og kulturell kapital ser ut til å spele inn på matvanane, slik at høg kulturell kapital kombinert med høg økonomisk status fører til sunnare matvanar. Ein liknande samanheng mellom kulturell kapital og sunne matvanar vert implisert i følgjande utdrag frå ein samtale mellom Anton og Ine i *Anton og andre uhell*:

”Jeg har laget en plan for videre framdrift”, sier Ine.

Videre framdrift. Hvis pappa hadde skrevet på bananene mine en gang iblant, hadde kanskje jeg også brukt sånne ord. Men det kommer nok aldri til å skje (S. 59.)

Med å skrive på bananane siktar Anton til nistepakkane til Ine, som alltid inkluderer frukt og motiverande lappar frå advokatmora hennar. Han førestiller seg at frukt og forseggjorte nistepakkar kan føre til meir avansert ordforråd, men at dette er utanfor rekkevidde for han sjølv. Han viser slik medvit om at han og Ine høyrer til forskjellige sosiale grupper, og at matvanane følgjer denne inndelinga.

Kosthaldet til både Anton og faren (*Anton og andre uhell*) og Honey og faren (*Hest, hest, tiger, tiger*) består av store mengder pizza. Bortsett frå kneippbrødsriver og knekkebrød er pizza det einaste vi får vite at Anton og far hans et til vanleg, og vi får inntrykk av at dei et det ganske ofte: ”Pappa ser på tv. ”Grandisen er i ovnen”, sier han. Jeg dytter vekk et par tomme pizzaesker og en bunke brev, og slenger meg ned ved siden av ham i sofaen” (*Anton*, s. 14). Det er også ”pizzaesker under kjøkkenbenken” (s. 98). Vidare høyrer vi om ”svidd pizza” (s. 14, s. 101, s. 126 og s. 134) og ”kald pizza” (s. 132), pappaen som ”setter pizzaen på stuebordet og klipper den i to stykker med en papirsaks” (s. 201) og at far og son ”liker samme type pizza” (s. 238). Den store mengda pizzaøskjer og at Grandiosa vert nemnt, tyder på ferdigpizza, sannsynlegvis av typen frosenpizza. Emballasjen er også eit sentralt element i skildringa av drikkevanane. Vi høyrer om ”tomflasker og ølbokser” (s. 33) og ”en halv vissen cola uten kork” (s. 132). Når Honey (*Hest, hest, tiger, tiger*) er hjå far sin annankvar helg, består menyen også av pizza og brus, men her ser det ut til å dreie seg om take-away: ”Til aftensmad henter vi pizza. Til morgenmad drikker vi Faxe Kondi og spiser resterne af pizzaen fra dagen før og måske nogle chips, hvis der er” (s. 20).

Samanfatta kan vi seie at kosthaldet til fedrane til Anton og Honey er prega av ein overdriven mangel på variasjon og eit høgt forbruk av ferdigmat og usunn mat. Det vert elles framstilt som veldig lettvinnt. Sjølv om vi ikkje kan trekkje konklusjonar basert på to eksempel, kan vi seie at dei nemnde eksempela antyder ein samanheng mellom låg sosioøkonomisk status, låg kulturell danning og usunne matvanar i dei litterære framstillingane. Når det gjeld kosthaldet til Anton og faren, er emballasjen i fokus like mykje som maten. Ifølgje Bourdieu (2010, s. xxix og 176) er eit ønske om rask tilfredsstilling og vektlegging av maten sin funksjon kjenneteikn ved tenkinga rundt mat i grupper med låg sosioøkonomisk status, medan eit fokus på form vert knytt til høgare sosioøkonomisk status.

Når formfokuset vert retta mot emballasjen og ikkje innhaldet, kan det lesast som ein mangel ved maten. Anton (*Anton og andre uhell*) kommenterer dessutan kvaliteten til både pizzaen og

nistematen sin med fokus på manglar. Som vi har sett er pizzaen svidd, colaen vissen og osten på nista er ”svett” (s. 22). På denne måten får lesaren eit inntrykk av at kosthaldet i heimen ikkje er godt nok. Anton poengterer også at venen Ole har med seg heimelaga pizza på skulen, noko som bidrar til å skape ein kontrast mellom denne typen pizza og pizzaen han og pappaen et til vanleg. Vektlegginga av emballasje i *Anton og andre uhell* bidrar til å framheve at maten kjem frå ein boks og ikkje er heimelaga, samtidig som heimelaga mat vert framstilt som ønskjeleg.

Trass i at vi finn fellestrekk mellom framstillingane av kosthaldet i dei aktuelle familiane i *Anton og andre uhell* og *Hest, hest, tiger, tiger* når det gjeld sosioøkonomisk status, er det berre Anton som verkar å vurdere maten etter normer og ideal som er utanfor rekkevidde. Det kan dreie seg om heimelaga mat (jf. Alston, 2008, s. 105), eller matvanar som gjerne vert assosiert med høgare sosioøkonomisk status og kulturell kapital. Honey klagar ikkje på forma eller kvaliteten ved maten faren tilbyr henne, sjølv om ho viser at ho ikkje eigentleg er begeistra for pizza til frukost. Dette kan hengje saman med familiesituasjonen til dei to hovudpersonane. Honey er berre hjå far sin annankvar helg, noko som kan gje kosthaldet ein mellombels karakter og derfor mindre avgjerande å gjere noko med. Det kan også vere eit signal om at perspektivet til den implisitte forfattaren er på linje med Honey og familien, eller at framstillinga i *Hest, hest, tiger tiger* er meir open enn i *Anton og andre uhell*.

### **Enkel kvardagskost og danske bakarvarer**

For å få eit meir fullstendig bilete av kosthaldet til Honey sin familie, skal vi halde oss i *Hest, hest, tiger, tiger*-universet og rette fokuset mot skildringa av tilhøva heime hjå mora og storesøstera. Familien er for det meste tradisjonell, enkel mat, fordi Mikala ikkje er så begeistra for å prøve noko nytt: ”hun vil helst bare have fiskefrikadeller, leverpostejmadder eller frysepizza” (s. 9). Matvanane er elles prega av tilgjengelegheit og økonomiske val. At dette er basert på nødvendighet vert meir enn antyda ved fleire høve. Eit eksempel er reaksjonen til mor når Honey har vore på bakeriet for å kjøpe rundstykke, men på grunn av ei misforståing ender opp med ei stor, dyr jordbærkake i staden:

Mor blev lidt muggen, da jeg kom hjem. Hun havde set frem til en ostemad, og så var der også lige det med prisen. Men Miakala var helt lykkelig, og til sidst løsnede mor op.

”Så skal der altså også lys i,” sagde hun og fandt dåsen med kagetilbehør frem fra en hylde øverst i køkkenskabet. ”Sikke en festlig søndag.” (S. 16.)

Eit anna eksempel får vi i følgjande scene, der Honey har fått ein viss sum til å handle for, men har møtt på far sin og lånt mesteparten av pengane til han i staden for å kjøpe mat: ”Da vi skiltes, hadde jeg halvtreds kroner tilbake til innkøb. Jeg tænkte på at købe en dåse tun, som jeg kunne vælte ud over noget pasta. Eller måske et glas med pesto” (s. 36).

Honey ender med å bruke resten av pengane på ei av ”de største og flotteste kartoffelkager med marcipan og kakaodrys” (s. 36), som ho gjev vekk. I staden for å fortelje sanninga til mor og be om meir pengar, diktar ho opp ei historie og lyg om at ho har ete:

Hun spurgte så, om jeg havde spist, og det sagde jeg ja til og påstod, at jeg også var kommet til at købe shawarma til Emily fra klassen. [...] Jeg sagde også, at jeg havde købt en chokolade til hende og et halvt kanelbrød, selvom det måske var lidt overdrevet, men et eller andet måtte jeg jo have brugt de 150 kroner på. Der var kun lidt over 20 tilbage. (S. 47.)

Kontrasten er stor mellom den maten Honey har kjøpt eller seier at ho har kjøpt, og måltidet ho ender med å ete til kvelds denne dagen: ”Jeg krydsede fingrene for, at vi havde mælk, så jeg kunne få mig en skål havregryn til aftensmad. [...] Der var ikke mælk nok, men jeg fandt to dåser med makrel og en pakke riskiks i skabet” (s. 47-48).

Dei siterte passasjane følgjer det same mønsteret: Honey kjøper, eller seier at ho har kjøpt, det vi ut frå den økonomiske situasjonen til familien kan kalle luksusmat for dei få pengane ho har til rådighet. Berre i det første eksempelet får ho og familien smake maten sjølv, og når mora bestemmer seg for å pynte kaka med lys, går det tydeleg fram at dette er noko utanom det vanlege. Slik er spenninga mellom nødvendighet og fridom tydeleg til stades i framstillinga av karakterar og miljø i *Hest, hest, tiger, tiger*. Fridomssmaken vert eit ledd i skildringa av den sosioøkonomiske statusen til familien, på ein slik måte at den dårlege økonomien vert framheva. Dei plutslege avgjerslene og dei tilfeldig samansette måltida til Honey viser samtidig eit her og nå-perspektiv som gjev kosthaldet eit tvitydig preg av både ekstravaganse og nødvendighet, men ein ekstravaganse som går ut over hennar eigne matbehov.

Kontrasten mellom ulike matrettar vi kan knyte til høvesvis ein nødvendighetssmak og luksussmak viser eit medvit om mat som uttrykk for sosioøkonomiske forskjellar. Både kontrasten og medvitet om han er eit fellestrekk mellom Honey frå *Hest, hest, tiger, tiger* og Anton frå *Anton og andre uhell*. Anton vurderer sin eigen kosthaldssituasjon som dårlegare enn venene rundt han, medan Honey ikkje ytrar noko tydeleg ønske om eller behov for endring av kosthaldet til seg sjølv, søstera og mora. Å passe inn er svært viktig for henne, men matvanar eller sosioøkonomisk status generelt vert i liten grad trekt inn i refleksjonen rundt dette.

Trass i trong økonomi og prioriteringsbehov er det rom for å kose seg for familien til Honey. Mikala er nemleg ”tosset” med kanelgiflar frå pose, noko heile familien derfor et til stadigheit (s. 8). Til liks med *Anton og andre uhell* vert det ved fleire høve fokusert på emballasjen i *Hest, hest, tiger, tiger*: ”kanelgifler har vi alltid flere poser af på lager” (s. 8), ”Mikala havde hånden nede i en pose kanelgifler” (s. 46) og ”fire tomme poser kanelgifler” (s. 125). I lys av Alston (2008, s. 105) som hevdar at heimelaga mat er eit ideal i barnelitteraturen, er det nærliggjande å lese fokuset på emballasje som ein mangel. Vi finn støtte for ei slik tolking i ei scene i boka der det går fram at kanelgiflane ikkje er i tråd med skulen til Honey sin matpolitikk. Dette vil verte utdjupa i samband med analysen av forsørgjarrolla i neste kapittel.

Vi kan også lese informasjonen om at kanelgiflane kjem frå pose som ein realistisk detalj i skildringa av familien, ein markør for den låge sosioøkonomiske statusen deira. At dei tre familiemedlemmane med jamne mellomrom kjøper ferske bakarvarer til helgefrukosten (s. 15-16) kan derimot tolkast som eit uttrykk for fridomssmak ofte knytt til høgare sosiale klassar. Denne vanen kan synast å bryte med ei skjematisk framstilling av kosthald basert på klassetilhørsle. Samtidig kan det oppfattast som ein typisk dansk vane. Opplysninga kan såleis bidra til å normalisere familien til Honey – dei er ein vanleg dansk familie.

### **Take-away som uttrykk for kulturell openheit og overvekt som klassemarkør**

Som vi har sett er kosthaldet til Honey, Mikala og mora (*Hest, hest, tiger, tiger*) stort sett prega av nødvendige val på grunn av dårleg økonomi, sjølv om det i boka til dels vert grunnlagt med at Mikala vil ha det slik. I *Billie* møter vi også ei mor og dotter som gjennom skildringa av butilhøva og arbeidssituasjonen til mora vert framstilte med låg sosioøkonomisk status. Likevel får vi ikkje inntrykk av at dei tar økonomiske val når det gjeld kosthaldet.

Tvert imot et dei tilsynelatande ofte take-away: ”Mamma och jag är hungriga på olika tider och är sugna på olika saker. Hon hatar thaimat till exempel, och jag lever på det” (s. 26). Også her får vi ei opplysning som kan fungere som ei logisk grunngeving for kosthaldet, nemleg at mammaen ikkje kan lage mat (s. 44).

Take-away kan vere alt frå hamburgerar til sushi, så denne detaljen i seg sjølv gjev ikkje mykje informasjon om kvaliteten på kosthaldet til Billie og mammaen. Tilhøva i heimen er generelt prega av mangel på rutinar, og vi kan moglegvis tolke vanen med take-away som eit eksempel på at dei lever over evne. Vi får vite at Bille er veldig glad i thaimat, medan mammaen ikkje kan fordra det. Å ete mat frå ein annan kultur kan vere eit teikn på kulturell kapital, og det vert ofte kopla til fridomssmak innanfor middelklassen og høgare sosiale lag i samfunnet (Sato m.fl., 2015, s. 182). I barnelitteraturen er det ein tendens til at det framande vert sett på som eit trugsmål, også når det gjeld mat: “Even in texts of the late twentieth century, while there exists an attempt to represent a multicultural society, there remains a certain unease about exotic, foreign food”, skriv Alston (2008, s. 119-120).

Vi må vere varsame med å lese for mykje inn i ein liten detalj i boka. Kanskje skal han berre illustrere eit moderne, fleirkulturelt Stockholm. Det er likevel interessant korleis denne opplysninga om smak kan sjå ut til å hengje saman med sentrale eigenskapar hjå både Billie og mammaen og utviklinga karakterane deira går gjennom i løpet av handlinga. Medan Billie møter verda med eit ope sinn og etter kvart greier å tilpasse seg den nye kvardagen, får vi vite at det motsette er tilfellet for mammaen sin del. Det er Billie som fortel: ”Hon vet inte bättre än att bli avundsjuk. Så har det alltid varit, att när jag klarat saker som inte har funkat för henne blir hon tyst. Hon blir tystare och tystare på skype” (s. 74). Sjølv grunngev mammaen ulikskapen dei i mellom med at ho er vaksen og Billie eit born: ”Mig går det inte att ändra på längre. Men barn är mycket mer lättpåverkade” (s. 35). Uavhengig av kva forklaring som vert gitt på innstillingane deira til situasjonen og omverda kan skildringa av kosthaldet tolkast som eit ledd i karakterteikninga.

Kosthaldet til Billie og mammaen vert elles skildra som svært usunt. ”Jag älskar smör!”, og ”När jag var mindre åt jag smör med sked” utbryt Billie til ein sjokkert fosterfamilie (s. 52). Fleire eksempel på den usunne kosten får vi i ein annan samtale mellom Billie og familien Persson:

[...] ”Det värsta jag vet är äpple.”

Alla stirrar, helt chockade.

”Det är nog för att du inte är så van vid att äta frukt”, säger Petra.

”Nej, bara jag ser ett äpple får jag ångest.”

”Ångest?” Tea tittar på Petra. Hon vänder sig snabbt mot mig igen. ”Har ni ofta godis hemma?”

”Ja, mamma äter mer godis och chips än vanlig mat. Det är sant.” (S. 86.)

Vi veit at usunne kosthaldsvanar er meir vanlege blant samfunnsgrupper med låg sosioøkonomisk status. Samtidig har kvinner generelt eit sunnare kosthald enn menn (Lein, 2012, Sato m.fl., 2015, s. 176). Tilhøva i familien til Honey frå *Hest, hest, tiger, tiger*, der matvanane hjå mor er sunnare enn hjå far, stemmer bra overeins med dette biletet. Som overvektig kvinne med låg sosioøkonomisk status er mor til Billie (*Billie*) dobbelt markert. Kroppar signaliserer også klasse (Bourdieu, 2010, s. 188-191), og overvekta til mor til Billie kan lesast som ei kroppsleggjering av den sosiale posisjonen hennar. I boka vert det ved fleire høve gjort eit poeng av overvekta, som mellom anna vert forklart med eit usunt kosthald: ”[...] kolla hur tjock hon har blivit för at hon äter så mycket godis” (s. 86). Reaksjonen til familien Persson kan tyde på at overvekt er noko ein skal teie om. Det har noko tabubelagt over seg: ”Alvar och Tea kastar en ängslig blick på sina föräldrar. De har förstås lärt sig att man inte får säga så om andra människor” (s. 86). Når Billie viser dei eit bilete, reagerer alle med sjokk og vantru: ”Alla tappar hakan. De kommer ut stänkande ljud” (s. 86).

Også Billie lèt til å vurdere vekta til mor si som noko unormalt. Biletet av mammaen på dataskjermen under ein skype-samtale ei tid etter at Billie har flytta til fosterfamilien fører til følgjande refleksjon:

När jag ska skypa med mamma får jag som en chock för att hon är så stor. Det är då jag inser den verkliga faran med att bo i Bokarp. Tänk om mitt sätt att se på saker förändras, om jag vänjer mig vid synen av det normala så att mitt vanliga liv börjar kännas knäppt. (S. 65.)

Både i dette utdraget og i fleire andre situasjonar i boka viser Billie eit godt utvikla medvit om sosiale prosessar og normer, noko ho har til felles med både Honey frå *Hest, hest, tiger, tiger* og Anton frå *Anton og andre uhell*. Skiljet mellom ”det normala” og ”vanliga” for å skildre høvesvis fosterfamilien og mammaen synleggjer korleis ein tolkar omverda ulikt frå ulike ståtader. Trass i denne innsikta er det tale om ein normal. I dette høvet er normalen fosterfamilien, noko som gjer mammaen til Billie til eit avvik. Dette vert understreka i

følgjande replikk frå Billie: ”Tänk om jag kommer hem och skäller på dig för att du är slapp och äter fel” (s. 65).

Alston (2008, s. 105) koplar framstillinga av matvanar i barnelitterære familiar til ei vurdering av familien som ”good” eller ”bad”, noko som gjer det tydeleg at matmotivert har eller i alle fall kan ha ei sterk verdilading. Dersom tendensen er slik at kosthaldsmønster og kroppar som utanfor litteraturen vert knytt til låg sosioøkonomisk status vert brukt for å signalisere dårlege familieforhold i litteraturen, peikar det mot ein slags negativ determinisme for karakterar frå lågare samfunnslag. Dette gjeld ikkje berre kvaliteten til maten, men også mengda og rutineane, som vil verte diskutert nærare i dei to neste kapitla av analysen.

### **Nødvendig sunnheitsideal**

Familien Persson frå *Billie* og familien til Ine frå *Anton og andre uhell* vert framstilte som akademikarar med høvesvis middels og høg sosioøkonomisk status. Dette går fram av måten dei bur på og jobbane dei har. Kosthaldet er utprega sunt i begge familiane. Familien Persson et ”yoghurt, müsli och hembakat fullkornsbröd” (*Billie*, s. 38), av typen ”naturell yoghurt” og ”mjölig müsli” (s. 88) og ”vegetarisk lasagne med keso och ärtor” (s. 61). Når Petra lagar niste til utflukt i skogen, står denne i stil til kosthallet elles: ”Hon skär upp kokta ägg som hon lägger på grovt bröd. Det hamnar en massa grönsaker på toppen också. Marmeladen lyser med sin frånvaro” (s. 88). Huset er dessutan nesten snopefritt, men familien gjer eit unntak for å få Billie til å føle seg meir heime:

Hon och Mange har köpt chips till filmen, fast de egentligen inte äter chips. [...]

I vanliga fall äter de bare frukt på fredagskvällarna. De köper hem ananas och mango och skär frukten i fina bitar och lägger på ett speciellt fruktfat. Det finns frukt i dag också. Bara Petra äter av den. Mange tar en bit när Petra sträcker fram fatet. (S. 85-86.)

Vi får inntrykk av at det sunne kosthaldet både er svært viktig for foreldra og heilt nødvendig, særleg for Petra. Ho er faktisk redd for usunn mat: ”De farliga ämnena i chips är nog inte så farliga om man får i sig dem ganska sällan”, seier ho for å forsvare at dei har kjøpt potetgull og kanskje for å roe ned seg sjølv (s. 85). Når Billie har fortalt om mammaen sine usunne matvanar, vert Petra synleg stressa: ”Petra fingrar nervöst på sin halskedja. ”Men hon vet säkert hur onyttig det är. Att fel kost kan skada både kroppen och tänderna. Eller hur?”



Rådslan syns tydelig i Petras blick” (s. 86). Kosthaldet i familien Persson er i tråd med Alston (2008, s. 105) sine observasjonar av kva som signaliserer ein god familie.

Som sosial markør utanfor litteraturen, signaliserer sunt kosthald høg sosioøkonomisk status og/eller høg kulturell kapital. Både i og utanfor litteraturen kan dette tolkast som eit uttrykk for nødvendigheitssmak, ”a ”moral” taste of nescesity” (Sato m.fl., 2010, s. 185). I denne samanhengen bidrar nemninga også til å rette søkjelys mot moral som ein del av matmotivet i barnelitteraturen. Det kan verke som det er noko umoralsk over usunne matvanar. Når det gjeld kosthaldet til familien til Ine frå *Anton og andre uhell*, får vi eit inntrykk frå skildringa av Ine si matpakke:

Ines matpakker er en helt annen greie. Nesten intellektuelle, eller noe. Og så er de alltid veldig sunne, i flere bokser, med salat og oppskåret frukt, grovt brød og alt mulig. Og rett som det er har Ines mamma lagt en liten lapp i matpakken hennes, med sånne kloke ord som skal gjøre henne inspirert til å lære. (S. 23.)

Her ser vi eit fokus på form som ikkje er like tydeleg i *Billie*. Det kjem også fram når Anton og Ine (*Anton og andre uhell*) skal lage til romantisk middag for foreldra hennar på bryllaupsdagen. Dei bestemmer seg for å gå for tapas:

På det rødrutete spisebordet står skåler med både kjøttboller og ostebiter og mye jeg ikke vet navnet på. Og serviettene på tallerkenene har røde hjerter som det står ”Love” på.

Ine smiler, nesten litt sjenert. ”Jeg har bare igjen å tenne lysene”, sier hun. (S. 226-227.)

Som ”lett” mat servert i små porsjonar med fokus på presentasjon passar tapas til ein fridomssmak knytt til høg sosioøkonomisk status (Bourdieu, 2010, s. xxix). Opplysninga om at Anton ikkje veit namnet på fleire av tapasrettane byggjer opp under mønsteret med at mat ser ut til å fungere som ein sosial markør i barnelitteraturen. Trass i eventuelle likskapar med samfunnet utanfor er dei litterære framstillingane ei form for konstruert normalitet, eller avvik frå denne normaliteten (Alston, 2008, s. 105). I tillegg til konnotasjonar basert på generelle oppfatningar og tendensar i samfunnet, vil perspektivet til den implisitte forfattaren vere avgjerande for kva som vert vurdert som godt og dårleg i dei litterære universa. Dette skal vi som nemnt sjå nærare på i siste del av analysen.

## *Ollis*

Familiane til Ollis og bestevenninna hennar, Gro, vert framstilte med det vi kan kalle eit umarkert kosthald innanfor den gjevne konteksten. Ollis bruker å ete to skiver med gulost til frukost (s. 77). Ved eitt høve et Ollis middag hjå Gro, og då står fiskepinnar og poteter med ketchup på menyen (s. 80). Vi får også ei skildring av ein frukost Gro et i lag med Ollis sin familie: ”Gro blir hjå Ollis akkurat lenge nok til å svelge tre glas mjølk, fem brødsiver med salami, ein yoghurt og ein banan” (s. 186). Til slutt i boka vert bursdagen til Ollis feira med piknik: ”På land dekker Gro og Einar på piknikbordet med kvit blondeduk, dei fine glasa frå stoveskåpet og ordentlege tallerkenar og skeier. På midten står ei stor blautkake” (s. 201). Til kaka drikk dei raudbrus. Det vert ikkje kommentert om maten er heimelaga eller kjøpt, sunn eller usunn, eller kva noko kostar.

I motsetnad til i dei andre bøkene i materialet er ikkje antitesen mellom ulike smakar ein sentral del av karakter- og miljøskildringa. Ein grunn til dette kan vere at handlinga i *Ollis* går føre seg på ein mindre stad enn dei andre bøkene. Den delen av miljøet vi får kjennskap til er både lite og homogent, og få av karakterane vert derfor skildra i opposisjon til kvarandre som eit ledd i miljøskildringa. Maten spelar likevel ei tydeleg rolle på andre måtar, for eksempel kan det sjå ut til at kakao markerer kos og god omsorgsevne, og kjøkkenet og matlaging er sentrale element i Ollis si vurdering av mora og Einar. Dette vil verte analysert i neste kapittel som handlar om forsørgjarrolla.

## 2. Forsørgjarrolla og maskulinitetsideal

I denne delen av analysen vil fokuset ligge på samspelet mellom vaksenkarakterane når det gjeld matvanar og måltidsrutinar. Kjønnsroller er eit sentralt element i dette, og eg vil som nemnt leggje særleg vekt på maskulinitetsideal. Ifølgje Romøren og Stephens (2002) er skjønnlitterære framstillingar godt eigna til å vise kjønnsperformativitet, altså korleis vi gjer kjønn (jf. Butler, 2004). Det relasjonelle samspelet mellom dei aktuelle karakterane, korleis dei fordeler oppgåvene seg i mellom og korleis åtferda deira vert oppfatta og tolka av andre karakterar er ei viktig kjelde til informasjon om kjønnsrollemønster og -ideal. Vi kan seie at forsørgjaransvaret legg ein ny dimensjon til manns- og kvinnerollene vi skal undersøkje. Som fedrar og mødrer vil karakterane møte fleire og andre forventningar enn som menn og kvinner generelt. Kven som får forsørgjaransvar og korleis dei taklar dette ansvaret vil signalisere noko om kva som vert oppfatta som normalt og ønskjeleg. Kva det er behov for å forklare og kva som ikkje vert stilt spørjeteikn ved vil likeeins vere interessant å undersøkje i lys av normer og ideal for familien og foreldrerolla.

### *Anton og andre uhell* – Åleinefar på skeiva

Pappaen til Anton i boka *Anton og andre uhell* er åleineforsørgjar. Årsaka vert oppgitt tidleg i forteljinga; Pål er åleinepappa fordi mor til Anton er død. Ho døydde i ei ulukke for fleire år sidan. At vi allereie i løpet av dei første sidene får vite kor det har vorte av mammaen, og at ho er død og ikkje for eksempel bur for seg sjølv ein annan stad, signaliserer noko om kva som vert rekna for vanleg og ønskjeleg når det gjeld familiesamansetting, og kva det er nødvendig å forklare. I grove trekk kan vi tolke det slik at det skal mykje til for ei mor å forlate familien sin, og at det ikkje er ideelt å vere åleinepappa. Den siste tolkinga vert støtta at Anton set i gang prosjekt ”finne dame til pappa”, noko vi skal kome tilbake til.

Som åleineforelder er det Pål som tar seg av matlaginga og husarbeidet i familien. Dette har han ei avslappa haldning til, både til kvardags og fest. Når foreldre og føresette skal ta med seg mat til skuleavslutninga, kjem han med kjøpekake: ”Pappa titter rundt seg. Så skyver han fyrstekaken han har kjøpt inn mellom to ostekaker. Og så fniser vi til hverandre” (s. 243). Forholda i heimen vert skildra slik: ”Under kjøkkenbenken er det stablet minst en måneds forbruk av pizzaesker, tomflasker og ølbokser, og i lenestolen i stua ligger sokker uten partnere og gjør livet surt på mange måter” (s. 33). Vi får vite at det ligg ein del støvdottar i

huset elles. ”Pappa er ikke så opptatt av detaljer”, fortel Anton (s. 138). Eit anna teikn på dette er at han ”rett som det er” pussar tennene med sonen sin tannbørste (s. 55).

Alston (2008), som har forska på framstillinga av familie i barnelitteraturen, koplar tilhøva i huset til familien sin moralske tilstand. Rot og mangel på reinhald er eit kjenneteikn ved det ho kallar ”bad families”. Dette gjeld på tvers av sosiale klassar (s. 91). Inndelinga i ”gode” og ”dårlege” familiar og omsorgspersonar kan verke sjablongaktig og stereotypisk, og det vil vere rimeleg å anta at det i moderne barnelitteratur finst fleire nyansar mellom desse ytterpunkta. Likevel er det ifølgje Alston sine tolkingar slik at ein del konservative førestillingar om kjønnsroller, familie og kosthaldsrutinar er til stades i barnelitteraturen også i dag. I kva grad dette dreier seg om element som framleis er aktive på eit strukturelt nivå i tekstane, er eit aktuelt spørsmål som analysen vil nærme seg gjennom dei utvalde fokusområda. Som nemnt i teorikapitlet, kan det også tenkjast at det vil vere forskjellar mellom engelsk barnelitteratur, som Alston har undersøkt, og skandinavisk barnelitteratur.

Alston (2008) nemner ikkje eksplisitt familiar der ein far har foreldreansvaret åleine, og vi kan spørje oss om det vert stilt andre krav og forventningar til menn enn kvinner når det gjeld kosthald og rutinar i heimen. I *Billie* (Kadefors, 2016) finn vi ein liknande situasjon med rot og eit kosthald prega av ferdigmat, berre at åleineforsørgjaren i denne boka er ei mor. Som analysen av morskaraktera og heimetilhøva vil vise, er dette med på å illustrere omsorgssvikt og vert ikkje framstilt som ein normaltilstand. Dei usunne rutinane til pappaen og Anton (Skretting, 2016) vert derimot skildra som eit ganske vanleg scenario, men ikkje heilt ideelle oppvekstvilkår. Rotet og det høge forbruket av pizza kan dels forklarast med at mor ikkje er til stades, og det kan tolkast slik at fedrar vert gitt eit større slingringsmonn i forsørgjarrolla enn mødrer. Begge delar er uttrykk for stereotypiske forventningar til kjønna. Vi får likevel fleire gonger høyre at far til Anton vaskar opp, trass i at mengda av emballasje vitnar om eit kosthald med mykje ferdigmat, og trass i at det er oppvaskmaskin i leilegheita. Det vert altså gjort eit poeng av at han legg ned ein viss innsats for å halde det reint og ryddig på kjøkenet. På dette punktet har Pål fellestrekk med ein annan, meir kjent barnelitterær åleinepappa, nemleg far til Albert Åberg.

Det er også ting som tyder på at Pål og Anton er klare over at stablar med pizzaøskjer, rot og støvdottar er eit brot med idealet om korleis ein skal ha det heime. Eit eksempel er at dei vert flaue når dei får besøk av ein elektrikar som treng tilgang til sikringsskapet. Vi får vite at

faren ”blekner” og han beklagar rotet (s. 33). Anton er heller ikkje heilt nøgd med tilhøva til vanleg, jf. sitatet over om sokkane som gjer livet surt på fleire måtar. Han beklagar seg mellom anna over mangel på reint undertøy og over nistematen sin, som kjem dårleg ut samanlikna med venene sine matpakkar:

Han [Ole] er avgjort klassens matpakkevinner. Boller og nudler og hjemmelaget pizza, dynket med kjærlighet, liksom. [...]

Min er som oftest med kneipp på hver side av en svett osteskive. Langt nede i sekken, og ganske ofte at annet sted enn matpapiret. Faktisk måtte pappa en gang erstatte engelskboka mi, som var blitt ”uegnet for videre bruk” etter at en skive gulost hadde ligget og mugnet mellom sterke verb.

Ines matpakker er en helt annen greie. Nesten intellektuelle, eller noe. Og så er de alltid veldig sunne, i flere bokser, med salat og oppskåret frukt, grovt brød og alt mulig. Og rett som det er har Ines mamma lagt en liten lapp i matpakken hennes, med sånne kloke ord som skal gjøre henne inspirert til å lære. Hun er veldig pedagogisk, Ines mamma. Og jeg synes det virker veldig hyggelig med lapper. [...]

Og ut av sekken trekker Ine en banan. ”Stå på!” har mammaen hennes skrevet på skallet. Med sprittusj. Det er vel sånn det er når man er perfekt og planlagt og rørt sammen i et glass. Da skriver folk på bananen din. (S. 22-23).

At det dreier seg om meir enn ei overflatisk samanlikning for Anton, går klart fram av det kjensleladde utbrotet hans mot slutten av boka, som er sitert under. Også i dette utdraget er det tydeleg at mat vert brukt som ein sosial markør, og at det handlar om langt meir enn næringsinnhald. Enkelte typar mat og praksisar ser ut til å konnotere omsorg og fellesskap:

Det første jeg roper inn i mikrofonen, er: ”Hvorfor kunne du ikke bare vært en advokat eller en tannlege?”

Etterpå roper jeg: ”Og hvorfor baker du aldri kanelnurrer?”

Så svelger jeg tre ganger mens alle er stille.

”Og hvorfor kan du aldri skrive på bananen min?!” skriker jeg, og stormer ut av lokalet. (S. 225.)

Formuleringane ”dynket med kjærlighet, liksom” og ”perfekt og planlagt og rørt sammen i et glass” viser til den ganske såre oppdaginga som Anton gjer om at han eigentleg blei til ved eit uhell. Dette set i gang omfattande refleksjonar rundt livet og kvardagen til han og pappaen, kva pappaen har måtta ofre for å oppdra han åleine, korleis han tar seg ut i auga til andre og kva dei to manglar samanlikna med andre familiar. Alston skriv følgjande om familiar utan mødrer: “generally, when the mother is absent from the home, the family suffers” (2008, s.

78). Dette er, som Alston også påpeikar, ei generalisering, men det kan likevel synast å passe på familien til Pål og Anton på fleire måtar: rutinane i heimen er såpass dårlege at det går ut over Anton sine fysiske, hygieniske og kjenslemessige behov, og når venninna Ine foreslår at far til Anton er deprimert og treng å kome seg ut meir, er han med på tanken. Derfor er det ikkje først og fremst å finne ei ny mor, men ein kjærast til pappa, som vert Anton sitt prosjekt. Det vert også gjort eit poeng av at Anton manglar ”kvinnelige forbilder, eller hva det nå heter” (s. 44). Dette byggjer opp under inntrykket av at framstillinga av kjønn og familie i *Anton* ligg tett opp til tradisjonelle stereotypar, utan å utfordre dei i særleg grad.

Anton sine refleksjonar er interessante i eit kjønnsperspektiv, fordi mykje handlar om utsjånaden og eigenskapane til faren, og at dei altså manglar ei dame i familien. Sjølv tanken om at ein mann treng ei dame kan vi kople til den heteroseksuelle matrisen (Butler, 2004). Når det gjeld ein åleinefar, kan vi vidare setje mangelen i samanheng med idealet om kjernefamilien, som også vert omfatta av den same matrisen. Boka signaliserer at det ikkje er ideelt å vere åleineforsørgjar, i alle fall ikkje som mann, og eit barn treng både kvinnelege og manlege rollemodellar. For å nansere og supplere biletet kan vi trekkje inn Romøren og Stephens (2002) som peikar på fleire tilfelle av ”masculinity under pressure”, det vil seie situasjonar der ein karakter opplever press knytt til utøvinga av maskuliniteten sin, og slik vert møtt med forventingar eller krav om tilpassing og endring. Dette gjeld både åtferda og utsjånaden til pappaen til Anton, i alle fall frå Anton og venninna Ine sitt synspunkt. Ine meiner at Pål er ”litt på skeive”, ikkje homofil, men ”litt mer sånn ... skada. Deppa eller no” (s. 10) og ”en åtter” på ein skala frå ein til ti, der ein er øvst (s. 13). Som kommentert i samband med Anton si samanlikning av matpakkar og det såre ønsket hans om meir kanelbollar, er kosthaldsrutinane ein sentral del av misnøya med faren.

Vi får eit ganske tydeleg bilete av utsjånaden til Pål gjennom Anton sine forsøk på å sjå far sin frå utsida: ”Mann på førti, hull på kneet, lettere ubarbert med vissen hestehale” (s. 15). Han er samd med Ine i at pappaen ikkje er heilt på toppen av hierarkiet og lagar ei liste over kva ein eventuell framtidig kjærast må godta:

*Hestehale (pappas)*

*Svidd pizza*

*Gutter (meg)*

*Pappas yrke (hyttetoaletter)*

Altså, pizzaen er det jo mulig å gjøre noe med. Hestehalen også – vi har jo en saks i kjøkkenskuffen.

Det er nok verre med pappas jobb. Og meg blir hun ikke kvitt. Tross alt. (S. 134.)

Ordvalet ”litt på skeive” og tanken om at ein må godta noko, signaliserer eit avvik frå ei norm, at det finst noko ”rett”. Ein vaksen mann skal ikkje verke deprimert, og han skal ha dame. Det er heller ikkje ideelt å ha dårlege kokekunnskapar, hestehale og ansvaret for ein unge åleine. I alle fall tenkjer Anton og Ine seg at det er slik. Når kosthaldet igjen vert trekt fram, vert det på nytt understreka at matmotivert fungerer som ein markør for far til Anton sin (manglande) attraktivitet som framtidig kjærast og eigenskapane hans som familiefar.

At Anton tenkjer at det både er mogleg og ønskjeleg å ”gjøre noe” med pizzaen, tyder på at han er var for det sosiale samspelet mellom kjønna, at det går an å tilpasse seg og at faren er den som ikkje lever opp til forventningane og følgjeleg bør endre seg eller ”må godtakast”. Dette går i motsett retning av tanken om at åtferda vår er styrt av instinkt og biologi, altså ei form for biologisk determinisme, som framstillinga av kjønnsroller i boka også ber preg av, særleg i samband med seksualitet og sosiale hierarki. Til og med i desse passasjane vert det dels nytta eit språk med tilknytning til matområdet, for eksempel ser Anton føre seg at faren ”skal bli spist, bit for bit” (s. 66) av ei dame som viser interesse for han.

Romøren og Stephens (2002) nyttar omgrepet ”metonymic configurations” for å forklare korleis nokre få element, for eksempel fysiske karaktertrekk eller åtferd kan bidra til å skape eit bilete av ”den kjønna åtferda” til ein karakter. Dette gjeld både mannlege og kvinnelege karakterar. Dei ulike elementa er då å betrakte som delar av skjema som ligg lagra i medvitnet vårt, mellom anna fordi dei er ein del av større kulturelle førestellingar. Gjennom å vekkje assosiasjonar til framstillingar av kjønn og maskulinitet i andre tekstar, tv-seriar og filmar får vi eit element av intertekstualitet i den litterære framstillinga av kjønn (s. 219-220). Mykje tyder på at mat som ledd i person- og miljøkarakteristikkar kan fungere etter eit liknande mønster, noko Alston også er inne på: ”food almost always acts as an indicator of character” (2008, s. 113).

Skildringar av matvanar og kosthaldsrutinar kan tolkast som attributt som fortel noko om ein karakter eller relasjonen karakterar imellom, gjennom å konnotere sosioøkonomisk status,

omsorgsevne og kjønnsroller. Dette føreset at det også på matområdet finst nokre felles førestillingar som kan verte aktiverte hjå lesaren i møte med visse detaljar i teksten. Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen er om og i kva grad den aktuelle teksten går i dialog med slike større kulturelle førestillingar om familie, kjønn og klasse, eller om framstillinga bidrar til å vidareføre stereotypiar.

Mykje av populærkulturen er ”fraught with gender imagery” (Romøren og Stephens, 2002, s. 217) og er slik med på å oppretthalde og vidareføre stereotypiske førestillingar om kjønnsroller. Anton og Ine hentar inspirasjon frå vekeblad for å finne ut ”hva damer liker” og ”hva slags menn de vil ha” (s. 45). Etter råd frå vekeblada går dei i gang med å gjere Pål til ein ny mann, ein som er ”reflektert og kunnskapsrik”, ”mystisk” og ”bør lukte godt på en diskret måte” (s. 56). Anton har meldt faren på strikkekurs (rett nok fordi han sjølv tidlegare har nemnt strikking), og no skal kursleiaren kome heim til dei for å gje han litt ekstra oppfølging. Ine og Anton pyntar leilegheita med puter, teppe, duftlys og legg fram nokre bøker (s. 60-61). Valet av mat er heller ikkje tilfeldig:

”Du kan kutte selleri.”

Ine dumper to søppelsekker ned på gulvet i gangen. Klokka er allerede blitt sju, og jeg har ryddet huset. ”Jeg har hjemmebakte knekkebrød også”, smiler hun, ”med alger.”

Vi er et bra team, Ine og jeg, der vi kutter og ordner og pynter. Og jeg skjønner raskt at ukebladene har rett: Det er absolutt ikke mye som skal til for å friske opp i hjemmet. (S. 61.)

Sunn, naturleg mat er ein viktig ingrediens når Pål skal gjerast attraktiv for ei framtidig dame, ei dame som ”kanskje skal rette ham opp” (s. 62). Ifølgje Sato m.fl. er utprega sunne matvanar vanlegast blant høgare sosiale lag av befolkninga og særleg kvinner (Tomlinson, 2003, i Sato m.fl. 2015, s. 176). Den same koplinga mellom mat og klasse finn vi i teksten, då det er Ine som tar med maten. Innanfor miljøet i romanen vert Ine og familien skildra med høgare sosioøkonomisk status enn Anton og faren. Etter menyen å døme kan det synast som far til Anton både treng dame og ei klassereise. Slik går det likevel ikkje, og det viser seg at vekeblada ikkje alltid har heilt rett. Her ligg det ein kime til kritikk av stereotypiske oppfatningar av kjønn og familieideal, som berre delvis vert utvikla vidare i boka.

Anton og Ine tar for gitt at det er Pål som må endre seg for å verte oppdaga av damene, og dei tar altså utgangspunkt i populærkulturelle førestillingar om kva damer trur at menn vil ha. Romøren og Stephens peikar også på ”the significance of the female for the relational



construction of masculinity” (2002, s. 231). I undersøkinga si av maskulinitet i norske og australske ungdomsbøker kom dei fram til at maskulinitetsidealet ”new sensitive man” (NSMS) oftast vart framstilt som ønskjeleg. Mjuk mann er den norske nemninga for dette maskulinitetsidealet (s. 233), og fleire av kjenneteikna på denne typen maskulinitet handlar om å vise respekt om omsyn og vere støttande i relasjonen til andre menneske generelt og kvinner spesielt (s. 225). Biletet var likevel ikkje eintydig, for Romøren og Stephens fann også at litteraturen skildra ein dragkamp mellom ulike typar av ”hegemonic masculinity”, med følgjande fellestrekk: ”grounded in dominations, physical assertiveness, and egocentric individualism” (s. 217).

Dette maskulinitetsidealet finn vi også fleire referansar til i *Anton*. Under ”turnoffs” i vekeblada *Anton* og *Ine* les finn vi mellom anna ”lange nesehår”, ”Menn som VET at de er deilige” og ”Menn som er damegale” (s. 54-55). Slike karakteristika ligg nært opp til kjenneteikn på HMS (Romøren og Stephens, 2002, s. 220). I tillegg er mykje av retorikken rundt kjønn og seksualitet i boka prega av samanlikningar med dyreriket og naturfenomen:

Det er ikke så lenge siden jeg så en dokumentar om hanner i dyreriket. Tøff konkurranse, der bare de beste fikk seg kjæreste. Noen gnisset bakbeina mot hverandre for harde livet, andre blåste seg opp til ballonger i trynet. Jo, det er nok hardt å være mann. Også pappa, da, som bare er en åtter på skalaen. (S. 15).

Tenkinga på dette området er forankra i biologi framfor sosiale strukturar, det vil seie ei forståing av at biologien er styrande for det sosiale samspelet og ligg til grunn for sosiale hierarki. Naturleggjeringa av kjønnsroller kan vi også kople til HMS og eit ønske om å oppretthalde ein tydeleg dikotomi mellom kjønna (Romøren og Stephens, 2002, s. 220). Samtidig som *Ine* og *Anton* grip etter ”vekebladbiletet” av den perfekte mannen når målet er å få ei dame til å like Pål, er dei klare over at det finst eit anna ideal. Alfahannen er eit typisk eksempel på ”hegemonic masculinity”. Sjølv om både Pål og *Anton* konkluderer med at ingen av dei eigentleg likar alfahannar, avskriv dei ikkje dette idealet heilt, men uttrykkjer i staden ei slags ambivalent beundring. Når *Anton* står kledd i dress og slips og er klar for skuleavslutninga, seier dei begge ”Nesten alfahann” medan dei smiler og er fornøgde (s. 242). Spenninga mellom ulike maskulinitetsideal er såleis tydeleg til stades i *Anton og andre uhell*.

Pål nærmar seg sjølv HMS på nokre område, for eksempel verkar han ikkje å vere spesielt opptatt av korleis han ser ut, eller av sonen sine grenser (han bruker som nemnt tannbørsten til Anton). Han har dessutan ei t-skjorte med påskrifta ”If you obey all the rules, you miss all the fun” (s. 113). Ønsket om endring kjem ikkje frå han, og han er heller ikkje spesielt positiv til forandringa Anton prøver å få til. ”Altså, tingene er som de er”, seier han når han har slutta på strikkekurset og forsøkt å kutte ut dama som leia det (s. 87). På same vis ignorerer han hintet om tilpassing i retning av meir mjuk mann. Legg merke til korleis også dette vert signalisert ved hjelp av matrelaterte referansar:

På stuebordet står knekkebrødene fra i går, og i kjøkkenet står pappa og stabler i oppvaskmaskinen. Et eggeglass det står ”God jul” på. [...]

Så sukker han litt og trekker pusten. ”Du Anton”, sier han ”jeg er egentlig ikke så veldig glad i overraskelser.” (S. 86).

Til slutt får Pål likevel ein kjærast. Vi kan seie at dama vert løysinga på eit problem han ikkje visste at han hadde, og han vert skildra som meir fornøgd etterpå. Han tilbyr seg å gjere nokre endringar på Anton sine premisser, for eksempel ”å skrive på bananen”, og han viser eksplisitt kjensler og omsorg for sonen gjennom å klatre opp i ein stige og seie at han er glad i han, sjølv om han har alvorleg høgdeskrekk (s. 234-235). I tråd med idealet om kjernefamilien er Anton er likevel ikkje heilt overtydd:

”Tror du dere gifter dere?” sier jeg.

”Nei”, sier pappa. ”Tror ikke hun er helt den typen. Men kanskje vi blir litt sånne helgekjæresten en gang. Eller kanskje ikke.”

Men han ser ikke lei seg ut når han sier det. Ikke i det hele tatt.

Så ringer mobilen hans, og jeg blir sittende og tenke på verdensrommet mens pappa snakker på kjøkkenet. Og jeg lurar på om man kan bli rettet opp av en helgekjæreste. (S. 238-239.)

### **Billie – ”The bad mother” og den heteronormative kjernefamilien**

Medan Anton i *Anton og andre uhell* vert oppdratt av far sin åleine, veks Billie frå boka *Billie: Avgång 9:42 till nya livet* opp med berre mor si. I dette tilfellet får vi ikkje vite noko om faren. Det kan tyde på at det ikkje er same behov for å gjere greie for situasjonen når åleineforelderen er ei mor, i alle fall kan vi forsiktig anta at det er slik. Heimetilhøva vert likevel skildra som langt frå både normer og ideal, noko som vert understreka av at Billie må flytte til ein fosterfamilie. Når mor og dotter skypar saman den første kvelden hjå familien

Persson, viser mora tydeleg at ho er klar over normbrotet: ”Det kanskje är för att du inte vet hur en normal familj fungerar”, seier ho for å trøyste dottera som synest det er mykje nytt å verte vant til (s. 35). Normal er eit sterkt ord i denne konteksten, fordi det er med på å nedvurdere oppveksten til Billie og omsorgsevna til mora. Samtidig seier det noko om kva som vert presentert som normalt, altså fosterfamilien.

Alston (2008) nyttar nemninga ”the bad mother” om morskarakterar som ikkje oppfyller forventningane som vert stilt til morsrolla, noko som inkluderer følgjande: ”The mother is expected to sacrifice herself to feed her children, first through the placenta, second through breast milk and finally through preparing good wholesome food to allow the children to grow healthily” (s. 112). Dette kan synast å vere konservative forventningar, særleg i eit moderne, skandinavisk perspektiv. Likevel er det slik at kosthaldsrutinar vert kopla til omsorgsevne, for eksempel når det gjeld å amme og bruk av morsmjølkerstatning. Praksisen til mødrer og familiar med låg sosioøkonomisk status vert vurdert som avvikande frå offisielle mål og forventningar (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 80). Som vi har sett, er kosthaldet til mammaen og Billie alt anna enn sunt og næringsrikt. Dei et som oftast take-away, for ifølgje Billie kan ikkje mammaen lage mat (s. 44). Nøyaktig kvifor ho ikkje kan lage mat, får vi ikkje vite, men ho har fleire fysiske handikap. Dette kan tene som ei rettferdiggjering av mangelen på heimelaga mat, noko som vidare kan byggje opp under førestillinga om at interesse og ferdigheiter for matlaging er tett knytt til ideal for morsrolla. For litteraturen sitt vedkommande gjeld dette ”by custom and tradition”, ikkje ”biological necessity” (Alston, 2008, s. 112).

Det er likevel ikkje diagnosen eller dei fysiske handikappa som er problemet med mor til Billie, meir mangelen på grensesetting og rutinar. Karakteren hennar har eit utflytande preg, både når det gjeld kropp og psyke. Ho vert skildra som sterkt overvektig, deprimert og ute av stand til å ta vare på eiga helse. Relasjonen mellom Billie og mor hennar minner somme gonger om eit venninneforhold og somme gonger om eit omvendt omsorgsforhold, som her:

Jag borrar blicken i henne så att hon ska fatta.

”Vi måste försöka ändra oss båda två i så fall. Du måste ta dina mediciner till exempel.”

Mamma plirar surt mot mig. ”Det vet jag väl.”

”Jag kommer aldrig att få komma hem igen om du inge skärper dig. Har du inte fattat det?”

Mamma tittar ner i täcket. Jag vet ju hur hon bli när man ställer krav på henne, liksom emot allting. Efter några sekunder tittar hon upp.

”Jag ska försöka, Billie. Det är klart jag ska.” (S. 36.)

Mangelen på grensesetting og kontroll får ulike utslag som botnar i eit problem med å regulere egne kjensler, slik det går fram i den siterte dialogen mellom Billie og mammaen. Eit anna eksempel er kosthaldet, som er styrt av lyst og ikkje reglar eller fornuft: ”Hemma äter vi när vi vill. Mamma och jag är hungriga på olika tider och är sugna på olika saker” (s. 26). Inntaket av søtsaker er høgt: ”Mamma har aldrig brytt sig om hur mycket socker jag fått i mig, eftersom hon äter så mycket själv” (s. 56). Billie seier direkte at mora et for å trøyste seg (s. 87). Alston (2008, s. 107) set appetitt i samanheng med begjær, slik at for høg appetitt er eit bilete på manglande evne til å kontrollere lystene sine. Mor til Billie bryt slik enno ein norm knytt til morsrolla, for mødrer i barnelitteraturen skal ikkje ha andre lyster eller begjær enn å ta godt vare på ungene sine (s. 112).

Omfanget av alle utfordringane til mor til Billie kan verke overveldande og tyder på at det skal mykje til for å rettferdiggjere at barnet vert tatt frå mora. Gjennom å framstille morskarakteren som verkeleg sjuk vert det gjort heilt klart at ho ikkje er i stand til å yte den forventa omsorga. Uansett om sjukdomen og plagene skal overtyde lesarane om at denne karakteren verkeleg ikkje er i stand til å ta vare på eit barn, eller om dei fysiske og psykiske handikappa er ei slags markering av manglar ved karakteren si evne som mor, vitnar scenarioet om ei sterk kopling mellom morsrolla og omsorgsevne. Som vi har sett har mor til Billie fleire likskapstrekk med ”the bad mother”, ein karakter som ifølgje Alston (2008) gjerne vert framstilt som mørk og hekseaktig og som berre sjeldan er den biologiske mora. At det i forteljinga om Billie faktisk dreier seg om den biologiske mora er slik med på å gjere ”fallet” endå djupare. Biletet av den ideelle morskarakteren som sjølvoppofrande og sjølvutslettande på den måten at forsørgjaransvaret og omsorgsevna er dei fremste kjenneteikna hennar, kan synast å vere både strengt, reaksjonært og stereotypisk. Likevel verkar det som mor til Billie stadfestar nettopp eit slikt idealbilete gjennom å bryte med det, slik også Alston (2008) konkluderer med i fleire av eksempeltekstane ho har undersøkt.

Fosterfamilien er ein antitese til Billie og mora, noko som i alle fall på overflata er i tråd med grovinndelinga av morskarakterar og familiar i ”gode” og ”dårlege” (Alston, 2008). Medan mor til Billie vert skildra med hovudvekt på negative avvik, vert fostermora skildra i mykje meir positive ordelag. Petra har ein nær engleaktig framtoning: ”Hon är lång och ljus och har fladdriga, vita kläder” (s. 13), ”luktar gott”, ”ler vackert” (s. 14), og auga er ”onaturligt stora”

(s. 15). Dessutan arbeider ho som prest, eit yrke som inneber stor grad av omsorg. Ho ofrar også eventuelle eigeninteresser for å lage mat til familien:

Det visar sig att Petra har gått tidigare från jobbet för min skull. Hon har till och med bakat scones som ligger varma under en handduk i brödkorgen. (S. 51.)

Vid bordet sitter Mange och Alvar. [...] Petra står vid diskbänken och gör i ordning matsäck. Hon skär upp kokta ägg som hon lägger på grovt bröd. Det hamnar en massa grönsaker på toppen också. Marmeladen lyser med sin frånvaro. (S. 88.)

Synsvinkelen i teksten ligg hjå Billie, og det kan tenkjast at ho framhevar motsetnadane for å skape ein avstand mellom seg sjølv og det nye, som er meint å skulle gje betre oppvekstvilkår. Det inneber at skildringa av fosterfamilien kan kome frå eit noko ironisk blick. Fleire av formuleringane kan tolkast i denne retninga, for eksempel ”till och med bakat scones” og poengteringa av at syltetøyet manglar.

Petra og Mange er eit likestilt foreldrepar når det kjem til matlaging, og det første måltidet Billie og kontakten frå barnevernet et i lag med dei er det Mange som har laga til:

Mange har lagat älgstek, eftersom han har frysen full av älg. Hela hans släkt jagar tydligen. Jag visste inte att vanliga människor får lov att skjuta djur i skogarna. Han berättar målande om hur man ger sig av i gryningen med en pirrig känsla i kroppen, hur man smyger fram mellan trädstammarna med alla sinnen skärpta. Hjärtat åker upp i halsgropen när man får syn på det stora djuret. Säger i alla fall Mange. Cecilia nickar intresserat.

”Kan jag be att få potatisen?” frågar Alvar.

Mange hör inte, mal bara på om att skjuta djur. Petra blir alldeles stressad. ”Vi kanske ska byta samtalsämne”, säger hon och ger potatisen till Alvar. (S. 24).

Sjølv om Romøren og Stephens (2002) ikkje nemner jakt blant trekka dei listar opp i samband med skjemaet for ”hegemonic masculinity”, passar skildringa av Mange vi får her godt med inntrykket av dette maskulinitetsidealet. Han vert framstilt som ein slags naturmann som nyt spenninga i å jakte. Samtidig kan dette setjast i samband med å ta vare på familien, fordi han slik skaffar mat som dei kan ete. Mange viser også andre trekk som kan koplast til HMS, for eksempel at han er interessert i sport. Han er både gymlærer og bordtennistrenar. I tillegg elsker han hardrock, og han har ei samling med skrekkfilmar som Petra ikkje veit om (s. 134). Det finst altså grenser for kor mykje han tar omsyn til kjenslene hennar og dei felles

avgjerslene deira om kva reglar som skal gjelde for familien, og vi får vite at han ikkje likar ”att bli tillsagd” (s. 88).

Det må nemnast at både ”naturmannen” og ”sportsidealet” kan vere eigne maskulinitetsideal som har fellestrekk med HMS, men som uttrykkjer ein meir sosialt akseptert macho-maskulinitet (Odenbring, 2015). I det store og det heile vert karakteren til Mange framstilt som ein veltilpassa og likestilt familiefar. Vi kan seie at han har ein nokså fleksibel maskulinitet. Han kan både jakte og lage ”vegetarisk lasagne med keso och ärter” (s. 61). I den grad han opplever press eller forventningar om å innordne seg, gjer han det, eller han held fram med sine eigne interesser i skjul, slik som med filmene.

Trass i at familien Persson er likestilte på kjøkenet og står saman om reglane for familien, finn vi spor av eit meir tradisjonelt kjønnsrollemønster. Vi kan seie at den hemmelege filmsamlinga til Mange er eit eksempel på dette. Medan kvinna har gitt opp alt sitt og ofra seg for borna og familien, har mannen framleis eit eige rom. Alston (2008, s. 98) påpeikar at ei slik fordeling er eit vanleg trekk ved organiseringa av plass i barnelitteraturen. Vi skal komme tilbake til temaet i samband med analysen av forsørgjarrolla og maskulinitetsideal i *Ollis*, der situasjonen artar seg litt annleis.

Vi finn også andre teikn på at Mange har eller får tildelt ein leiarposisjon. Heile familien Persson har faste plassar med matbordet, men det er berre faren sin plass som vert nemnt eksplisitt. Alle reagerer når Billie set seg der utan å vite noko:

”Varsågoda”, säger Mange. Jag drar ut en stol och sätter mig. I nästa sekund märker jag att något är fel. Hela familjen ser liksom generad ut. Tea och Alvar sneglar mot Mange, Petra ler stressat. Mange viftar med handen framför sig som för att tysta dem. (S. 23.)

Når familien skal på sopptur i skogen, er det han som sykklar først. Billie legg merke til dette:

Familjen cyklar på rad genom stan. Längst fram trampar Mange. Att pappan ska leda de andra känns ju inte jättefräscht, men det är säkert viktigt för honom. Han ser i alla fall extremt nöjd ut där han cyklar, i neonblå hjälm, framåtlutad i tävlingsposition. Säkert anstränger han sig hårt för att trampa på i familjevänlig takt men bara längtar efter att spurta iväg. (S. 90).

Det vi får vite i denne scena er egentleg kva forventningar eller tankar Billie har om menn som Mange, og kva type mann ho reknar han for å vere. Ho førestiller seg at han egentleg tilpassar seg mot sin vilje for å vere ein god familiefar. På denne måten vert det relasjonelle forholdet mellom kjønna løfta fram på nytt.

### ***Hest, hest, tiger, tiger – Bøllete helgepappa og arbeidarmor***

Vi hugsar at Pål, pappaen til Anton i *Anton og andre uhell*, vert karakterisert som ”litt på skeiva”. Til samanlikning møter vi i *Hest, Hest, tiger, tiger* ein far som ifølgje dottera er ”for meget” (s. 7). Honey er svært var for kva normer som gjeld for utsjånad og åtferd generelt. Ho listar opp dei forskjellige familiemedlemmane si evne til å tilpasse seg forventningane frå omgivnadane: ”Det hedder *at passe ind*, og det er jeg blevet god til. Den bedste i min familie. Efter mig kommer mor, og til sidst Mikala og far, som er direkte dårlige” (s. 8). Ein situasjon som kan illustrere korleis faren køyrer sitt eige løp er familiedagen med klassa til Honey, der han stiller opp sjølv om det ikkje er hans tur til å ha samvære:

[...] Og han grinede med de andre fædre og talte om, at nu skulle de snart have sig en ordentlig øl. Men far smed ikke kun jakken, han trak også sin T-shirt af og undertrøjen indenunder og gik rundt i bar mave som den eneste og luftede sine store tatoveringer. Jeg kunne med det samme se på de andre forældre, at det var for meget. Måske havde det også med musklerne og steroiderne at gøre. Det havde det nok. Og bedre ble det ikke, da alle fædrene købte en øl. For far købte to øl. En til hver hånd.

Øl er dejligt, når man er en far, og man er på Dyrehavsbakken med skolen, og det er varmt. Men to på en gang er ikke dobbelt så dejligt. Det er for meget. Det vidste jeg godt. (S. 12-13.)

Denne tekstpassasjen skildrar på ein treffande måte korleis far til Honey utøver maskuliniteten sin og ”solar seg i glansen” av farsrolla. Uttrykket ”når man er en far” er særleg interessant. Samtidig som det vert slått fast at denne mannen er ein far, viser teksten at det er noko som skurrar i det sosiale samspelet mellom han og dei andre fedrane. Teksten både påstår og set spørjeteikn ved karakteren sin funksjon som far. Med utgangspunkt i Butler (2004) si forståing av at kjønn er noko vi gjer, meir enn noko vi er, kan vi seie at det same til ein viss grad gjeld for foreldrerolla. Far til Honey er far på papiret, men det avgjerande vert likevel korleis han oppfører seg og i kva grad han lever opp til eller ikkje lever opp til dei forventningane som farsrolla fører med seg.

Situasjonen over viser i alle fall to brot med forventna åtferd av ein far på familiedag med skulen, begge sortert under det Honey persist kallar ”for meget”: han drikk for mykje og han spradar rundt i bar overkropp. Dessutan har han tatt anabole steroid for å byggje musklar. Han viser ingen teikn til måtehald, men ”bæller den ene øl efter den anden” (s. 14). I samband med analysen av mor til Billie såg vi at Alston (2008, s. 107) les problem med å kontrollere matinntaket i overført tydnad som eit uttrykk for at ein ikkje greier å kontrollere egne behov og begjær. Dette vert igjen tolka som ei brest i omsorgsevna. Korleis passar denne tolkinga på far til Honey? Han vert skildra som ein mann som både nyt alkohol og likar å kikke på damene, noko vi på den eine sida kan sjå som eit teikn på at moderne, skandinavisk barnelitteratur er kompleks og samansett i val av motiv (jf. Goga, 2013 og Warnqvist, 2015). At det dreier seg om ein mannleg karakter, som i utgangspunktet ser ut til å verte gitt eit større handlingsrom enn kvinnelege karakterar med forsørgjaransvar, og at denne karakteren ikkje kan seiast å verte positivt vurdert av omgivingane han er ein del av, fører likevel til at grensene for kva som er akseptabel åtferd for ein foreldrekarakter ikkje vert utvida.

Eit anna teikn på dårleg omsorgsevne er å lokke med mat, for så å halde han tilbake. Hjå Alston (2008, s. 112-113) vert dette knytt til morskarakterar. I *Hest, hest, tiger, tiger* er det derimot far til Honey som handlar etter eit slikt mønster. Han bed stadig dottera ut på ein kopp kakao, men det viser seg at han eigentleg er ute etter å låne pengar:

”Hva’ så Honey. Skal vi lige gå en tur og få en kop kakao?”

Så er det som regel sidst på måneden, og fordi han vil låne penge. Bare en hundredemand til i morgen. Eller hvor meget jeg nu har. Jeg må ikke sige det til mor.

Af og til får han lidt. Mor giver mig somme tider en håndfuld mønter eller et par sedler med til frokost og indkøb, som jeg alligevel ikke behøver at bruge det hele af. Og far stikker pengene i lommen og kysser mig på håret og siger, at han ikke ved, hvad han skulle gøre uden mig.

[...] Jeg har faktisk aldrig fået en kop kakao. (S. 6.)

Ein av artiklane Sato m.fl. har undersøkt i den narrative oversikta si nemner ulike matdiskursar knytt til familiematbordet: ”food as a material good, as a reward, as nutrition, and as pleasure” (Ochs et al., 1996, i Sato et al., 2015, s. 179). Denne typen inndeling og nyansering av den sosiale funksjonen til mat kan gje ein ny dimensjon til kakaomotivet i *Hest, hest, tiger, tiger*. Varm kakao kan her signalisere både ”material good”, ”reward” og ”pleasure”. Det er nærliggjande å lese fråværet av varm kakao som eit fråvære av materielle gode, i og med at far til Honey heilt tydeleg manglar pengar. Dersom vi går ut frå at kakao



også signaliserer ei slags påskjønning og kos, vert mangelen på kakao eit meir alvorleg uttrykk for farskarakteren si sviktande omsorg. Han skaper forventningar om noko godt, som han bryt. På eit vis kan dette også tolkast som at far til Honey veit kva som vert forventa av han som omsorgsperson og har eit ønske om å leve opp til desse forventningane, men han kjem til kort.

Vi kan lese kakaoscenene som eit nytt eksempel på far til Honey sitt problem med å tilpasse åtferda og kontrollere behova sine. Til og med dei planlagde besøka av dottera annankvar helg slit han med å organisere. Også her er det eit fråvære av mat:

Far glemmer alltid at købe morgenmad. Det er, fordi han normalt ikke selv spiser om morgenen. En enkelt gang tog jeg selv cornflakes med, men far havde alligevel ikke noget mælk. Så prøvede jeg med vand. Det gik an, men var ikke vildt lækkert.

”Det er fandeme også for dårligt,” sagde far. ”Jeg kan ikke engang sørge for min egen datter.”

Og han så helt deprimeret ud og hang med hovedet nede mellem sine store skuldre. (S. 20.)

Som Billie må Honey vere den vaksne ansvarlege i relasjonen med forelderen. Det er dessutan fleire fellestrekk mellom framstillinga av dei to vaksenkarakterane sine manglar som forsørgjarar, trass i kjønnskilnaden. I motsetnad til dei fleste andre karakterane i bøkene har dei ikkje namn. Dei er først og fremst foreldre, men ingen av dei greier å leve opp til eller tilpasse seg samfunnet sine krav og forventningar til ein forsørgjar, noko som resulterer i at dei berre får ha avgrensa kontakt med borna sine. Bresten i omsorgsevna vert mellom anna uttrykt gjennom manglande eller usunne kosthaldsrutinar. I tillegg har karakterane fysiske trekk som i seg sjølv ikkje nødvendigvis har noko å seie for omsorgsevna, men som gjennom samspelet mellom karakterane og handlinga i bøkene vert til negative kjenneteikn. Honey skildrar armane til far sin på denne måten, etter å ha nemnt at ho har høyrte folk seie at han ”spiser steroider”:

Min far har kæmpe overarme. Koloenorme faktisk. De er så store, at han ikke kan holde dem lige ned langs siderne. De sidder altid et stykke ud fra kroppen og stritter ligesom på en actionfigur, selv om der egentlig ikke er meget action over ham. (S. 7.)

Det er mogleg å førestille seg at mor til Billie sin store kropp og far til Honey sine sterke armar kunne signalisere ei trygg famn, men det motsette er altså tilfellet. Eg tolka tidlegare i analysen dei mange negative kjenneteikna ved mor til Billie som ei stadfesting og forsterking

av koplinga mellom morsrolla og evna til å yte omsorg. Det verkar som eit brot med dette idealet er så alvorleg at karakteren må skildrast som "the bad mother" (Alston, 2008). Med ei formulering frå Romøren og Stephens (2002, s. 222) kan vi seie at både mor til Billie og far til Honey vert framstilte med ein stor grad av "otherness". I denne nemninga ligg det at normene og ideala for akseptabel åtferd og utsjånad vert oppfatta som naturlege og gjerne ikkje er synlege før nokon bryt dei. Når dette skjer, vert dei derimot synleggjorde gjennom eit negativt eksempel og normbrytaren vert "den andre" som ikkje oppfører seg slik som "oss".

Romøren og Stephens (2002, s. 222) går så langt som å hevde at nokre farskarakterar kan verte "rendered humanly inept", mellom anna dersom dei utøver HMS. Honey samanliknar far sin både med ein litt trist actionfigur og "en robot med en tudse i halsen" (s. 71) og mor hennar er bekymra for om dottera manglar "en mand i hverdagen" (s. 121). Både Honey og mora skildrar her faren gjennom ei nedvurdering av ferdigheitene hans som menneske og mann.

Far til Honey ligg nært opp til HMS på mange område, i den grad at vi kan seie at han kroppsleggjer dette maskulinitetsidealet. For eksempel er han "self-regarding", "overbearing in relation to women and children", "(over)fond of alcohol", "misogynistic", "sport-focused", "insensitive" og "aimless" (Romøren og Stephens, 2002, s. 220). Han manglar dessutan evna til å samarbeide og setje seg inn i andre sin situasjon, ein eigenskap Romøren og Stephens som nemnt løftar fram som gjennomgåande positivt i bøkene dei har analysert. Dette er truleg ei medverkande årsak til at faren ikkje legg merke til sanksjonane mot han, som dreier seg om alt frå ignorering og blick til direkte konfrontasjonar. Trass i at Honey går langt i å akseptere faren slik han er, er ho klar over at åtferda hans går ut over sjølvkjensla hennar og fører til eit innskrenking av handlingsrommet. Dette kjem eksplisitt til uttrykk i følgjande refleksjon: "Det er utroligt, så lille jeg kan blive" (s. 14).

Den manglande evna eller viljen til å ta omsyn til andre sine meiningar og behov resulterer også i eit dårleg samarbeid med mor til Honey om kva reglar som skal gjelde for kosthaldet. Frukostscenarioet hjå far, som er sitert lenger oppe, held fram på denne måten:

"Sodavand og chips er da fint," sagde jeg. "Vi får aldrig lov til den slags hjemme hos mor."

"Nej, det gør I vel ikke," sagte far og grinede og daskede mig på skulderen. "Hun er så pissesur altid." (S. 20.)

Mor, på si side, er heller ikkje imøtekommande ovanfor faren. Honey er usikker på om han ”skred”, eller om ”mor smed han ud” (s. 5) og fortel at dei berre kranglar. På familiedagen med klassa er mora tydeleg stressa over oppførselen hans:

Hun forsøger, så godt hun kan, at ignorere ham, mens hun kæderyger og griner højt af alt, hvad de andre mødre siger, og slet ikke opdager, hvordan de vifter vildt med hænderne, hver gang hun oser dem ind i hovedet.

Af og til bliver hun også lidt fuld. Bare sådan fjollefuld, ikke mere end de andre forældre, men alligevel. (S. 13-14.)

Det verkar som Honey kunne ønskje at mora valde ein annan tilnæringsmåte til situasjonen, trass i at ho oppfører seg omtrent som dei andre når det gjeld alkoholinntak. Honey gjev altså uttrykk for å ha høgare forventningar til mor si enn far sin. Dette kan ha fleire årsaker. Det er mora som har hovudomsorga for døtrene. Basert på det vi kan tolke ut frå kosthaldsrutinane viser ho seg som ein betre omsorgsperson. Frukostrutinane i heimen er sunnare og meir stabile enn hjå faren, noko vi finn fleire referansar til. Honey fortel for eksempel at dei byter på ”at gå ned og hente brød om søndagen” (s. 15). I motsetnad til faren har dei også både ”havregryn og mælk” i huset (s. 30). Det er elles interessant at ho, slik som far til Anton i *Anton og andre uhell*, feirar med kjøpekake når den eldste dottera har ein merkedag:

Mandag morgen blev Mikala vækket med morgenmad på sengen og flag og gaver, da det var hendes holde-op-med-at-bide-negle-årsdag. [...]

Mor hældte æblejuice i tre glas, anrettede rundstykker på nogle tallerkener, som hun stillede på gulvet og i vindueskarmen og hentede til sidst en chokoladekage, hun havde købt i Fakta dagen før og selv pyntet med ekstra glasur og krymmel. (*Hest, hest, tiger, tiger*, s. 122.)

Basert på tolkingane av litteraturen ho har lese, held Alston (2008, s. 105) fast på at idealet for ein god familie er heimelaga mat og faste rutinar, uansett klassesetilhøyrslø. At mor til Honey pyntar kjøpekaka ekstra kan vere eit uttrykk for dette idealet. Sjølv om ho serverer kjøpekake, gjer ho ein innsats for å setje sitt eige preg på denne. Det kan også vere eit uttrykk for at ho ”fuskar”, eller tar snarveg. Seinare i forteljinga får vi vite at Miakala sin ”absolutte yndlings” når det kjem til kake er noko som heiter ”drømmekage” (s. 88). Mora lagar altså ikkje det beste dottera veit. Vi kan seie at morskarakteren i *Hest, hest, tiger, tiger* går i dialog med ”the myth of the perfect mother” (Alston, 2008, s. 107). Mor til Honey stadfestar ikkje idealet, men utfordrar det med å vise fram eit meir realistisk bilete av familiesituasjonen.

Som hovudforsørgjar jobbar ho lange dagar, og økonomien er stram. Det ville såleis vere usannsynleg om ho brukte mykje tid på matlaging i tillegg. Matlaging vert likevel framstilt som noko positivt og ønskjeleg, sjølv om det dreier seg om halvfabrikata: ”En gang imellem laver jeg Knorr's lasagne, til mor kommer hjem. Så bliver hun altid så glad” (s. 9).

Trass i at karakteren hennar på nokre område verkar å representere ei nyansering og verkelegheitsnær tilpassing av idealet for morsrolla, vert mor til Honey møtt med press om å endre kosthaldsrutinane i heimen. Kanelgiflar frå pose er som nemnt noko av det aller beste Mikala veit, og ifølgje Honey har dei alltid eit lager heime (s. 8). Innanfor veggene av leilegheita er ikkje dette eit problem, men utfordringar oppstår i møte med samfunnet utanfor. Når mor har gløymt å kjøpe brød, og Honey får kanelgiflar med seg i matpakka, skjer følgjande:

”Du er vel nok heldig,” sagde Maria, vores klasselærer, da hun så det.

Og jeg smilede glad og guffede i mig.

Men allerede dagen efter, da mor stadig ikke havde købt rugbrød, og vi havde masser af kanelgifler tilbage, kunne jeg se på Marias ansigt, at jeg ikke var så heldig længere. For slet ikke at tale om tredje og fjerde dag. Børnene begyndte også at hviske. Og femte dag som var en fredag, ringede Maria hjem til mor om aftenen og sagde, at der var noget i skolen, som hed madpolitik. Mor var rød i kinderne, da hun lagde på. (S. 8.)

Då vi ikkje får nærare informasjon om kva brotet med skulen sin matpolitikk går ut på, kan vi ikkje seie sikkert om det er kjøpemat eller usunn mat som er hovudårsaka til at det vert reagert mot mor til Honey. Truleg er det ein kombinasjon av desse faktorane. Ifølgje Alston (2008, s. 119) er det slik at ferdigmat ofte vert brukt som ledd i negative framstillingar av familiar i barnelitteraturen, noko som heng saman med eit konservativt familieideal og ei forventning om at morskarakteren skal ofre seg for borna. Mor til Honey sørgjer for borna gjennom å jobbe lange dagar, samtidig som ho innimellom tar seg fri for å følgje opp Mikala ekstra. Ho ordnar til frukost og delegerer ansvaret for matlaging vidare til Honey. Det er mogleg å lese rutinesvikta som eit signal om at ho ofrar seg på ”feil måte”. Dersom bollane hadde vore heimelaga, eller frå eit bakeri, i staden for frå ein pose kjøpt i matbutikken, kan det tenkjast at saka hadde vorte vurdert annleis av læraren. Heimebaka bollar har, som vi har sett høg status i *Anton og andre uhell*, både som nistemat og elles.

Framstillinga av morskarakteren i *Hest, hest, tiger, tiger* er ikkje svart-kvit. Ho er ikkje anten

”god” eller ”dårleg” mor, men viser trekk frå begge hovudtypane Alston (2008) identifiserer i forskinga si. Dette kan skuldast den skandinaviske barnelitteraturen har ein meir kompleks karakter enn materialet Alston har studert, eller at framstillinga er meir open, på den måten at det vert opp til lesaren å trekkje konklusjonar. Samfunnet rundt reagerer likevel når åtferda hennar bryt med det konservative idealet om ein morskarakter som ofrar egne behov for ungane og sørgjer for sunn og heimelaga mat. Røykinga hennar kan tolkast som eit teikn på det første. Vi har sett at dei andre morskarakterane som er til stades på skuleavslutninga gjev uttrykk for misnøye med å få røyk i andletet.

At mot til Honey røykjer kan også fungere som ein klassemarkør og eit uttrykk for realisme, nokre foreldre røykjer faktisk. Når vi les at ”luften var tyk af røg” etter at mora og Mikala har feira bursdag med å ha fri, ete kanelbollar og sjå på tv heile dagen (s. 125), er det eit av fleire eksempel på detaljar og situasjonar der morskarakteren går i dialog med tradisjonelle forventningar knytt til morsrolla og omsorga og forsørgjaransvaret som følgjer med. Når brota med idealet vert synlege for andre utanfor familien, vert familiemedlemmane utsette for sanksjonar, og det vi kan kalle institusjonelle omsorgsinstitusjonar grip inn. Dette ser vi både i *Billie* og *Hest, hest, tiger, tiger*. Eit fellestrekk som er verdt å nemne er at begge desse mødrene verkar å ha låg sosioøkonomisk status.

### ***Ollis* – Postkortpappa versus mjuk stefar**

Maskulinitetsideal er eit gjennomgåande tema i *Ollis*, då vi møter to farskarakterar som står i tydeleg opposisjon til kvarandre. Dei aktuelle karakterane heiter Borge og Einar og er høvesvis biologisk far og stefar til hovudpersonen. Borge, av *Ollis* kalla Borgefar, er i byrjinga av forteljinga berre eit namn på innsida av ein sekk som har vore hans og eit andlet på eit bilete. Dei førestillingane og fantasiane ho har om han vil såleis vere ei sentral kjelde til forventningane hennar om korleis ein far skal vere. Einar er kjærasten til Elisabeth, mor til *Ollis*. Han stiller opp på heimebane medan ho tar seg av den felles babyen deira, til stor frustrasjon for *Ollis*. Vi skal undersøkje begge farskarakterane nærare i lys av Connell sine skjema for maskulinitetsideal, slik dei vert overførte til ungdomslitteratur av Romøren og Stephens (2002).

Allereie første gong Borge vert presentert for lesaren, er det i opposisjon til Einar: ”Einar seier at *Ollis* også kan kalle han pappa, men det er ikkje nokon vits. *Ollis* har sin eigen pappa.

Borge heiter han. Ollis kallar han Borgefar, men han har aldri budd med Ollis og mamma” (s. 9). Trass i at han er fråverande, vil Ollis altså heller ha den biologiske faren enn ein stefar som er til stades. Fråværet av Borge tar så stor plass at det ikkje er rom for Einar i tankane til Ollis. Ho lyg til bestevenninna si, Gro, om at ho har kontakt med far sin. Då seier ho mellom anna at dei ”les eldgamle aviser og steiker pølser i brødristaren og ler seg i hel. Og at dei går på kafé og skriv ”Ollis og Borgefar er rå folk!” under kaféborda med vassfast tusj” (s. 25). Dette med å grille pølser i brødristaren er noko som passar stilen til Ollis og Gro, for dei likar begge to godt å finne opp ting. Ollis ser for seg far sin i sitt eige bilete, ut frå erfaringane ho har gjort seg om kva som vil vere kjekt å gjere. Den enkle menyen står elles i stil med dei andre skildringane av mat vi får i boka og kan ikkje utan vidare takast til inntekt for ei oppfatning om at menn ikkje treng å kunne lage mat.

Det mentale biletet Ollis har av far sin og eigenskapane hans er supplerte med ei teikning av eit fotografi av Borge som held henne i armene som baby. Vi ser ein kraftig, skjeggete mann med tatovering av eit anker på den eine armen. Han gliser breitt medan han kikkar ned på barnet (ill. 2, vedlegg). Ollis har også ein sekk merka med ”Meining Borge” (s. 11). Både militæret og sjømannslivet vert konnotert med ein viss grad av macho-maskulinitet.

Opplysningane vi får om Borge sin yrkeskarriere bidrar til å aktivere skjemaet for hegemonisk maskulinitet. Dette er ei generalisering basert på nokre få detaljar, men som vi har sett er det ifølgje Romøren og Stephens (2002, s. 219-220) nettopp slik skjemaet fungerer, som ei form for intertekstuell kopling mellom forteljingar om ein viss type maskulinitet i ulike medium. Dette tyder likevel ikkje at ein karakter er ”låst” til ei bestemt rolle og derfor ikkje kan utvikle seg vidare i løpet av teksten. At eigenskapane knytt til HMS går i motsett retning av tilpassingsvilje og evna til å ta andre sitt perspektiv, samtidig som denne typen maskulinitet ofte vert nedvurdert både i tekstane i materialet mitt og hjå Romøren og Stephens, er såleis eit paradoks.

Neste møte mellom far og dotter finn stad når Ollis rømmer heimanfrå, og greier å spore opp Borge i ein båt i kommunesenteret, Hamna. Vi ser den same, store mannen, men no heng han med hovudet og vil ikkje vite av Ollis (ill. 3, vedlegg). Han er morsk mot den for han framande jenta som bankar på, og det er svært rotete i båten. I teksten vert rommet skildra slik:

[H]o kan skimte ein liten kjøkkenbenk. Den er full av oppvask, gamle mjølkekartongar og tomme flasker. [...] Det ligg noko overalt. Gamle aviser, samanrulla sokkar, brukte glas og kaffikoppar med gammal kaffi. Det luktar ei blanding av sur mjølk og noko Ollis ikkje heilt kan sette fingeren på. Noko søtt. Heilt inst i det smale, mørke rommet kan ho skimte mannen. Håret hans er litt bustete, og skjorta er berre lukka med to knappar midt på. Han lener begge olbogane på bordet. Overkroppen er bøygd, og to hovne nevar held rundt ein kaffikopp. (S. 162-163.)

I samband med analysane av heimetilhøva til Anton frå *Anton og andre uhell* og Billie frå *Billie* viste eg til at Alston (2008, s. 91) les ein rotete heim som eit bilete på at ikkje alt er som det skal vere. Ho hevdar at dette særleg gjeld ”adult spaces”, noko som er treffande for båten til Borge. Ein kan innvende at det ikkje bur nokon born i båten, så det er heller ikkje nokon grunn for han til å halde det ryddig, eller gje slepp på ungarlivet sitt. Ollis sitt sterke ønske om å ha eit forhold til far sin, og faktumet at han er ein farskarakter i ei barnebok, forsørgjaransvar eller ikkje, gjer det likevel relevant å trekkje inn teori knytt til framstillinga av familie i barnelitteraturen. Rotet bidrar såleis til å underbyggje Borge si haldning når han seier at heimen hans ikkje er nokon stad for born (s. 163). At mjølka har vorte sur og den søte lukta som kopla med flaskene kan tyde på alkohol, er fleire teikn på det same. Når Ollis kjem, set Borge i gang med å rydde, trass i at han elles held fram med å vise ei avvisande framferd. Sjølv om han kanskje først og fremst treng noko å halde seg opptatt med, sender ryddinga eit signal om at han prøver å tilpasse tilhøva til den uventa gjesten. Han viser uansett ingen teikn til å tilby henne mat.

Møtet på båten vert ein maktkamp mellom far og dotter. Ollis sine forventningar til kva farsrolla går ut på kjem fram også her:

”Eg ...” Han kremtar igjen. ”Eg er ingen far. Eg klarer ikkje ...”

”Det er ikkje noko å klare”, seier Ollis. ”Vi treng berre å vere glade i kvarandre.”

Frå Borgefar kjem eit lite, rart kvekk. Han mistar tårnet med koppar ned i vasken med eit brak.

”Gå! Du må gå!” seier han morskt.

”Nei”, seier Ollis.

”Eg kan ikkje ta vare på deg!”

”Du treng ikkje det!” Ollis slår oppgitt ut med armane. ”Eg klarer meg sjølv! Eg kan til og med hjelpe deg. Eg kan rydde, og vaske opp, og ...”

Borgefar snur seg mot ho. Utan å sjå ho i auga tar han ho i akslene og dyttar ho mot døra.

”Gå!” buldrar han. [...] (S. 168.)

Den nokså brutale framferda til Borge passar godt saman med HMS og eigenskapane ”a verbal or physical bully” og ”violent” (Romøren og Stephens, 2002, s. 220). Han reagerer med avvising og fysisk maktbruk når han står ovanfor ein ubehageleg situasjon. Samtidig får vi inntrykk av at det ligg noko sårt bak åtferda hans.

Seinare fortel Ollis mor si om møtet med Borge, og Elisabeth kjem då med ei utførleg forklaring på kvifor han ikkje har vore ein del av familien anna enn i Ollis sin fantasi. Ho gjentar fleire gonger at han ikkje har ønskt seg forholdet til familien, slik det har vorte, men at å reise vekk var den einaste løysinga han greidde å førestille seg: ”Han klarte ikkje å vere den pappaen han ynskte”, ”gav seg sjølv innvendig juling kvar einaste dag” og ”vart sjuk av det”, ”har aldri klart å be om hjelp”, ”torde ikkje snakke om det, og då vaks frykta seg større og større”. Å vere postkortpappa er det einaste han klarer, ”same kor mykje han vil det annleis” (s. 188-189).

Postkorta er elles ikkje noko Borge meistrar spesielt godt. Ingen av dei har kome fram før Ollis og Gro finn den hemmelege postkassa i skogen og møter Borgny Ur, fordi han har gløymt å skrive på eitt av førenamna. Ollis er kalla opp etter heile fem sterke damer frå historia, men Borge greier ikkje å hugse alle. I tillegg avslører poststemplinga at han ikkje er den tøffe og spennande sjømannen vi kan få inntrykk av. Trass i at korta har motiv frå heile verda, er alle sende frå Hamna. Vi kan seie at Elisabeth sin forsvarstale for Borge sine handlingar viser ei svært forståingsfull haldning ovanfor problema hans med å tilpasse maskuliniteten sin i tråd med dei krava forsørgjarrolla inneber. Samtidig vert han skildra som både redd og sjuk, fordi han held for mykje inni seg. Sjølv om mor til Ollis forsvarer Borge, kan vi ikkje seie at ho forsvarer hegemonisk maskulinitet. Snarare tvert imot.

I motsetnad til i *Anton og andre uhell*, der alfahannen langt på veg vert forklart som sterk og naturleg, får vi her ei sjukleggjering av karaktertrekk knytt til HMS. Dette inntrykket vert forsterka av at Borge ikkje kan slå seg til ro og leve godt med å vere postkortpappa, men tydeleg lid under at han ikkje lever opp til det han sjølv ser på som normer og ideal for farsrolla, der forsørgjaransvaret er ein sentral del. Også far til Honey frå *Hest, hest, tiger, tiger* heng med hovudet når han innser at han ikkje greier å vere ein god forsørgjar for dottera fordi han ikkje tilbyr ho ein sunn og næringsrik frukost (s. 20). På ein måte representerer dette eit brot med HMS-skjemaet, då denne typen maskulinitet mellom anna vert kjenneteikna av ei viss sjølvtilfredsheit. Romøren og Stephens (2002, s. 220) nyttar uttrykket ”to be self-



regarding”. Når framstilling av hegemonisk maskulinitet hjå farskarakterar fører til triste erkjenningar over å ikkje strekke til som omsorgspersonar og forsørgjarar, men ikkje til faktisk endring i åtferda, vert det håplause i situasjonen understreka. Bodskapen synest å vere at hegemonisk maskulinitet ikkje let seg kombinere med familielukke. At vaksenkarakterar som uttrykkjer denne typen maskulinitet får roller som helgepappa og postkortpappa, og langt på veg mislukkast også med desse oppgåvene, bidrar til ei marginalisering og ytterlegare nedvurdering av HMS i kombinasjon med farsrolla.

Refleksjonen rundt å *vere* far og *gjere* far knytt til Honey sin pappa (*Hest, hest, tiger, tiger*) tidlegare i analysen er relevant for Borge og Einar. ”Eg er ingen far”, seier Borge (*Ollis*, s. 168), sjølv om han ”på papiret” er nettopp det. Einar, derimot, er ikkje den biologiske faren til Ollis, men han tar på seg papparolla og forsørgjaransvaret. Barnelitterære stefedrar har ikkje dei same negative konnotasjonane knytt til seg som dei kvinnelege motstykkane sine, men Ollis er skeptisk til Einar og prøver stadig vekk å avvise og avfeie han. Ho uttrykkjer direkte at han ”høyrer ikkje til her” og at han ikkje treng ”late som om dei fire er ein familie, slik han gjer” (s. 75-76).

Alston (2008) skriv om ”the substitute father figure” at han representerer eit trugsmål for familien, noko som kan vere ei treffande forklaring for Ollis si innstilling til Einar. Ho koplar trugsmålet til fordelinga av rom:

The intrusion of the non-family male or the substitute father figure is unsettling; as a stranger he poses a threat and this is shown by his colonization of the family space, for if space equates to power then power remains with the father figure, no matter how new or temporary he might be, even in contemporary texts. While mothers are still often depicted in the kitchen they have never had a ‘room of their own’ [...]. (S. 99.)

Hjå Ollis og mammaen har det aldri budd ein mann før Einar. Det er såleis naturleg at kjøkenet har vore dominert av damer og at Elisabeth har tatt seg av matlaginga, utan at dette kan takast til inntekt for ei konservativ framstilling av kvinne- og morsrolla. No er mor til Ollis opptatt med å mate og stelle veslebroren, medan Einar ofte oppheld seg på kjøkenet. Framtoningen hans er lite truande (ill. 1, vedlegg), men at han gjennom å vere på kjøkenet og lage mat tar mora sin vande plass kan bidra til å forklare kvifor Ollis er så skeptisk. For Ollis opplevast det som han også tar mora frå henne, og på denne måten representerer Einar eit trugsmål.

Dei to vaksenkarakterane vert skildra som svært forelska, for eksempel sit Einar på fanget til Elisabeth, og ho skriv ein romantisk lapp til han. Ollis finn lappen når ho kjem inn seint på kvelden utan å ha sagt kor ho har vore, og trur først han er til henne. Det står mellom anna ”Hei, skatt” og ”Eg saknar deg veldig når du ikkje er her” (s. 83). Når det går opp for Ollis at lappen er til Einar, byrjar ho å tvile på om mora bryr seg om henne. Ho minnest tilværet med mammaen utan Einar som ein slags naturtilstand, der dei plukka hestehov og rodde på vatnet. Dessutan drakk dei kakao (s. 75). Kakaoen kompletterer skildringa av kor koseleg og fint dei to hadde det i lag, samtidig som vi får stadfesta at Elisabeth var ei god mor. Kontrasten mellom då og no tyder på at det ikkje berre er det fysiske nærværet til Einar som er eit trugs mål for Ollis, men like mykje Elisabeth sine romantiske kjensler og begjær.

I den første scena vi møter Einar lagar han frukost til familien. Han er i godt humør, spøkjer med Ollis og oppmodar henne om å ete:

”Neimen, hei Ollis, vil du ha ein bollis?”

Einar står åleine ved kjøkkenbordet og raslar med korga med rundstykke i. Ollis vil helst snu, men ho må ete noko, så ho ristar berre svakt på hovudet og set seg. Einar smiler. Altfor breitt, synest Ollis. Munnen får liksom ikkje ordentleg plass mellom nasen og haka. Brillene hans er som vanleg fulle av små feittflekkar, og han luktar ei rar blanding av myggspray og kaffi. [...] Einar gjer ein grimase han sikkert trur er morosam, og dyttar korga så langt mot Ollis at ho må bøye seg bakover for å ikkje få ho i andletet.

”Ingen bolle til Ollistrollet?”

Ollis ristar på hovudet. Strekker seg heller etter ei brødskeive.

”Nei, nei, då blir det meir til meg”, seier han og ler den dumme latteren sin. Den som berre består av to små klukk. Altfor lyst. Akkurat som ei damestemme. Kjem ikkje mamma snart? tenker Ollis og kikkar mot kjøkkendøra. (S. 9-10.)

At Ollis her skildrar Einar i negative ordelag, samtidig som ho ser etter mor si, underbyggjer tolkinga av at det er eit problem for Ollis at han er på kjøkenet, der ho ønskjer at mor hennar skal vere. Utover i forteljinga får vi fleire eksempel på at Ollis opplever at Einar har tatt mor hennar sin plass: ”Før var det mamma som stod ved kjøkkenbenken om morgonane og smurde skivene til Ollis. No er det alltid Einar” (s. 77). Når Einar bankar på døra til Ollis sitt rom for å servere ho ein kopp te, er det meste feil:

”Her kjem det litt servering.” Ein kopp dukkar fram under hovudet hans. Det er den gule. Den ingen andre enn mamma bruker.

”Den koppen er mamma sin, altså”, seier Ollis.

”Å, ja. Er han det, ja”, mumlar Einar. ”Det er te i han.”

Han strekker han lenger fram, så døra opnar seg litt meir. Han har kledd seg ut. Han har på seg mamma sitt blomstrete forkle og eit kjøkkenhandkle over armen. Og no oppdagar Ollis at han også har greidd håret i ein sleik. Ho veit ikkje kvifor, men det irriterer ho grenselaust. (S. 104.)

I begge desse passasjane signaliserer ordvalet at Einar ifølgje Ollis ikkje høyrer heime på matlagingsarenaen. Han vert skildra i eit matrelatert språk, men med negativt forteikn: for stor munn, feittflekkar og myggspray blanda med kaffi. Ho tenkjer også at han har kledd seg ut når han har på seg forklede, kjøkkenhandkle og har ordna håret. Det verkar som ei naturleg slutning å trekkje basert på situasjonen. Samtidig rettar denne observasjonen søkjelys mot kjønnsperformativitet og på kva som vert rekna for å vere akseptabel utsjånad og åtferd for ein mannleg karakter innanfor familien.

Butler (2004, s. 94) meiner at all kjønna åtferd er performativ, men gjennom å verte gjentatt fleire gonger vert visse handlingar og uttrykk etter kvart oppfatta som naturlege. Butler nyttar drag, å spele motsett kjønn, som eit eksempel på ei handling som peikar på og utfordrar systemet gjennom å snu dei etablerte kjønnsuttrykka på hovudet. Det er ein semantisk skilnad mellom uttrykka ”å kle seg” og ”å kle seg ut”, men i utgangspunktet er vi alle ”utkledd” (s. 99-100). Einar tar ei rolle som Ollis ikkje godtar, fordi han gjennom utsjånad og åtferd bryt med forventningane og idealbiletet hennar av ein far. Han kler seg ut med forkledet til mammaen og tar over domenet hennar. Gjennom å karakterisere Einar som feminin, understrekar Ollis koplinga mellom morskarakteren og kjøkenet og kritiserer samtidig maskuliniteten hans.

Umandiggjeringa av Einar kan også lesast som eit uttrykk for dragkampen mellom ulike maskulinitetsideal som Romøren og Stephens (2002, s. 232) nemner som eit trekk ved litteraturen i materialet dei har undersøkt. For Ollis sin karakter er denne kampen svært personleg, då det dreier seg om kven som skal vere far hennar. Ho har som nemnt eit fantasiforhold til den biologiske far sin, som vi kan plassere i eit hegemonisk maskulinitetsskjema. Han er far hennar, men han greier ikkje å yte den omsorga som er knytt til farsrolla, og i lys av Romøren og Stephens kan vi seie at det er maskuliniteten som hindrar han.

Karakteren til Einar har derimot mange trekk frå SNMS, det vi på norsk kallar mjuk mann. Blant eigenskapane Romøren og Stephens (2002, s. 225) listar opp for dette maskulinitetsidealet finn vi i tillegg til tidlegare nemnde "other-regarding in interpersonal relations" for eksempel "affectionate", "calm", "self-possessed, but approachable", "attentive", "considerate and respectful of the space and feelings of the (female) other", "supportive" og "playful". Mange av desse eigenskapane kjem til syne gjennom at Einar stiller opp der Borge trekte seg vekk. Han leikar med den vesle sonen sin, tar ansvar for husarbeid og matlaging og vernar om Elisabeth (sjå f. eks. ill. 1, vedlegg). Vi får inntrykk av at han er trygg i maskuliniteten sin. Inntrykket baserer seg på at han meistrar mange ulike situasjonar og vågar å vise kjensler og innrømme feil. På same måte som vi kan setje Borgefar si brestande omsorgsevne i samband med HMS, kan vi seie at det er SNMS som gjev Einar rom til å ta på seg forsørgjarrolla som ein likestilt forelder.

Dragkampen mellom HMS og SNMS, som ender med ei favorisering av sistnemnde, er ein sentral del av oppbygginga til forteljinga om Ollis. Elisabeth har valt Einar, men Ollis vel Borge. Der han har gitt opp eller kjempar med seg sjølv, kjempar Ollis for han. At ho ikkje aksepterer Einar kjem til uttrykk gjennom at ho nektar å ta imot maten han lagar til henne, eller så klagar ho på at han smakar vondt:

Ollis tar ein bit av brødiskiva. Ho kan med ein gong kjenne smaken av feitt, varmt smør i munnen. Ollis brekker seg.

"Hei, hei, hei! Ikkje tulle ved bordet, vel?" seier Einar strengt.

Ollis har hundre gonger sagt at ho ikkje likar smør. Hundre gonger! (S. 77.)

Når Alston (2008, s. 118) skriv at "the parental figures are judged by the quality and amount of food they give to the children", må vi ta høgde for at barnekarakteren kan vegre seg mot å ete maten, sjølv om han etter alt å døme er næringsrik og vert servert til faste tider. På denne måten tar barnekarakteren kontrollen og makta frå vaksenkarakteren. Her er det Ollis som tar kontrollen frå Einar. Maktbalansen vert igjen snudd i Einar sin favør då Ollis bestemmer seg for å rømme til Borge, men vert avvist og må verte redda av Einar i ein dramatisk aksjon ute på fjorden. I bilen på veg heim et ho grådig av maten han har med til henne:

Ollis opnar kjeksboksen og et så smulane sprett. Det er fyrst no ho merkar kor utruleg svolten ho er. [...] Ho proppar i seg nesten alle kjeksa, før handa blir slapp, hovudet bikkar mot døra og ho sovnar som ein stein. (S. 180.)

Borge er aleine att i Hamna og har sagt frå seg farsrolla, medan Einar har vorte akseptert av Ollis. Heime ventar dessutan mamma Elisabeth med varm kakao og ei unnskyldning fordi ho ikkje har prioritert dottera si. Her ser vi igjen eit eksempel på at nettopp kakao kan synast å uttrykkje ein bestemt funksjon, som noko ekstra godt. Til liks med framstillinga i *Hest, hest, tiger, tiger*, går det fram at kakaoen også har ein djupare tydnad. Vi kan seie at han vert sett i samanheng med god omsorgsevne.

Handlinga i *Ollis* følgjer ein kjent heime-borte-heime-struktur, noko som inneber at barnekarakteren ei stund forlèt tryggleiken i heimen for å så å vende tilbake (Alston, 2008, s. 84). Sjølv om det er råd å førestille seg eit mogleg brot med denne strukturen, kan vi hevde at han er med på å leggje forholda til rette for at Einar, og dermed den mjuke mannen, skal ”vinne dottera”. Ollis må finne Borgefar, berre for å miste han, slik at ho, Ian, mamma og Einar kan verte ein familie. Etter den vellukka redningsaksjonen får vi den første skildringa av at alle et frukost saman. Dette skal vi undersøkje nærare når vi no skal vende blikket mot måltidsfellesskapen i dei fire bøkene i materialet.

### 3. Måltidsfellesskapen

Temaet for den tredje delen av analysen er framstillinga av måltidsfellesskapen. Barthes (2008, s. 26) sine ord om at mat har ein tendens til å verte omforma til situasjon kan seiast å vere særleg treffande for måltid. Mykje går føre seg rundt matbordet som ikkje er direkte knytt til eigenskapar ved maten – det er for eksempel ein arena for sosialisering og problemløysing (Alston, 2008), noko som går tydeleg fram i fleire av bøkene. Som nemnt i teorikapittelet meiner Alston at skildringane av måltid kan lesast som ein indikator på familien sin tilstand, etter mottoet ”the family who eat together will stay together” (s. 124). Dette kallar ho ein familiekisje som har slått rot i litteraturen, men som ikkje speglar verkelegheita for mange familiar. Ei utvikling frå fråvære av fellesskap – fordi karakterane ikkje et i lag, ikkje vil ta imot mat eller ikkje er i stand til å snakke med kvarandre – til fellesskap rundt matbordet er eit motiv i fleire av bøkene i materialet mitt. Eit anna motiv som går igjen er deling av mat med andre enn familien. Begge motiva vil verte utdjupa og drøfta i dette kapittelet.

#### Forsoning og samhald i *Ollis*

Vi skal ta opp igjen tråden frå kapittel 2 i analysen og sjå nærare på måltidsfellesskapen i *Ollis*. I samband med drøftinga av Einar sin karakter har vi allereie sett eksempel på måltidssituasjonar som fører til ei form for konfrontasjon mellom Ollis og Einar. Morgonen etter at han har funne Ollis i Hamna og tatt henne med heim igjen til familien et alle ein harmonisk frukost i lag. For første gong i boka får vi ei skildring av at Elisabeth er på kjøkenet når Ollis står opp: ”Ollis kan høyre klirring frå koppar og glas og ei svak nynning. Ho smiler fort til Ian før ho joggar ned dei siste trinna og inn på kjøkkenet. Mamma lyser opp og klemmer begge inntil seg” (s. 183).

Dette kan tolkast som eit uttrykk for eit konservativt ”kvinna sin plass er på kjøkenet-ideal”, slik Alston (2008) finn ein tendens til i materialet ho har undersøkt. Samtidig er det slik at måltidet er ei form for forsoning, og det handlar ikkje berre om Elisabeth si rolle som mor, men om heile familien. Ei av årsakene til at ho ikkje har vore til stades for Ollis i same grad som før er at ho har vore opptatt med å ta seg av veslebroren, Ian. Det verkar dessutan som Einar også er på kjøkenet, så ho har heller ikkje ”tatt plassen tilbake”, noko som ville ha vore eit tydelegare signal i konservativ retning. Likevel er det råkande at ho, for å forsonast med dottera, nettopp står på kjøkkenet og ordnar til mat for første gong på lenge.

Før dei set seg til bords, går Ollis opp på romet til Gro for å skvære opp. Ho har sove over frå dagen før. Seinare forsvinn Gro, Einar og Ian frå bordet etter tur, slik at Elisabeth og Ollis kan snakke uforstyrta saman. Mora bed om unnskyldning for at ho ikkje har vore til stades for Ollis: "[...] Eg har rett og slett vore ei uoppmerksom og ganske dårleg mor. Eg ... Eg er så flau over det og veit ikkje kva anna eg kan gjere enn å be deg om unnskyldning" (s. 187). Her skil Elisabeth sjølv mellom "god" og "dårleg" mor (jf. "good mother" og "bad mother" hjå Alston, 2008). Ho koplar ikkje vurderinga av morsrolla direkte til mat, men til merksemd. At merksemd (eller mangel på merksemd) ofte ser ut til å verte uttrykt gjennom mat bidrar likevel til å signalisere ei slik kopling. Etter unnskyldninga får vi talen om Borge, som er delvis gitt att i analysen av maskulinitetsideal i kapittel 2.

Ollis innser no at ho har akseptert Einar: "Og Ollis kjenner for fyrste gong at det er sant. At dei kan halde fram med å ha det bra. [...] Ho tenker at bryllaupet kanskje ikkje treng betyrlig slutten på alt. Kanskje det heller er byrjinga på noko" (s. 190). Vi veit ikkje om det er redningsaksjonen til Einar eller samtalen med mora som gjev Ollis nytt håp, men det er interessant at Ollis først tenkjer desse tankane etter at ho og mora har vorte vener igjen. "Mother and home, like mother and family, are constantly linked", skriv Alston (2008, s. 78). Også i *Ollis* ber framstillinga preg av at morskarakteren har ei heilt sentral stilling i familien. Det kan synast som mor må vere til stades for at familien skal ha det bra.

Medan frukosten står i forsoninga sitt teikn, er neste fellesmåltid ei bursdagsfeiring med blautkake, raudbrus og gåveutdeling. Til og med familien sine to hundar sit ved piknikbordet (ill. 4, vedlegg). Det er Gro og Einar som har dekt på, og denne gongen nøler ikkje Ollis med å ta imot maten. Tvert imot får ho "vatn i munnen" av å sjå på kaka (s. 201). Slik byggjer matskildringane opp under utviklinga av relasjonen mellom Ollis og Einar. I tillegg til Gro er Borgny invitert. Når familien no får møte Borgny og høyrer om arbeidet hennar med å sortere og oppbevare bortkomen post i huset i skogen, har ikkje Ollis hemmelegheiter lenger. Dette styrkar samhaldet. Berre ein person er ikkje til stades, nemleg Borge. Han er likevel ikkje heilt ekskludert: "Ollis ser på dei og smiler. Kanskje ho kan orke å ha ein postkortpappa, så lenge denne gjengen er resten av familien" (s. 207).

I kva grad dette inneber ein aksept av Borge og fenomenet postkortpappa kan diskuteras. Både hundar og ei rar, gammal dame tar del i måltidet, men han sender berre eit postkort.

Denne gongen skuffar han ikkje, fordi han allereie har vorte utdefinert frå familiefellesskapen etter møtet med Ollis og talen til Elisabeth. Han er ikkje invitert i bursdagen, og ingen forventar at han skal dukke opp. Når historia utviklar seg i denne retninga og ikkje for eksempel til at Borge tar mot til seg og kjem i selskapet han også, byggjer handlingsgangen opp under inntrykket av hegemonisk maskulinitet som usosialt og lite eigna i kombinasjon med familielukke (Romøren og Stephens, 2002). Samtidig kan Borgny seiest å vere ein slags hjelper for Borge, noko vi skal kome tilbake til i det siste analysekapittelet.

Gjennom å dukke opp i bursdagsselskapet tar Borgny eit steg i retning av å verte ein del av samfunnet, sjølv om ho passar på å halde ein viss avstand. Ho plasserer for eksempel stolen sin ”nokre meter bort frå dei andre” (s. 203). Under besøka til Ollis og Gro i huset til Borgny tidlegare i boka får vi fleire skildringar av dei sære vanane ho har utvikla etter å ha budd åleine heile livet. For eksempel kastar ho småkaker i hovudet på Gro (s. 88). Manerane hennar er framleis ikkje heilt i takt med vanleg oppførsel: ”Borgny marsjerer rett bort. ”Eg kan rydde denne”, seier ho til Einar og byrjar å sleike krem og kakerestar frå det store fatet” (s. 207). Borgny sin manglande bordskikk vitnar om at det er rom for fridom frå konvensjonar, samtidig som han markerer eit brot med normer for korleis ein skal te seg i lag med andre rundt matbordet. Denne dobbeltheita, der både fridom og tilpassing vert framheva på ein gong, er også til stades i *Billie*, som vi skal sjå nærare på seinare i kapittelet.

Framstillinga av måltidsfellesskapen i *Ollis* kan beskrivast som ein variant av klisjeen ”the family who eat together will stay together” (Alston, 2008, s. 124), noko oppbygginga av forteljinga understrekar. Familiebanda og måltidsfellesskapen vert sterkare i takt, og fellesmåltida markerer forsoning og samhald. Samtidig seier fellesskapen rundt matbordet noko om kven som vert rekna med i familien. Alston skriv vidare at ”the family table in children’s literature is the ideal place to resolve family problems” (s. 133), og ho viser til fleire eksempel på at tekstar som dreier seg rundt familieproblem og trugsmål om oppløysing av familien sluttar med eit hyggeleg og vellukka fellesmåltid. Dette gjeld også for *Ollis*. Avslutninga av boka stadfestar mønsteret med at situasjonar knytt til måltid synleggjer familien sin tilstand. Dette styrkar også lesinga av dei mindre harmoniske måltidsskildringane som markørar for djupare problem i familien.



## **Anton og draumen om kanelbollar**

Når det gjeld måltidsfellesskapen i *Anton og andre uhell*, kan vi seie at Ole sin familie vert framstilt som eit ideal som Anton vurderer seg sjølv og pappaen opp mot. Vi har sett at Anton ikkje alltid er heilt nøgd med kvaliteten på maten Pål tilbyr han. Han ønskjer seg at faren legg meir omtanke i tillaginga, og han set kvaliteten på maten i samband med omsorg, kjærleik og intellektuell utvikling. Misnøya gjeld også måltidsfellesskapen, sjølv om vi får nokre skildringar av at Anton og faren kosar seg i lag med pizzaen sin. Tendensen er ei utvikling frå eit ønske om meir involvering og kjærleik til eit håp om at dette ønsket kan gå i oppfylgning.

Den første måltidsskildringa vi får i boka er av eit besøk hjå Ole og familien. Anton sitt dårlege samvit vitnar om at noko står på spel:

Hjemme hos Ole er det alltid Ine og jeg som snakker mest. Kanskje er det bollene, eller at Oles pappa er tannlege med lang erfaring i å skjønne hva folk sier med munnen full av hva det skal være – jeg forteller iallfall mer om skolen til Oles foreldre enn jeg gjør til pappa.

Men akkurat i dag får jeg dårlig samvittighet av det. (S. 11.)

Grunnen til det dårlege samvitet er at Anton akkurat har vorte klar over at pappaen kanskje er deprimert, noko han ser på som sitt oppdrag å gjere noko med. Det er likevel interessant at samvitet vert nemnt akkurat i samband med måltidet. Opplysninga tyder på at å sitje saman rundt matbordet vert anerkjent som å dele ein fellesskap som går ut over sjøelve maten, og at denne fellesskapen er noko personleg. Alston (2008, s. 109 og 119) knyter skildringar av mat til tilhøyrslø og lojalitet til familien, to element som kan hjelpe oss til å forstå kva som står på spel for Anton i situasjonen som er sitert over. Nærleiken mellom dei som sit rundt bordet markerer på ein måte også ein avstand eller eit utanforskap i relasjon til andre karakterar, og dette verkar å innebere ein lojalitetskonflikt for Anton.

Pål og Anton et ofte middag framfor fjernsynet. I kontrast til samtalen rundt bollane heime hjå Ole består kommunikasjonen her av korte setningar:

Man-to-man-talk. Pappa og jeg:

Pappa: ”Ja vel?” Jeg: ”Jo da.”

Vi har beina på bordet. Det lukter litt sure sokker og litt svidd pizza. Men alt er bedre enn å snakke om sykkelslanger og gummiulykker.

”Hatt en fin dag?” spør jeg.

”Kan vel ikke klage.” Pappa henter pizzaen og skjærer bort det verste. (S. 14.)

”Sykkelslanger og gummiulykker” refererer til Pål sitt nokså tafatte forsøk på å forklare Anton at han vart til ved eit uhell. Dette sparkar i gang forteljinga om Anton og dannar utgangspunktet for mange såre tankar og mykje prøving og feiling. Truleg kunne mykje av dramatikken i situasjonen ha vorte dempa med ein skikkeleg far-son-samtale, men i staden får vi desse korte replikkvekslingane i sofaen i stova. Trass i at Anton gjev uttrykk for å vere letta over at den alvorlege samtalen er over i denne scena, gjev heilskapsbiletet eit anna inntrykk. Når Anton seinare i boka verkeleg treng å snakke med far sin, er han ikkje der. I staden vert han møtt med ein lapp med beskjed om at Pål jobbar seint og at det ligg pizza i kjøleskåpet. ”Kort sagt; en ekte livskrise – og det eneste man vert møtt med er kald pizza”, tenkjer Anton (s. 132).

Det kan vere fleire årsaker til at Anton fortel meir til Ole sin pappa enn sin eigen. Ole sin familie ser for eksempel ikkje fjernsyn medan dei et, noko som kan bidra til å leggje forholda til rette for prat rundt matbordet. I tillegg nemner Anton sjølv to grunnar: Yrket til far til Ole og at dei et bollar. Koplinga til yrke ber preg av å vere ein vits, men det er likevel eit ledd i samanlikninga Anton gjer av sin eigen og andre familiar, der far hans kjem til kort. Denne samanhengem er godt etablert i boka, sjølv om han ikkje er tydeleg til stades i det siterte utdraget. Også her trekkjer Anton inn yrkestilknytning for å peike på positive trekk ved andre karakterar enn sin eigen far. Når det gjeld samanlikninga med Ole sin familie, er det først og fremst fellesskapen og omsorgsevna som er i fokus – ikkje den sosioøkonomiske statusen, slik som i samanlikninga med familien til Ine. Dette inntrykket vert forsterka av referansane til mat – bollar og heimelaga pizza hjå Ole, og Ine sine svært sunne og forseggjorte nistepakkar.

Fleire av karakterane i *Anton og andre uhell* opptre som typar med ein avgrensa funksjon, meir enn runde karakterar med utviklingspotensiale. Familien til Ole illustrerer det Alston kallar ”the good family” (2008, s. 135), og bollarne er eit sentralt ledd i skildringa av familien og eigenskapane deira. Som eg var inne på i kapittel 2 av analysen ser det ut til at enkelte typar mat kan ha som funksjon å signalisere god omsorgsevne, med heimebaka bollar og varm kakao som dei fremste eksempela frå materialet mitt. Foreldra til Ole vert framstilte som kjærlege og inkluderande, mellom anna gjennom måltida og opplevingane dei deler med Anton og Ine. Kapitlet med tittelen ”Historiske øyeblikk” (s. 92) skildrar ei idyllisk utflukt. Medan heile gjengen kosar seg med å grille pølser og sjølvfiska fisk på bål, dreier praten seg om familie. Ole vil nemleg alltid høyre historia om då han vart fødd. Det er ein del av

tradisjonen på desse turane, og konklusjonen er at familien har alt dei treng i livet saman med kvarandre (s. 94).

Både bollane og samværet rundt bålet set fokus på kjenslefellesskapen som bind Ole sin familie saman. Når Ine og Anton gjev uttrykk for å vere misunnelege på Ole sine foreldre, er det nettopp det tette samhaldet dei peikar på. Ine sine foreldre er mest opptatt av reglar: ”Det er alltid så hyggelig stemning i bilen til Ole. Og det er lov til å spise boller i baksetet. Derfor kaller Ine disse bilturene for ”historiske øyeblikk”. Moren hennes er nemlig ikke så glad i smuler” (s. 92). Anton ønskjer å ha eigenskapane til både mor og far til Ole i sin eigen familie, i tillegg til fellesskapen dei deler. ”Skulle pappa og jeg hatt en dame i huset, måtte det vært en sånn en”, seier han om mor til Ole (s. 11). Far til Ole er som vi har sett god til å lytte, og dessutan ”en sånn pappa som får bålet til å brenne lenge”, noko Anton set stor pris på (s. 94).

Under utflukta bestemmer Ine seg for å telje alle gongene foreldra til Ole klemmer og kysser, noko som fører til ei aldri så lita krise i Anton sitt prosjekt om å redde familien gjennom å skaffe ein kjærast til far sin, eller ”Prosjekt Rette Opp Pappa”:

”Jeg tror ikke på kjærligheten lenger. Den er for sånne folk som sitter på tepper. Sånne som Oles foreldre. De er liksom født til det.”

Jeg holder inne en liten stund mens jeg tenker på store ører og stygge ender, på visne hestehaler og pizzaesker under kjøkkenbenken. (S. 98.)

Ifølgje Alston (2008, s. 119) er dynamikken i litteraturen ho har undersøkt slik at ”the normative is [...] defined through the deviant, whether figured in food, fathers, mothers or family”. Vi kan seie at dette gjeld for *Anton og andre uhell* også, der Anton og faren (og den døde mora) er avviket, medan andre familiar i boka på kvar sin måte representerer ei norm eller eit ideal. I motsetnad til andre karakterar får faren og Anton høve til å endre seg, og utviklinga går i retning av meir fellesskap og omsorg. Når det gjeld familien til Ine, slår dessutan idealbiletet sprekkar når vi får vite at foreldra skal skiljast.

Dei siste måltidsskildringane vi får ber preg av endring og håp, men også ein slags aksept for den sosiale posisjonen til Anton og faren. Følgjande utdrag er frå nest siste kapittel, med tittelen ”Kjærlighet er mye forskjellig”:

Det er mange ting som er fint med pappa. At han liker samme type pizza som meg, for eksempel. Og at han synes det er helt greit å ha beina på bordet.

Men i kveld er det ingen av oss som setter på tv-en. I kveld sitter vi sammen og prater. (S. 238.)

Hendingane i kapittelet før utgjør eit vendepunkt i boka. Anton veit no at faren bryr seg om han, og nærværet under måltidet både markerer denne endringa og sørgjer for å knyte far og son tettare saman. Vi forstår av temaet for samtalen, "[g]anske mye om verdensrommet, og litt om alfahanner" (s. 238), at ho loddar djupare enn dei korte setningane far og son tidlegare har veksla framfor tv-en.

Det kjem også fram at Pål faktisk har møtt ei dame på eiga hand, noko som flyttar Pål og Anton enno eit steg nærare "the good family", representert ved Ole og dei to foreldra hans som alltid har heimebaka bollar på lur. Når Anton no samanliknar eigne familieforhold med Ole sine, er idealet innanfor rekkevidde:

Etterpå kommer Oles familie. Med en diger kurv kanelnurrer. De ser så glade ut, som om de strutter av oxytocin, alle tre. Og som om det alltid er nok til flere.

Faktisk skal jeg også spise kanelnurrer i kveld. Hvis jeg ikke blir for mett, da. For elektrikerens skal komme til oss. Uten å gjøre noe som helst i sikringsskapet. Og hun er visst veldig glad i å bake. (S. 244.)

Med dette stadfestar også *Anton og andre uhell* klisjeen om at den familien som et saman, held saman (Alston, 2008, s. 124). Framstillinga av måltidsfellesskapen byggjer dessutan opp under det heteronormative biletet av kjønn, seksualitet og familie som kom fram i analysen av forsørgjarrolla i denne boka.

### **Frå fri oppseding til strenge rutinar – kontrast og tvisyn i *Billie***

I *Billie* er bevegelsen frå fråvære av fellesskap til fellesskap rundt matbordet knytt til kontrasten mellom det gamle livet med mora og det nye livet med fosterfamilien og direkte kopla til rutinane i heimen. Som eg har argumentert for i analysen av forsørgjarrolla, kan rutinane lesast som eit uttrykk for familien sin tilstand. Når mor til Billie mistar omsorga for dottera, er det mellom anna på grunn av mangel på rutinar. Til forskjell frå Ollis (*Ollis*) og Anton (*Anton og andre uhell*) er det ikkje Bille sjølv som er misnøgd med forholda i heimen:

Jag har aldrig förstått poängen med att alla måste göra allting samtidigt. Hur skal man ens kunna koncentrera sig på att äta när man måste prata under tiden? (S. 26.)

”Jag tycker att alla får gå från bordet”, säger jag. ”Precis när de vill, utan att fråga. Vi äter knappt vid bordet hemma. Jag äter vid tv:n, eller i sängen.” (S. 28.)

Vi kan seie at Billie og mammaen har sine vanar som også er ein slags rutine, utan å vere stramt regulert. I møte med sosialkontoret og familien Persson vert desse vanane vurderte som usunne, både i form og innhald. Billie vert flytta til det som vert rekna for å vere ein normal familie, noko som gjev det gamle eit skin av noko unormalt og feil. Det er nærliggjande å lese denne overføringa frå usunne til sunne matvanar som ein kritikk av oppvekstvilkåra i heimen til Billie og mammaen. Som vi skal sjå, vert også tilhøva hjå familien Persson problematiserte, noko som gjer framstillinga mindre eintydig.

Hjå familien Persson i Bokarp er alle måltid familiemåltid. Dei ulike familiemedlemmane ”har sina bestämda platser vid matbordet” (s. 23), og borna må be om lov til å gå frå bordet når dei er ferdige: ””Hemma hos oss frågar vi om man får gå frå bordet”, säger Petra och fingrar efter halskedjan. Jag förstår at det är viktigt för den här familjen, viktigt på *riktigt*” (s. 28). Alston (2008, s. 126) viser til at måltid opp igjennom historia har vorte sett på som eit høve til å oppdra born, både i og utanfor litteraturen: ”Mealtimes [...] are seen as a powerful way in which to regulate behaviour, to tame children into polite young adults”.

Måltidsfellesskapen hjå familien Persson ber tydeleg preg av ein slik tankegang. Kontroll og måtehald vert løfta fram som ei norm. I tillegg til å sitje på plassen sin til alle er ferdige skal ein forsyne seg med litt av gongen. Ein dag Petra har baka scones til borna når dei kjem heim frå skulen, vert både Billie og Alvar irettesette for å ta for mykje (s. 52). Dette kan tolkast som eit uttrykk for eit konservativt oppsedingsideal, der borna ikkje vert gitt stor fridom til å utfalde seg, men vert forventa å tilpasse seg dei vaksne.

Fellesmåltida legg ikkje berre til rette for oppseding i form av grensesetting, men opnar også for meir likeverdige samtalar mellom karakterane. Familien verkar å ha god tid om morgonen, og frukosten vert inntatt med felles avislesing og diskusjon rundt verdsproblem: ”På bordet låg en dagstidning som de turades om att läsa i. [...] Petra pekade på saker i tidningen som hon ville prata om, till exempel vad som händer i Israel just nu. Det var roligt att diskutera” (s.

38). Også under det første måltidet som Billie og kontakten frå barnevernet et med familien Persson er samtalen ein viktig del, men etterpå vert det påfallande stille: ”Jag hamnar med Cecilia i soffan medan familien plockar undan i köket. Skrammel med porslin hörs, men inga röster. De som var så noga med att samtala vid middagen” (s. 29). Under frukosten undrar Billie seg dessutan over at alt ser ut til å gli *for* lett:

De uppförde sig så fint. Ingen sträckte sig över bordet, alla hjälptes åt att plocka undan. Inte kan de vara så artiga i vanliga fall? tänkte jag. Inte kan väl barnen alltid resa sig upp som på kommando och gå och borsta tänderna i precis lagom tid för att de ska hinna till skolan? (S. 39.)

Her får vi eksempel på to av mange signal lesaren vert gitt om at ikkje alt er heilt normalt hjå familien Persson heller.

Tvert imot er det noko kunstig og tvangsprega over den nye, svært regelbundne normaliteten. Frå utsida står dei fram som ein samansveisa og vellukka familie, men eigentleg herskar det ein svært trykka stemning i huset. Karakterane i familien Persson snakkar saman, men dei snakkar meir forbi kvarandre enn med kvarandre. Dei er ikkje i stand til å møte kvarandre på eit personleg plan, men dukkar i staden inn i seg sjølv og sine egne interesser. Dette gjev framstillinga større kompleksitet og djupn enn den elles dominerande kontrasten mellom to ulike verder først tyder på. *Billie* utfordrar Alston (2008) si inndeling i gode og dårlege familiar gjennom at familien Persson, ein heteronormativ kjernefamilie som et sunn, næringsrik og heimelaga mat til faste tider og i fellesskap også har kjenslemessige problem. Framstillinga er likevel skjematisk og byggjer på kontrastar – som lesarar vert vi langt på veg servert to ytterpunkt.

Det viser seg at familien har ei mørk hemmelegheit, dei har mista ein son og bror i ei ulukke. Billie tenkjer at stemninga i huset og fasthaldinga av rutinane er ein konsekvens av tapet av Casper: ”Tyst blev det. Tråkigt blev det. Mange och Petra började prata om att man ska komma i tid till maten och äta rätt, hela tiden” (s. 127). Rutinane vert noko dei gøymer sorga si bak, og måltidsfellesskapen noko dei tviheld på for å hindre familien i å gå i oppløysing. Når dei endeleg greier å opne seg, skjer det ein laurdagskveld alle som vanleg er samla for ”familiekos” med mat og brettspel. Det er Billie som set det heile i gang med å stille eit spørsmål om Casper, noko som vert eit vendepunkt for familien Persson. Til liks med oppgjeret mellom Ollis og mammaen rundt frukostbordet ber samtalen om Casper bod om

forsoning og betre tider: ”Stämningen är helt annorlunda jämfört med tidigare. Jag ser på familjen runt bordet. De kikar blygt på varandra, som om de nyss träffats. Det här kan vara början på något” (s. 156).

Den frie oppsedinga har gjort Billie sterk. Sjølv om ho kjem frå Stockholm, kan vi samanlikne henne med eit romantisk naturbarn. Ho er ikkje kua av normer og reglar og bryr seg ikkje om ”kunstige” grenser mellom vaksne og born, mellom ”oss” og ”dei”. Ho viser ved fleire høve ei svært inkluderande haldning ovanfor andre karakterar i boka. Vidare har ho ekstra omsorg for dei som fell utanfor samfunnet sine tronge rammer for normalitet, uavhengig av om dette gjeld alder, kjønn, seksualitet, sosial bakgrunn eller andre område. For eksempel oppsøker ho ein karakter som berre vert kalla for ”Finskan”, ein sosialt utstøtt som går for å vere ”galen” og som andre held seg unna. Ved eitt høve skjer dette i kyrkja, noko som opnar for assosiasjonar mellom Billie og ein kristusfigur (s. 99-101). Vi kan seie at ho vert ei redning for fosterfamilien, ein slags frelsar. Familien Persson treng Billie like mykje som ho treng dei. Boka tematiserer såleis også ulike oppsedingsideal og forholdet mellom born og vaksne i familien, der kosthald og måltidsrutinar både vert eit ledd i skildringa av oppsedinga og kva rolle borna inntar i høve dei vaksne karakterane.

Billie si uredde og inkluderande haldning ovanfor andre vert også signalisert gjennom skildringane av kosthald og måltid. På skulen et ho med Nadine, ei frå klassa som held seg litt for seg sjølv (s. 107). Dette skjer rett nok etter at Billie har vorte engasjert av nokre av dei andre til å finne ut kva det er med Nadine. Samtalen under måltidet vert likevel kimen til ein ekte venskap. Trass i at Petra har åtvare mot området som heiter Solkullen, vert Billie kjent med Evin frå klassa som bur der. I motsetnad til andre som er redde, føler Billie seg raskt heime: ”Jag visste nog att det inte skulle vara så farligt som Petra sagt. Lekplatsen på gården liknar vilken lekplats som helst, människorna är alla slags människor. Jag känner mig hemma fast det bara är andra gången jag är här” (s. 69). At ho et og drikk med familien til Evin understrekar dette: ”Mamman är hemma i dag och vill bjuda på sockrigt te” (s. 70) og ”Jag får komma hem till dem igen och äta middag. Jag träffar pappan och lillebrorsan” (s. 106).

Fellesskapen rundt matbordet heng saman med ei kjensle av tilhøyrsløse: ”Food signifies a sense of belonging and the need to belong is intrinsic to children’s literature and of course to family” (Alston, 2008, s. 119). Å ete med andre enn familien kan i forlenginga av dette representere eit trugsmål mot lojaliteten til ”sine egne”. At Billie går i mot Petra sine

formaningar og et med familien til Evin kan tolkast som eit teikn på at ho utforskar den nye staden ut frå sitt eige kompass, for å prøve å finne ut kor ho høyrer heime. Etter den same logikken vert også måltida med familien Persson indirekte eit trugsmål mot fellesskapen mellom Billie og mammaen. At ho tar i mot maten ho vert servert, kan signalisere at ho er villig til å prøve å passe inn. Det gjennomgåande fokuset i boka på Billie sine vurderingar av fosterfamilien sine vanar og rutinar, der matvanane og måltidsfellesskapen får ei heilt sentral rolle, vert eit uttrykk for prosessen med å finne sin eigen plass i det nye.

Som vi allereie har sett teikn til, fører møtet med Billie til endring for fosterfamilien også. I siste kapittel møter vi ein meir avslappa Alvar på sykkeltur med Billie:

Vi cyklar till kiosken på Solkullen och köper godis. Det är vägen där Casper dog. Alvar visar exakt, sedan är det inte mer med det.

[...]

Vi går vidare. Leder cyklarna och äter godis.

”Förra veckan åt jag godis på en tisdag”, säger Alvar.

Han plirar mot mig och stryker tillbaka luggen på det där sättet som jag tycker är gulligt.

”Men idag är vi laglydiga”, säger jag. ”man kan ju inte bryta mot reglerna två gånger under samma månad. (S. 167-168.)

Alvar ler av Billie sin kommentar, og humoren rundt reglane for kosthald viser ei oppmjuking av kontrasten mellom ”god” og ”dårleg” mat og ”gode” og ”dårlege rutinar. I og med at brotet med reglane inneber ei tilnærming til Billie sine vanar kan vi seie at den elles negative vurderinga av kosthaldet til Billie og mammaen dels vert moderert og stilt i eit nytt lys. Dette inneber også at sunnheitsregimet som gjerne vert knytt til høg sosioøkonomisk status og høg kulturell kapital, ikkje utan vidare vinn fram til slutt. Det same gjeld det konservative oppsedingsidealet uttrykt gjennom den streng regulerte åtferda rundt matbordet. Som ei oppsummering kan vi seie at framstillinga av kosthald og måltidsfellesskap i *Billie* både ber preg av kontrast og tvisyn, der budskapet synest å vere at ein middelveg er det beste.

### ***Hest, hest, tiger, tiger* – Lolita-motiv og styrkte familieband**

*Hest, hest, tiger, tiger* skil seg frå dei andre bøkene når det gjeld oppbygging av handlinga, fordi vi her får ei skildring av status quo meir enn ei tydeleg utvikling frå ein slags krise- eller mangeltilstand mot ein meir harmonisk tilstand når det gjeld familien til Honey. Likevel er det slik at fleire av dei mest forsonande måltida kjem til slutt i boka, noko som bidrar til å



understreke eller styrkje familiebanda. Trass i få endringar på familiefronten, finn vi også i denne boka ein tendens til at måltidsskildringane akkompagnerer bevegelsar i handlingsgangen. Vidare er både måltid som arena for problemløysing og djupe samtalar, bollar og kakao som teikn på omsorg og kos og den potensielle risikoen i å dele mat med andre sentrale motiv.

På mange måtar er tittelen til boka ei treffande skildring av familien til Honey, som påpeika i presentasjonen av materialet. Uttrykket vert brukt om ”noget, som ikke er rigtig godt, men som alligevel kunne have været værre” (s. 18). Dette gjeld også framstillinga av måltidsfellesskapen når han vert lesen opp mot Alston (2008) sine observasjonar og tolkingar av kva som kjenneteiknar ein god familie. Mange av situasjonane er omtalte i tidlegare kapittel av analysen og vil ikkje verte gjentatt i detalj her, då fokuset på måltidsfellesskapen ikkje tilfører noko nytt utover det som allereie er kommentert. Kort samanfatta får vi eksempel på eting framfor fjernsynet både hjå far og mor, at Honey og Mikala et åleine fordi mor jobbar seint, at mor og Mikala et saman og Honey åleine og at alle tre et i lag. Det kan også nemnast at fleire av kapitla har titlar som viser til mat og måltid, for eksempel ”Om aftensmad” (s. 9), ”Om morgenmad og prutteprinsessen” (s. 30) og ”Om varm kakao” (s. 122).

Honey deler måltid med fleire karakterar utanfor familien, men det er relasjonen hennar til Marcel som vert vidd størst plass. Møtet med den døande, gamle mannen vert ei skilsetjande oppleving for Honey. Ho tek til å reflektere over livet og døden, kven denne mannen er og kva han har opplevd. Måten tankane hennar vert formulert på etter det første møtet deira viser også det potensielt upassande i situasjonen: ”Jeg havde ikke fortalt mor og Mikala om min bustur. Og slet ikke at jeg havde spist chokolade hos en fremmed mand i undertøj. Men han havde rumsteret i mine tanker lige siden” (s. 31). Også i skildringa av det første møtet er språket ladd:

Manden brummede og lænede sig tilbage i sengen med et skævt smil.

”Aha.” Han rakte ud efter en guldfarvet papæske på bordet ved siden af. ”Spiser du chokolade, Honey?”

Jeg tog et stykke. Det var med karamelfyld og måske noget sprut af en slags. Lidt stærkt, men lækkert. Manden tog også et, og vi tyggede, mens vi holdt øjenkontakten.

”Jeg hedder Marcel,” sagde han, da han havde tygget at munden. [...] (S. 25-26.)

Dei to avtalar at Honey, dersom ho kjem tilbake, skal ta med seg ”en kartoffelkage [...] med marcipan” (s. 27). Det gjer ho, og under dette møtet byrjar Marcel å syngje ein song som inneheld orda ”*Sugar*”, ”*Honey*” og ”*You are my candy girl*”.

Vi har tidlegare sett at Alston (2008) les det å ete mat med andre enn familien som ein slags lojalitetskonflikt, eller at ein sviktar familien. Når ein et mat ein har fått av ein framand, kan dette vidare symbolisere ”a fall into otherness, into the unknown; essentially, into the sexual” (s. 109). Å gje nokon mat kan også ha seksuelle undertonar. Vi kan seie at kvaliteten til maten, skildringa av etinga og delinga av mat i desse scenene gjev konnotasjonar til eit Lolita-motiv. Den frykta som ofte ligg i det framande i barnelitteraturen, kjem her til uttrykk som ei frykt for seksuelt misbruk eller usømmelege handlingar av seksuell karakter. Honey og Marcel får tillit til kvarandre og snakkar saman om liva sine. Den spenninga som ligg i situasjonen om at noko galt kan skje, vert ikkje utløyst. Vi kan seie at forfattaren leikar med frykta vår, og framstillinga av møtet med den framande i *Hest, hest, tiger, tiger* utfordrar oppfatninga vår av kva som er greitt og ikkje. Også i denne situasjonen spelar skildringar av mat og eting ei rolle.

Dei to siste skildringane av fellesmåltid i boka heng saman med at Honey fortel historia om Marcel, korleis ho møtte han og kva relasjon dei har hatt – først til mor si og deretter til far sin. Når Honey kjem heim frå hospicet etter at Marcel er død og ikkje greier å halde tårene tilbake, er det først berre Mikala som er heime. Til ei forandring har ho kjøpt ”snegle”, som er kanelbollar frå bakeri: ”Hun holdt en fedtplettet papirpose frem i strakt arm. Jeg tørrede kinderne i mine ærmer” (s. 119-120). Deretter kjem mora, ho har vore på vaskeriet. Først trur ho Honey har vorte utsett for valdtekt, og ho vert sjokkert når ho får høyre kva som har skjedd, at dottera ”på en måde havde levet et dobbeltliv” (s. 121). Honey må love å aldri gjere noko slikt igjen, og etterpå et dei alle tre av bollane: ”Bagefter græd jeg lidt igen, og mor trøstede mig, og resten af eftermiddagen sad vi alle tre helt tæt i sofaen, Mikala, mor og jeg, og så Matador og spiste kanelgifler og snegle, som egentlig smager ret ens” (s. 121).

I samband med diskusjonen rundt heimelaga mat, kjøpemat, sosioøkonomisk status og omsorgsevne er det råkande at familien akkurat i denne situasjonen et bollar frå bakeri og ikkje berre frå pose. Det kan vere ein tilfeldig detalj, men samtidig samsvarer det med generelle tendensar i materialet til Alston (2008) og denne oppgåva. Heimelaga (eller bakeribaka, som i dette tilfellet), har ein høgare verdi enn kjøpemat, og bollar vert ofte

framstilt som det ultimate teiknet på god omsorgsevne. Vi kan seie at det dreier seg om eit konstruert mathierarki som ikkje nødvendigvis speglar dei reelle skilnadane i smak og kvalitet (jf. Honey sin kommentar om at bollane ”smager ret ens”). Kannelsniglane er ein del av ramma rundt den første djupe samtalen Honey har med ein av foreldra sine. Til no har ho trudd seg til Marcel og diskutert eventuelle problem og dilemma med han. Når ho tidlegare har hatt moglegheit til å fortelje om Marcel til mor eller far sin, har Honey trekt seg inn i seg sjølv og sine eigne tankar (s. 31 og 35-36). Desse måltidssituasjonane har såleis ikkje ført til gode og oppklarande samtalar på same måte som scena som vert gjengitt i avsnittet over.

I det siste kapittelet i boka, det som har fått tittelen ”Om varm kakao”, fortel Honey far sin om venskapen med Marcel. Dette skjer over den første koppen med kakao dei to drikk saman. Det er Honey som spanderer, kanskje for å blidgjere faren før han skal få høyre kva ho har gjort:

”Så for satan,” udbrød far, idet han tog imod kruset og måtte med det samme skifte hånd.  
”Hvad i alverden er det?”

”Kakao,” sagde jeg og smilede. ”Denne er er fra mig, men næste gang giver du. Du skylder mig faktisk.”

Vi gik en længere tur rundt i kvarteret, mens vi drak, og jeg fortalte far historien om Marcel, hvilket han tog temmelig stille og roligt i forhold til mor. Han blev slet ikke sur over, at jeg havde løjet om, hvor jeg var henne. Tværtimod. Det havde han nemlig også altid selv gjort, da han var barn.

”Du er sgu fars pige!” sagde han og knugede mig ind i sin store arm, så min kakao var ved at skvulpe ud over kanten. (S. 125).

Tittelen til kapittelet viser ikkje berre til denne hendinga, men også til det aller siste som skjer i boka. Guten frå klassa som Honey er forelska i, kjem heim til henne hjå mora for å be henne ut på ein kopp kakao. Kakao er såleis eit leiemotiv i boka, som både vert brukt for å illustrere ein mangel hjå farskarakteren og eit bod om nye tider. Bolle- og kakaomotivet vil verte drøfta meir utfyllande til slutt i oppgåva, saman med andre gjennomgåande motiv.

#### 4. Implisitt forfattar og tekstens norm

Etter tre gjennomgangar av materialet frå noko ulike innfallsvinklar, men alle knytte til matmotivet, skal vi no forsøke å samle trådane og løfte blikket. Mat vil ikkje vere i sentrum for merksemda i dette siste kapittelet av analysen, det skal handle om organiseringa av dei litterære universa i dei ulike bøkene og posisjonen til dei forskjellige familiane og familiemedlemmane. Vi skal såleis zoome ut frå enkeltscener og karakterar for å undersøkje konstruksjonen av normer på eit meir overordna nivå i tekstane. Innhaldet i kapittelet vil vere ei kontekstualisering av dei tre føregåande kapitla, med rom for å nyansere og supplere det biletet som har kome fram her.

Romøren og Stephens (2002, s. 226) stiller ei rekkje spørsmål til materialet sitt for å rette fokuset mot strukturar og samanhengar. Følgjande underliggjande spørsmål er særleg aktuelt i samband med denne delen av analysen: *Who wields power in the name of social order?* Kva som vert framstilt som markert og umarkert vil hengje tett saman med dette, noko som også peikar mot maktdimensjonen som ligg i det å portrettere karakterar og miljø. Som vist i teorikapittelet er det nødvendig å skilje mellom forteljaren sitt perspektiv og perspektivet til den implisitte forfattaren (Wall, 2001). Det siste vil bli drøfta i denne delen, fordi det på ein meir overordna måte enn forteljaren legg føringar for kva normer og verdiar bøkene uttrykkjer.

Analysen har vist at skildringar av smak og matvanar er sentrale i framstillinga av sosioøkonomisk status, gjerne i form av kontrastar mellom ulike sosiale grupper og posisjonar. Dette er ein tydeleg del av karakter- og miljøskildringa i tre av bøkene i materialet: *Anton og andre uhell*, *Billie og Hest, hest, tiger, tiger*. Familiane til Anton, Billie og Honey vert alle karakteriserte med låg sosioøkonomisk status innanfor miljøet dei er ein del av. Kvar av dei tre hovudpersonane opplever anten å vurdere seg sjølv opp mot karakterar med høgare sosioøkonomisk status (Anton og Billie), eller å verte utsette for ei slik vurdering av andre (Honey). Både i *Anton og andre uhell* og *Billie* er handlingsgangen slik at dei karakterane som har høgast sosioøkonomisk status innanfor romanuniverset tilsynelatande står fram som vellukka og veltilpassa, mellom anna fordi dei har stabile måltidsrutinar og eit sunt kosthald. Etter kvart vert det likevel klart at desse familiane har kjenslemessige problem. Det viser seg at foreldra til Ine (*Anton og andre uhell*) skal skiljast, noko ho tar med tungt hjarte. Familien Persson (*Billie*) lid under tapet av eit born. I begge bøkene treng desse familiane hjelp frå hovudpersonane våre. Likevel har vi ikkje utan vidare å gjere med

framstillingar der hovudpersonane sine perspektiv vert utfordra, men viser seg å gå sigrande ut til slutt. Biletet er meir samansett enn som så.

På den eine sida kan ei slik utvikling som skissert ovanfor seiast å gjelde for framstillinga av hovudpersonane sin sosioøkonomiske status. Fleire av hovudpersonane startar som underdogar, mellom anna på grunn av den sosiale bakgrunnen dei kjem frå, men ender opp med ei form for aksept for forholda dei lever under. På den andre sida får vi inntrykk av at dei opphavlege heimetilhøva framleis ikkje er gode nok. Hjå Anton og faren (*Anton og andre uhell*) ligg det an til å skje nokre endringar. Pål går for eksempel med på å ”skrive på bananen” til sonen, ein praksis knytt til høgare sosioøkonomisk status, men kanskje først og fremst betre omsorgsevne. Billie (*Billie*) vert framstilt med positive eigenskapar som på sett og vis kan lesast som ei romantisering av bakgrunnen hennar, men mor til Billie vert ikkje ”friskmeldt”, og ho må verte verande hjå familien Persson.

For Honey er familiesituasjonen uendra, og nettopp derfor er det kanskje *Hest, hest, tiger, tiger* som skil seg mest ut når det gjeld framstillinga av både familie og sosioøkonomisk status. Vi får eit realistisk portrett av ein arbeidarklassefamilie. Stereotypiske trekk er til stades i skildringa av kosthald og matvanar også her, særleg hjå far, men totalbiletet av familien verkar meir nyansert enn i dei andre bøkene i materialet. Den sosioøkonomiske statusen til Honey og familien vert likevel skildra som markert. Dei må leve med dårleg råd og kommentarar og blick knytt til eigne vanar på kosthalds- og livsstilsområdet. At desse erfaringane vert tatt med i teksten vitnar om ein implisitt forfattar med medvit om sosiale forskjellar og effekten av dei på individnivå. Det vitnar også om at den umarkerte sosiale posisjonen i samfunnet som heilskap, slik boka framstiller det, er ein annan enn Honey og familien sin.

I *Ollis* vert den sosioøkonomiske statusen til familien framstilt som umarkert, men detaljar som for eksempel mor til Ollis si interesse for historiske kvinner, som vi moglegvis kan lese som eit teikn på ein akademisk bakgrunn, og stilen til Einar med slips og pikétrøye (ill. 1 og ill. 4, vedlegg) kan gje inntrykk av at familien har ein middels eller høg sosioøkonomisk status. Dei ordna forholda under piknikscena, bordet er til og med dekt med ein duk (ill. 4, vedlegg), kan også koplant til middels eller høg sosioøkonomisk status (jf. Alston, 2008, s. 125). Slike ytre forhold vert nemnde, men i liten grad kommenterte i boka, noko som kan tyde på at den implisitte forfattaren har det same utgangspunktet som Ollis og familien.

Temaet familie er gjenstand for mykje uro og samanlikning med andre for hovudpersonane i materialet. Som vi har sett, kjem dette mellom anna til syne gjennom skildringar av mat. Medan den heteronormative kjernefamilien med to sambuande foreldre av motsett kjønn synest å vere ei norm i fleire av bøkene, er det eit fellestrekk mellom karakterane eg tidlegare har omtalt som ”den kloke vaksenkarakteren” at dei står utanfor det tradisjonelle familielivet. Det kan vere fordi dei har mislukkast (Marcel frå *Hest, hest, tiger, tiger*), tar avstand frå det (Signe Salvesen frå *Anton og andre uhell*), bur åleine (Borgny Ur frå *Ollis*), eller har opplevd press som følgje av å bryte med heteronorma (Roya frå *Billie*). Trass i dette gjev dei råd og trøyst til hovudpersonane våre på områda familie og kjærleik. Bodskapen deira er ei romsleg og inkluderande haldning, samtidig som dei oppmodar hovudpersonane til å ta vare på seg sjølve.

Ifølgje Signe Salvesen finst det for eksempel både ”noen gode og noen dårlige” feil (*Anton og andre uhell*, s. 165). Marcel gjer det til sitt ”sidste og høyeste ønske” at Honey for ein gongs skuld skal velje seg sjølv over søstera og gå på klassefest til Philip, som ho er forelska i. Eit løfte som litt seinare vert forseгла med å drikke kakao (*Hest, hest, tiger, tiger*, s. 63-64). Roya fortel Billie om si eiga oppleving av å ikkje passe inn i Bokarp og oppmodar henne om å våge å vere seg sjølv, ikkje ”gå omkring och låtsas” (*Billie*, s. 150). Borgny held ein engasjert tale for Ollis om familiemangfald som avsluttar med at ein familie er ”dei du er glad i, og dei som er glade i deg” (*Ollis*, s. 132). Postkorta frå Borge har alltid påskrifta ”Eg er glad i deg” (jf. ill. 2, vedlegg). Namnelikskapen med Borge, og at det er Borgny som sørgjer for å få postkorta heilt fram til Ollis, gjer det sannsynleg å lese Borgny som ein hjelper for far til Ollis. Ho vert ein slags stadfortredar, like utilpass i sosiale samanhengar, men likevel meir kompetent og tilpassingsdyktig.

Hovudpersonane lyttar til råda dei får frå dei kloke vaksenkarakterane, men det vert forenklande å hevde at tekstens norm, ”det verdisystemet teksten etablerer”, er samanfallande med desse utsegnene (Gaasland, 1999, s. 122-123). Sjølv om Borge (*Ollis*) har ein hjelper i Borgny og vert forsvart av henne og forstått av Elisabeth, står han utanfor familiefellesskapen. Han vert verande einsam, i sterk kontrast til det lukkelege familiemåltidet boka sluttar med. Billie (*Billie*) si erfaring med Bokarp er at der gjeld det å vere ”lagom” og ”som alla andra”: ”Jag säger lagoma saker, klär mig på ett lagomt sätt, äter lagom mycket i matsalen” (s. 68). Alle andre enn Roya bed Billie om å prøve å passe inn, og det går fram at

folk snakkar om slike som skil seg ut. Roya er saman med ei anna dame og har sjølv opplevd det sosiale presset på kroppen (s. 150-151).

Dette er to av fleire eksempel på at normene for familie, kjønn og åtferd generelt i dei litterære universa er trongare enn det som kjem til uttrykk i samtalanane mellom hovudpersonane og dei kloke vaksenkarakterane. Dei uttrykkjer ei trøyst og eit ideal – men sett i samanheng med resten av framstillinga, det vil seie komposisjonen og karakterskildringane, står dette slett ikkje fram som enkle løysingar. Nokre element i bøkene kan gje inntrykk av ein fridom til å velje, til å vere seg sjølv, til mangfald, medan andre element gjev uttrykk for meir konservative haldningar. Det er med andre ord ikkje heilt samsvar mellom det som vert sagt og det som vert demonstrert med eksempel. Vi kan seie at bøkene har ein ”tostemt normstruktur” (Gaasland, 1999, s. 124).

### **”Er man ikke litt feil når man er annerledes?”**

Vi skal avslutte kapittelet med nokre refleksjonar rundt normalitet på eit generelt plan i dei fire bøkene. Litterære framstillingar er ”constructed normality” (Alston, 2008, s. 105), men denne normaliteten, til liks med normalitetsomgrepet, er ikkje nøytral. Å passe inn er eit gjennomgåande tema i *Anton og andre uhell*, *Billie* og *Hest, hest, tiger, tiger*. Det er også til stades i *Ollis*. Alle bøkene har karakterar som vert presenterte som outsiderar, annleis, litt mislukka eller liknande, anten dette er sjølvvald eller ikkje. Dette gjeld for alle hovudpersonane og familiane deira, men utanforskap er også eit sentralt trekk ved andre karakterar. Fleire av hovudpersonane har kroppslege trekk som markerer at dei skil seg ut, Anton er for eksempel liten og har store øyre, Billie har håret forma til dreads, Honey har leppe-gane-spalte og Ollis har rosa bustehår. Av foreldrekarakterane er det særleg mor til Billie og far til Honey som vert skildra med fokus på kroppslege avvik, men dette er også eit tema i skildringa av far til Anton.

Fokuset på kropp er ein av fleire markørar for innanfor- eller utanforskap, eller at ein forsøker å frigjere seg frå slike skilje. Også desse ”avvika” vert bestemt ut frå ei norm, som kan synast å seie noko slikt som unngå å vekkje oppsikt, ikkje skil deg ut, ver passe høg, funksjonsfrisk, ikkje overvektig osv. Følgjande utdrag frå *Billie* rettar søkjelys mot denne smale forståinga av kva som er rett og normalt, her representert ved sosialkontoret. Legg merke til at både kosthaldsrutinar og kjønn og antal foreldre vert nemd:

Det är egentligen inte något större fel på Cecilia, mer än att hon har fått lära sig på sin utbildning att hon behövs i mitt liv. Problemet är att de lär ut att alla så kallade barn är likadana. De tror att jag behöver samma sak som andra tolvåringar, som åker till landet med mamma och pappa på helgerna och som delar en påse chips med tre andra på fredagskvällarna. (S. 12.)

Dei litterære eksempela vi har sett på tidlegare i analysen kan tyde på at dette, sett litt på spissen, er norma for alle. At det først og fremst er normbrota som vert kommenterte, fører til ei negativ markering av visse karakterar og praksisar, for eksempel knytt til låg sosioøkonomisk status, hegemonisk maskulinitet og åleinefedrar.

Dei andre karakterane som vert skildra som sosiale outsidersar, kan bidra til å normalisere hovudpersonane våre, samtidig som dei får høve til å vere kompetente og vise omsorg. Vi kan skilje mellom ei vektlegging av sosiale hierarki og mellommenneskelege eigenskapar, begge relatert til matmotivet. Trass i at ”den kloke vaksne” ikkje bestemmer kva som er normalt og innafor på eit overordna nivå i dei litterære universa, har dei eit privilegium til å setje ord på kva som tel, eller med Billie sine ord ”sådan som är viktigt” (*Billie*, s. 150).

”Er man ikke litt feil når man er annerledes?” spør Ole i *Anton og andre uhell* (s. 189). Trass i alle manglane Anton finn ved seg sjølv og faren, går det fram at Ole er annleis på ein meir djuptgripande måte. Anton kan vise til ei historie om oppdaginga av penicillin, eit eksempel på ein god feil han har lært av Signe Salvesen. Etterpå finn han fram til sitt eige svar:

”Uansett, hvis man liksom forandrer livet til noen, sånn at det blir bedre – da er man nok meningen”, sier jeg. Mest til meg selv.

”Forandrer jeg livet til noen?” Ole ser på meg med håp i øynene.

”Det er klart du gjør”, sier jeg.

”Hvordan da?”

”Ta bollene, for eksempel. I matpakkene dine. Det forandrer mye for Ine og meg.”

(S. 190).

Igjen vert bollane og nistematen nemnde, to motiv som opptre i fleire av bøkene i materialet. Litterære karakterar treng ikkje mat for å overleve, men bollar og alt som er knytt til dei, har kraft til å forandre livet deira.

Det ordnar seg på eit vis for alle hovudpersonane våre til slutt. Etter dei litterære universa sin målestokk er ein kanskje feil dersom ein er annleis, men ein kan likevel finne plassen sin.



Fokuset på manglar kan bidra til å skape konflikter og drive handlinga framover. Likevel er det grunn til å undre seg over kvifor hovudpersonane og familiare deira får ein utsett sosial posisjon i utgangspunktet – og kva dette har å seie for framstillinga eller den litterære representasjonen av visse grupper og miljø.

## E. Oppsummering og drøfting av funn

Som barnelitterært motiv er mat metta med meining. Med Barthes (2008, s. 26) kan vi seie at mat best kan forståast som situasjon. Det dreier seg altså ikkje berre om gjenstandar i form av matvarer, men også praksisar og stader: "Eating [...] represents an important space for social relations to occur" (Fischler & Masson, 2010, i Sato m.fl., 2015, s. 175). Nettopp dei sosiale relasjonane har vist seg å vere sentrale i analysen av korleis matmotivet fungerer i dei fire barneromanane som utgjer materialet for oppgåva. Vi har sett at matvanar og rutinar kan vere uttrykksfulle detaljar i karakter- og miljøskildringar, mellom anna fordi dei ser ut til å konnotere klassetilhørsle, omsorgsevne og familien sin tilstand gjennom det vi med eit lånt uttrykk frå Romøren og Stephens (2002, s. 220) kan kalle "metonymic configurations". Det vil seie at skildringane av mat og måltid kan bidra til å aktivere eit større bilete av ein karakter eller ein familie.

I denne siste delen av oppgåva skal vi ta opp igjen og samanfatte tre sentrale motiv frå analysen av bøkene: emballasjemotivet, bollar og kakao og norma om måtehald. Fokuset på kontrastar og manglar og visse karakterar sin utsette posisjon i dei litterære universa vil verte drøfta opp mot representasjon. Desse motiva går på tvers av fleire av bøkene i materialet og heng tett saman med dei ulike elementa i problemstillinga: *Kva kommuniserer skildringane av matvanar og måltid om familie, kjønnsroller og sosioøkonomisk status i fire skandinaviske barnebøker utgitt mellom 2015 og 2017?*

Emballasjemotivet refererer til observasjonen om at maten i familiane til Anton frå *Anton og andre uhell* og Honey frå *Hest, hest, tiger, tiger* vert skildra med fokus på form over innhald, på ein slik måte at forma kan skape konnotasjonar til låg sosioøkonomisk status. Den stadige gjentakinga av tomme øskjer, boksar og posar er påfallande. Dersom vi følgjer Bourdieu (2010) si inndeling av smak og matvanar, er eit fokus på form og presentasjon av maten særleg knytt til høg sosioøkonomisk status. Dette finn vi også eksempel på i materialet, noko som kan seiast å gjere emballasjefokuset til ein markør for både eit ideal og brotet med det. På denne måten vert kosthaldet i dei nemnde familiane skildra gjennom ein slags dobbel mangel. Alston (2008, s. 119) peikar på den same mekanismen når ho argumenterer for at det å vere eller gjere noko annleis enn norma i dei fleste av bøkene ho har undersøkt ikkje fører til ei utviding av rammene for akseptabel åtferd, men heller bidrar til å oppretthalde dei.

Det verkar som ei gjentatt påpeiking av form, eller ytre kjenneteikn, som regel skal lesast som noko negativt. I vid tyding kan emballasjemotivet også inkludere kroppane til far til Honey og mor til Billie. Alle manglane deira som omsorgspersonar vert manifestert i skildringar av kroppslege avvik. Effekten er den same som ved emballasjefokusert knytt til mat, ei dobbel markering av at noko er feil i høve normer og ideal for foreldrekarakterar. Det er dei indre kvalitetane som tel, for eksempel næringsrik mat og god omsorgsevne, men der dette manglar, får vi eit fokus på form. Dette gjeld ikkje berre karakterar med låg sosioøkonomisk status. Heimeforholda, og til dels kroppane til Petra Persson frå *Billie* og familien til Ine frå *Anton og andre uhell* vert skildra som svært ryddige og polerte. Som notert i kapittel 4 av analysen, er det middelklasseperspektivet, eller meir generelt ”passeleg mykje” som vert framstilt som umarkert.

Dette fører til ei dels negativ framstilling av både kosthald, kroppar og heimeforhold for karakterar med høvesvis låg og høg sosioøkonomisk status. Førstnemnde vert gjerne skildra med eit usunt kosthald, usunne vanar – alkohol, tobakk, anabole steroid og overvekt, mangel på rutinar og ein rotete heim, medan sistnemnde vert skildra med rigide vanar og glatte og polerte kroppar og heimeforhold. Når det gjeld dei usunne matvanane og rotet, er dette i tråd med Alston (2008) sine observasjonar av kva som kjenneteiknar ein dårleg familie. At også ryddige forhold og sunne matvanar kan vere eit teikn på familieproblem ser derimot ut til å vere eit særtrekk ved den skandinaviske barnelitteraturen i materialet mitt. Det er likevel mykje som tyder på at vi langt på veg har å gjere med stereotypiske framstillingar av familie, kjønn og klasse også her. Dette til trass for at vi kan skilje mellom det vi kan kalle ein ytre og ein indre logikk i dei litterære universa, noko som gjer karakterskildringa og normstrukturen meir nyansert enn det kan verke som på overflata.

Det kan verke som det er slik at praksisar som i røynda førekjem i alle lag av samfunnet vert knytte til visse grupper i litteraturen, på ein slik måte at dei kjem til å skilje seg ut, mellom anna fordi det gjeld å vere som ”alle andre”. Paradoksalt nok er det nettopp ”alle” sine vanar som vert nedvurderte. I ein artikkel i Morgenbladet peikar Døving (2018, s. 58) på korleis ein ny matrett, først når han vert omfamna av alle, vert nedvurdert og kommentert ut frå eit sunnheitsperspektiv. Utgangspunktet er middelklassen, som gjerne er dei første til å prøve ut nye rettar, men utan at ernæring er ein del av diskursen i førstninga. Poenget hans er at ein del av førestillingane våre om sunt og usunt ikkje er rasjonelle eller vitskapleg funderte, men basert på feilslutningar og djupast sett uttrykk for moralisme. Slik som i dei barnelitterære

eksempela vi har undersøkt, dreier det seg om ”dimensjonene tid, rom og person”. Vi kan også leggje til måte, slik at vi skil mellom når, kor, av kven og korleis maten vert inntatt: ”Pizza spises med hendene (feil (til middag)), foran tv-en (feil), laget av Stabburet (feil), spises av De andre (feil). Fire feil er feit” (s. 58). Desse ulogiske koplingane vert reproduserte i bøkene i materialet, og på grunn av at sunnheit er eit ideal og usunne matvanar vert eit ledd i skildringa av låg sosioøkonomisk status og dårleg omsorgsevne, får også dei litterære framstillingane eit moralistisk islett.

Enkelte typar mat ser også ut til å ha ein funksjon uavhengig av karakterane sin sosiale posisjon. Dette vert understreka av felles konnotasjonar på tvers av bøkene i materialet. Det gjeld bolle- og kakaomotivet, der kakaoen er det som vert gjentatt i størst utstrekking. Vi kan sei at det finst ulike matdiskursar (Ochs et al., 1996, i Sato m.fl., 2015, s. 179). Bollar og kakao ser ut til å vere uttrykk for god omsorgsevne, kos og løn. Matmotivet er også relatert til karakterane si samhandling, noko som for eksempel inneber at ein kan halde tilbake eller nekte å ta imot mat. På denne måten kan noko som i utgangspunktet vert framstilt som positivt, få ein negativ tydnad også når det er tale om mat som funksjon. I analysen har vi sett ulike eksempel på at både bollar og kakao vert sett i samband med manglar og slik kan seiast å uttrykkje ei nedvurdering av visse karakterar si omsorgsevne.

Dersom vi undersøker bollemotivet i eit kjønnspektiv, vert det tydeleg at det hovudsakleg er dei kvinnelege karakterane med forsørgjaransvar som vert forventa å bake i bøkene. Dette kjem til uttrykk på ulike måtar, mellom anna gjennom skildringar av at dei bakar, eller eit uttrykt ønske om at dei skal gjere det, og gjennom negative karakteristikkar av kjøpebollar. På denne måten vert kvinna i større grad enn mannen plassert på kjøkenet. Ifølgje Alston (2008) er det framleis ei sterk kopling mellom kvinna, heimen og familien i barnelitteraturen, noko matmotivet i grove trekk kan seiast å byggje opp under. Vi finn også eksempel på likestilte familiar der farskarakterane tar sin del av ansvaret for matlaging. At særleg åleinefedrane vert framstilte med manglande evner og interesse for matlaging bidrar likevel til å vidareføre stereotypiske kjønnsrollemønster og konservative familieideal, og vi har dels å gjere med ei nedvurdering av mannen og særleg åleinefaren som omsorgsperson. Som vi har sett er det eit fellestrekk mellom dei mannlege karakterane som slit med forsørgjar- og omsorgsrolla at dei passar inn i eit hegemonisk maskulinitetsskjema, noko som inneber eigenskapar som kan signalisere ei usosial framferd (Romøren og Stephens, 2002, s. 220).

Måtehald ser ut til å vere ei gjennomgåande norm i bøkene i materialet. Dette inneber som kommentert ovanfor ei problematisering av to ytterpunkt når det gjeld mengda og kvaliteten til maten, både mangel på grensesetting og for strenge grenser. Det kan verke som bolle- og kakaomotivet er unntatt frå denne typen vurdering, men samtidig kan vi seie at norma om måtehald nettopp er ein føresetnad for ei markering av visse typar mat og måltid som kos. Slik mat må nødvendigvis vere noko anna enn det vanlege. Norma om måtehald og måten ho kjem til uttrykk på i litteraturen, kan lesast som ei stadfesting av ”passeleg mykje” som utgangspunktet for vurderinga av karakterar, vanar og miljø.

Til ein viss grad går framstillinga av vellukka måtehald og rutinar på tvers av sosiale skiljelinjer knytt til sosioøkonomisk status og kjønn, men spenninga mellom passeleg og for mykje er ein sentral del av framstillinga i fleire av bøkene. I *Hest, hest, tiger, tiger* er denne spenninga for eksempel knytt til nødvendighet som følgje av trong økonomi, kjønnsroller og ein verdikonflikt mellom skulen som institusjon og vanane til Honey, Mikala og mora. Bourdieu (2010) sine smakskategoriar, der han skil mellom ein nødvendighetssmak og ein fridoms- eller luksussmak har vist seg å vere nyttige for å gje eit språk til å snakke om sosiale forskjellar få auge på mønster og bevegelsar i litteraturen. Vi finn også interessante samanlikningspunkt mellom diskursen rundt mat i samfunnet utanfor bøkene og dei litterære framstillingane, for eksempel når det gjeld heimelaga mat og sunn mat. Uavhengig av smakskategoriane, Bourdieu si kopling til sosioøkonomisk status og seinare understreking av kulturell kapital som ein tilleggsfaktor, og uavhengig av samanlikning med samfunnet utanfor, kan vi seie at måtehald er det som står att som ”minste felles multiplum” i bøkene i materialet.

Det er kanskje ikkje tilfeldig at det nettopp er *Hest, hest, tiger, tiger*, den danske boka i materialet, som klarast unndreg seg eintydige klassifiseringar i godt og dårleg. Som nemnt fleire gonger tidlegare i analysen, kan vi seie at særleg framstillinga av heimetilhøva hjå mor til Honey går i dialog med ei slik skjematisk inndeling. Goga (2013, s. 236) peikar på danske forfattarar og illustratørar som dei fremste barnelitterære utfordrarane til ”what can be regarded as a moral and self-righteous Scandinavian welfare state”. *Hest, hest, tiger, tiger* kan også stå som eit eksempel på at konservative strukturar, tronge normer og sosialt urettvise ideal er til stades i litteraturen, men på ein slik måte at dei vert peika på meir enn tatt for gitt. I og med at ”å passe inn” er eit tema i alle bøkene, og refleksjonar rundt familie er ein sentral del av dette prosjektet, kan vi seie at heile materialet til ein viss grad tematiserer kva som er

normalt og unormalt. Trass i at den uttalte konklusjonen, som nemnt i kapittel 4 av analysen, på eit vis er at normalitet er mykje forskjellig, peikar andre delar av framstillingane mot at nokon sin normal er meir utsett enn andre.

*Billie* er den av bøkene som behandlar normalitet mest eksplisitt. Med tanke på ”middelvegen” som rådande norm i fleire av bøkene, er det interessant at framstillinga her er basert på kontrastar mellom to ytterpunkt. Fråveret av noko midt i mellom kan lesast som ein kritikk av middelklasseperspektivet som elles dominerer i mykje barnelitteratur. Vi kan seie at boka tematiserer ulike oppsedingsideal og ulike barndomar. Warnqvist (2015, s. 23-25) peikar på ei auka interesse for sosialrealisme og samfunnsspørsmål i ny, svensk barnelitteratur. Nye perspektiv fører for eksempel til ei nyansering av det rådande biletet av innvandrarområde som problemområde, eller ein kan stille ”villabarnens och höghusbarnens olika erfarenheter och livsvillkor mot varandra”. *Billie* gjer alt dette, samtidig som begge ytterpunktta vert overdrivne.

Alle hovudkarakterane har ein utsett posisjon, og det kan hevdast at mykje av det litterære potensialet i forteljingane ligg nettopp her. Karakterar som for eksempel Kevin i klassen til Anton frå *Anton og andre uhell*, ein gut som har utsjånaden med seg og (kanskje derfor) har ein høg sosial posisjon i klassen, får sjeldan vere hovudpersonar. Dette kan bidra til å skape eit inntrykk av at slike gutar ikkje opplever problem eller utfordringar. Samtidig er det problematisk at karakterar med HMS-maskulinitet og karakterar med låg sosioøkonomisk status hovudsakleg vert representerte på ein negativ måte, gjennom eit fokus på avvik. Mor til *Billie* (*Billie*) er kanskje det sterkaste eksempelet på ein karakter som mislukkast på alle måtar. At denne boka er den første i ein serie gjev likevel rom for å utfordre inntrykket lesarane får av henne seinare.

Konklusjonen, etter å ha undersøkt framstillinga av familie, kjønn og sosioøkonomisk status med utgangspunkt i skildringane av kosthald og matvanar, må likevel vere at vi finn spor av konservative normer og ideal og ein viss grad av moralisme på desse områda. Også kompleks og moderne skandinavisk barnelitteratur opererer med tilvande strukturar, som berre vert utfordra i varierende grad. Ein medverkande årsak til dette kan vere at litterære matvanar, slik som matvanar flest, kjem av ”custom and tradition” (Alston, 2008, s. 112). Medan familie, kjønn og til dels sosioøkonomisk status er vanlege tema i det offentlege ordskiftet, både knytt til litteratur og i samfunnet generelt, er ikkje mat som motiv, uttrykksform, eller

identitetsmarkør like mykje omtalt og utforska. Kanskje treng vi eit auka medvit på dette området, noko meir forskning på mat i barnelitteraturen kan bidra til.

Fokuset på godt og dårleg og strukturen i dei litterære framstillingane der avvik stadfestar norma, har også mykje av skulda for dei konservative innslaga. I tråd med Alston (2008) sine funn kan vi seie at det er slik at strukturane ikkje let seg endre like lett som motivet:

[...] what remains strikingly similar is the all-important disciplinary subtext of family ideology: children should be brought up in loving respectful families, preferably by two parental figures, and an experienced reader will be able to recognize a 'good' family by the idealized home in which it lives, by its shared spaces, and by the food it consumes. (S. 135.)

Dette tyder ikkje at vi ikkje finn ei viss utforsking av andre alternativ, men dei fleste ser ut til å vende tilbake til eit idealbilete av familien. Med eit lånt omgrep frå Butler (2004, s. 99) kan vi seie at det berre i liten grad ser ut til å dreie seg om "subversive" framstillingar av kjønn og familie. Likevel kan det vere mogleg å lese normbrota på ein annan, mindre dogmatisk måte enn Alston (2008) ser ut til å ende opp med. Vi kan spørje oss om det er nødvendig med fullstendig omvelting, eller om det kan tenkjast at mange nok normbrot til slutt må føre til ei utviding av norma. Samtidig kan ein annan konsekvens vere ei gjentatt stigmatisering av dei som fell utanfor, særleg dersom det ofte gjeld dei same gruppene av karakterar. Vi kan i alle fall vere vare for den fleirstemmigheita som, trass alt, finst i fleire av framstillingane, slik analysen av tekstens norm har peika på.

## F. Litteratur

### *Primærlitteratur:*

- Kadefors, Sara (2016). *Billie: Avgång 9.42 till nya livet*. Sockholm: Bonnier Carlsen
- Neerlin, Mette Eike (2015). *Hest, hest, tiger, tiger*. København: Høst & Søn/Rosinante & Co
- Skretting, Gudrun (2016). *Anton og andre uhell*. Oslo: Aschehoug
- Thon, Ingunn (2017). *Ollis*. Oslo: Samlaget

### *Sekundærlitteratur:*

- Alston, A. (2008). *The Family in English Children's Literature*. England: Routledge
- Bache-Wiig, H. & S.H. Linhart (2012). Barne- og ungdomslitteratur. I Andersen, P.T., G. Mose & T. Norheim (Red.). *Litterær analyse. En innføring (189-212)*. Oslo: Pax Forlag
- Barthes, R. (2008 [1961]). Towards a psychosociology of contemporary food consumption. I L. C. Rubin (Red.), *Food for Thought: Essays on Eating and Culture* (s. 20-27). McFarland: Jefferson, North Carolina
- Bourdieu, P. (2010 [1979]). *Distinction. A Social Critique of the Judgement of Taste*. London/New York: Routledge
- Butler, J. (2004). Bodily Inscriptions. Performative Subversions. I S. Salih (Red.), *The Judith Butler Reader* (s. 90-118). Malden Mass.: Blackwell
- Døving, R. (2018, 6. april). Forestillinger om sunt og usunt. *Morgenbladet*, s. 58
- Goga, N. (2013). Children and Childhood in Scandinavian Children's Literature over the Last Fifty Years. I Grilli, G. (Red.), *Bologna. Fifty Years of Children's Books from Around the World* (s. 235-252). Bologna: Bononia University Press
- Gullikstad, B. (2013). Interseksjonalitet – et fruktbart begrep. *Tidsskrift for kjønnsforskning* 37(1), 68-75. Henta frå [https://www.idunn.no/tfk/2013/01/interseksjonalitet\\_-\\_et\\_fruktbart\\_begrep](https://www.idunn.no/tfk/2013/01/interseksjonalitet_-_et_fruktbart_begrep)
- Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter. Innføring i litterær analyse*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hallberg, K. (1982). Litteraturvetenskapen och bilderboksforskningen. *Tidsskrift för litteraturvetenskap* 3-4, 163-168
- Helse- og omsorgsdepartementet (2017). Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold 2017-2021. Sunt kosthold, måltids glede og god helse for alle! Henta frå



- [https://www.regjeringen.no/contentassets/fab53cd681b247bfa8c03a3767c75e66/handlingsplan\\_kosthold\\_2017-2021.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/fab53cd681b247bfa8c03a3767c75e66/handlingsplan_kosthold_2017-2021.pdf)
- Herrnstein Smith, B. (2016). What Was "Close Reading"? A Century of Method in Literary Studies. *Minnesota Review* 87, 57-75. Henta frå <https://muse.jhu.edu/article/633173>
- Iser, W. (2006). Reception Theory. I W. Iser. *How to do theory* (s. 57-69). Malden MA: Blackwell
- Keeling, K.K. & S. T. Pollard. (2009). Introduction: Food in Children's Literature. I Keeling, K.K. & S. T. Pollard (Red.). *Critical Approaches to Food in Children's Literature*. (s. 3-18). New York: Routledge
- Kittang, A., A. Linneberg, A. Melberg & H.H. Skei (Red.). (1993). *Moderne litteraturteori. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget
- Kittang, A., A. Linneberg, A. Melberg & H.H. Skei (Red.). (2003). *Moderne litteraturteori. En antologi*. Oslo: Universitetsforlaget
- Lein, M. (2012, 29. november). Hvem lever sunnest i norden? *Norsk Helseinformatikk*. Henta frå <https://nhi.no/kosthold/ernaring/hvem-lever-sunnest-i-norden/>
- Mjør, I. (2012). Barnelitterære ryggmargsrefleksar. Innspel til forskingshistorie – perspektiv på forskning og kritikk. I *Nordic Journal of ChildLit Aesthetics*. Vol 3, 2012. doi: 10.3402/blft.v3i0.20084
- Myrén, V. (2015). Barnperspektiv på samtiden. *Opsis Barnkultur* Nr 4, 2015, s. 4-11. Stockholm: Opsis kalopsis AB
- Nikolajeva, M. (2000). *From mythic to linear. Time in children's literature*. Lanham, Md., & London: The Scarecrow Press
- Nordisk Ministerråd (2006). Et bedre liv gennem mad og motion. Nordisk Handlingsplan for bedre sundhed og livskvalitet gennem mad og fysisk aktivitet. Kortversion. Henta frå <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:701607/FULLTEXT01.pdf>
- Odenbring, Y. (2015). Kön, sexualitet och klass i bilderboken. Exemplet Lill-Zlatan och morbror raring. *Barn* Nr 1, 2015, s. 59-71. Henta frå [https://www.ntnu.no/documents/1272099285/1278526106/BARN\\_nr1-2015\\_odenbring.pdf/96dbb135-1f91-4568-8dcc-90a31c0dfd14](https://www.ntnu.no/documents/1272099285/1278526106/BARN_nr1-2015_odenbring.pdf/96dbb135-1f91-4568-8dcc-90a31c0dfd14)
- Romøren, R. og J. Stephens (2002). Representing masculinities in Norwegian and Australian young adult fiction: a comparative study. I Stephens, J. (Red.), *Ways of Being Male: Representing Masculinities in Children's Literature and Film* (s. 216-133). London: Routledge

- Salih, S. (2004). Introduction. I S. Salih (Red.), *The Judith Butler Reader* (s. 1-18). Malden MA: Blackwell
- Sato, P. de M., Gittelsohn, J., Unsain, R. F., Roble, O. J. & Scagliusi, F.B. (2015). The use of Pierre Bourdieu's *distinction* concepts in scientific articles studying food and eating: A narrative review. *Appetite*, Vol. 96, 2016, 174-186. doi: <https://doi.org/10.1016/j.appet.2015.09.010>
- Smidt, J.K., T. Vold & K. Oterholm (Red.). (2013). *Litteratursosiologiske perspektiv*. Oslo: Universitetsforlaget
- Thon, J. H. (2005). Litteratur og samfunn. *Edda* 92(3), 205-209. Henta frå [https://www.idunn.no/edda/2005/03/leder\\_litteratur\\_og\\_samfunn](https://www.idunn.no/edda/2005/03/leder_litteratur_og_samfunn)
- Wall, B. (1991). Introduction. I B. Wall, *The Narrator's Voice. The dilemma of children's fiction* (s. 1-19). Basingstoke: Macmillan Academic and Professional LTD
- Warnqvist, Å. (2015). Barnboken som samhällsspegel – om sociala skillnader i barn- och ungdomslitteraturen. *Opsis Barnkultur* Nr 4, 2015, s. 22-25. Stockholm: Opsis kalopsis AB

## Vedlegg 1

Alle illustrasjoner er henta frå *Ollis*, av I. Thon, 2017, Oslo: Samlaget. Reproduisert etter avtale med illustratør Nora Brech.



Ill. 1 (s. 11).



Ill. 2 (s. 44).

III. 3 (s. 166).



III. 4 (s. 202).

